



VOLDA KOMMUNE

Kulturmiljøplan 2023-2027



Revisjon etter høyring januar 2023

Innhald

Forord	5
Innleiing.....	6
Målsetjingar og organisering	6
Fokusområde og organisering.....	7
Samordning av planane.....	8
Oppbygging av planen.....	9
Definisjonar	9
Overordna føringar, anna lovverk og eksisterande planar	10
Lokale føringar:	10
Aktørar, roller og ansvar i kulturminnearbeidet	11
Økonomiske støtteordningar.....	12
Kunnskapsgrunnlag.....	13
Kvifor ta vare på kulturminne?	13
Utfordringar framover.....	13
Kulturhistorie og utvalde kulturminne.....	15
Arkeologiske kulturminne	15
Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi.....	15

Kyrkjer og kyrkjestader	18
Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi.....	19
Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi.....	20
Jordbruk, utmarksdrift og fiske.....	22
Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi.....	26
Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi.....	27
Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi	28
Kulturell infrastruktur- skular, forsamlingshus og kulturanlegg	38
Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi.....	41
Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi	41
Tekniske og industrielle kulturminne	46
Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi.....	51
Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi.....	53
Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi	53
Samferdsel, handel, service og kommunikasjon.....	57
Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi.....	60
Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi	63
Enkeltojekt, samlingar og museum	71
Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi	71



Krigsminne og minnesteinar	75
Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi.....	76
Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi	76
Kulturmiljø og kulturlandskap	81
Tettstaden Volda	81
Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi.....	82
Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi.....	85
Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi	87
Viddal, Bjørke og Skjåstaddalen.....	97
Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi.....	97
Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi.....	98
Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi	99
Immateriell kulturarv	101
Musikk, song og dans.....	101
Kunst og handverk.....	103
Mat og drikkekultur.....	106
Skriftkultur	106
Fotografi	107
Stadnamn.....	110

Bunad- og folkedraktskikk.....	111
Kometland	112
Handlingsplan	113
Referansar.....	114
Vedlegg- liste kulturminne	118

Bilete på framsida:

- *Honndøla bru, foto: Svein Otto Espe*
- *Garvarbuda, foto:*



Forord

«Gjennom ca. tolv tusen år har menneske levd, virka og sett spor etter seg i det som i dag er Norge. Mange av spora er forsvunne, dels på grunn av erosjon, forvitring og gjengroing, og dels på grunn av aktivitetane til dei generasjonar som har kome etter. Kulturminne og kulturmiljø som er her i dag, er resultat både av tilfældigheiter og av at ein bevisst har valt å ta vare på dei. Desse kulturminna er uerstattelige kjelder til kunnskap og opplevingar. Dei omfattar alt frå element i kulturlandskapet, som gravhaugar og steingjerder til bymiljø og tekniske og industrielle anlegg. Desse spora, og samanhengen mellom dei, er ein del av det levande samtidsmiljøet og utgjer også eit viktig grunnlag for morgondagen sitt samfunn.

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar. Blir dei øydelagt eller fjerna, er dei tapt for alltid» (Mld. St. 35 (2012-2013)).

Bru langs den gamle vegen over Brekka. Foto: Per Arild Bjørkedal.



Innleiing

Dei tidlegare kommunane Hornindal og Volda utarbeida og vedtok kvar sine kulturminneplanar i 2016 og 2017. Frå 01.01.2020 vart Volda kommune og Hornindal kommune slått saman til ein kommune.

Kommunegrensa mellom Volda og Ørsta vart på same tid, justert slik at grunnkrinsen Bjørke og Viddal i Ørsta, vart ein del av den nye Volda kommune. Som følgje av kommunesamanslåinga er det behov for å samordne kulturminneplanane og utarbeide eit nytt planverk.

Prosessane knytt til arbeidet med kulturminneplanane var omfattande og gode i begge dei to tidlegare kommunane. Dei er også av relativt ny dato, det er derfor vurdert at ein i denne omgang ynskjer å slå saman dei to planane til ein felles *kulturmiljøplan* for kommunen. I samband med stortingsmeldinga Nye mål i kulturmiljøpolitikken (Meld. St. 16 2019-2020) er omgrepet «kulturmiljø» innført som eit samlenemning for «kulturminne, kulturmiljø og landskap». Ein nyttar derfor no omgrepet «*kulturmiljøplan*» i staden for «*kulturminneplan*».

I arbeidet med den samordna planen er det tatt utgangspunkt i materialet som tidlegare er innhenta og utarbeidd i prosessane med kommunedelplanane. Kulturmiljøplanen har status som ein *temaplan*.

Målsetjingar og organisering

Volda kommune har kulturminne og kulturmiljø av både nasjonal, regional og lokal verdi. Å ta vare på desse minna om fortida er svært

viktig, fordi det er identitetsskapande og gjev kjensle av tilhøyrse hos innbyggjarane. Planen skal bidra til å fremje forståing av kva verdi kulturminna har for vår felles historie og identitet, og vil på denne måten vere med på å vidareføre kulturarven vår. Ei kartlegging vil gje innbyggjarane ny kunnskap og informasjon om kulturminna i dei ulike bygdelaga, og gje kommunen betre grunnlag for å ta vare på desse. Kulturminna påverkar ein stor del av kommunen si verksemd: Både plan- og byggesak, eigedomsforvaltning, formidlingsarbeid, næring og utvikling har kulturminne som ein del av sitt fagområde. Planen skal gje kunnskap og prioritering, og ikkje minst – planen er eit viktig reiskap i plan- og byggesakshandsaminga.

Ved å ha ein politisk vedteken kulturminneplan legg ein føringar for korleis ein seinare skal ivareta omsynet til kulturminne og kulturmiljø i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Målsettinga må vere å kunne utvikle eit moderne Volda og samtidig ha evne til å ta vare på historia og identiteten vår.

Volda kommune sin kulturminneplan vart vedteken i 2017 og hadde følgjande målsetjingar for planen:

- kartleggje kulturminne med nasjonal, regional og lokal verdi
- få auka kunnskap og kompetanse om kulturarven
- fremje forståing av kva verdi kulturminna har for vår felles historie og identitet, og på den måten vere med på å vidareføre kulturarven vår



- både plan- og byggesak, eigedsforvaltning, formidlingsarbeid, næring og utvikling har kulturminne som ein del av sitt fagområde. Planen skal gje kunnskap og prioritering, og ikkje minst – planen er eit viktig reiskap i plan- og byggesakshandsaminga.



Volda sentrum, foto: Torgeir Stenstø.

Hornindal kommune sin kulturminneplan vart vedteken i 2016 og hovudmålsetjinga var å sikre eit mangfald av representative kulturminne som fortel om kulturhistoria i eldre og nyare tid. Planen skulle vere eit styringsverktøy for satsing innan kulturminneforvaltning.

Med planen ynskja dei å greie ut:

- kva kulturminne som skal registrerast før dei går tapt
- kva kulturminne som skal takast vare på
- kva tiltak som må iverksettast for at ein skal ta vare på kulturminna

Også i Hornindal var ei av målsetjingane at kulturminneplanen skulle gjere det lettare for forvaltinga innan plan-, areal- og byggesaker å ta omsyn til kulturminneverdiar og gje ei meir effektiv handsaming.

Målsetjingane frå dei to tidlegare planane er vidareført i denne planen.

Fokusområde og organisering

Volda

Arbeidet med *Kommunedelplan for kulturminne 2017-2021, Volda kommune*, var organisert som eit eige prosjekt med ei prosjektgruppe med representantar frå kommunen, lokale lag og organisasjonar og andre ressurspersonar. Lokal forankring vart sikra gjennom medverknad frå



sogelag, lag og organisasjonar og ressurspersonar frå ulike område i kommunen. Prosjektgruppa valde å fokusere på følgjande tema: fortidsminne og minnesmerke, bygningar, bygdemiljø, tekniske og industrielle kulturminne, samferdsle og immaterielle kulturminne. Eit utval av kulturminne innan desse tema vart plukka ut som *prioriterte kulturminne*- 26 lokalt viktige kulturminne og 41 regionalt- og nasjonalt viktige kulturminne. I tillegg vart eit utval av andre lokalt viktige kulturminne presentert.

Utvalet av kulturminne var forankra i forskings- og registreringsarbeidet som er gjort i Volda tidlegare. Innbyggjarane hadde høve til å kome med innspel og fleire aktørar i kommunen bidrog med informasjon og innspel.

Hornindal

I Hornindal var planarbeidet organisert av kommunalsjef for oppvekst og kultur. I tillegg deltok næringssjef, plan- og bygningssjef, politisk representant og lokal historikar i ei arbeidsgruppe. Gjennom arbeidet med planprogram, opne møter og kurs vart innbyggjarar informert om arbeidet og engasjert til å bidra med kunnskap. Det vart lagt vekt på å trekke fram kulturminne som er særmerkt eller som tydeleg representerer Hornindal sin identitet.

Tre fokusområde vart definert:

- Hornindalsvassdraget
- Folkemusikk, song og dans

- Viktige bygg og stader knytt til kulturarven

Innanfor dei tre områda vart det løfta fram 47 prioriterte kulturminne.



*Hornindalsvatnet og vassdraget har vore og er viktig for levemåte og kultur i Hornindal.
Foto: André Gjørven.*

Samordning av planane

Innhaldet i dei to tidlegare planane er vidareført i den samordna kulturmiljøplanen, det vil seie at målsetjingane er vidareført og at utvalet



av dei prioriterte kulturminna og andre lokalt viktige kulturminne, er dei same som for dei to tidlegare planane, med unnatak av mindre endringar.

Dei to planane hadde definert ulike fokusområde som var styrande for utvalet av prioriterte kulturminne. I arbeidet med å samordne dei to planane er dei opphavlege fokusområda justert og integrert i ei ny tematisk inndeling. Alle prioriterte kulturminne i dei to planane er framleis med. Prioriterte kulturminne i Bjørke og Viddal i Kommunedelplan Kulturminne og -miljø 2017-2025, Ørsta kommune, er også inkludert i den nye, samordna, kulturmiljøplanen. Mykje tekst i dette dokumentet er henta direkte frå dei tidlegare planane.

Utvalet av kulturminne av lokal verdi, er eit resultat av den metodikken og prosessen som vart valt for arbeidet med dei to tidlegare planane. Dei som har kome med forslag til kulturminne har gjort det ut frå egne føresetnader og ut frå eigen lokalkunnskap. Dette betyr at det vil vere kulturminne rundt om i kommunen som burde ha vore representert i planen, men som ikkje er det. Men dette betyr ikkje at desse av den grunn er verdilause: Kommunen har framleis eit ansvar for kulturminne som ikkje har status som lokalt viktige kulturminne og som ikkje er tekne med i den kommunale kulturminneplanen.

Det var også behov for å oppdatere handlingsplanen.

Oppbygging av planen

Planen fått ein tematisk inndeling. Basert på prioriterte kulturminne er den delt inn i følgjande teama: Arkeologiske kulturminne, Kyrkjer og kyrkjestader, Jordbruk, utmarksdrift og fiske, Kulturell infrastruktur-Skular, forsamlingshus og kulturanlegg, Tekniske og industrielle kulturminne, Samferdsel, handel, service og kommunikasjon, Enkeltobjekt, samlingar og museum, Krigsminne og minnesteinar, Kulturmiljø og kulturlandskap og Immaterielle kulturminne.

For kvart tema er det først ein kort, innleiande tekst, etter dette kjem skildring av kulturminna som er med i kulturmiljøplanen. Nokre kulturminne høver sjølvstø under fleire kategoriar, men er skildra berre ein gong. Handlingsdelen følgjer til slutt.

Samordning av planane er gjort av Rådgjevande Arkeologar. Kontaktperson i Volda kommune har vore Kristina Bjørdal Kostopolous.

Definisjonar

Kulturminnelova si definisjon av kulturminne er lagt til grunn for arbeidet med denne planen. Kulturminne er definert som:

«...alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til» (Lov om kulturminne § 2).

Ein så vid definisjon gjer at omgrepet *kulturminne* ikkje gjev ei vurdering av kvalitet og ikkje alle kulturminne er verneverdige.

Ein talar om **kulturmiljø** når eit eller fleire kulturminne inngår i ein vidare heilskap eller samanheng. Vurderingar kulturhistorie, tidsdjupne, einskilde kulturminne og landskap ligg til grunn når eit kulturmiljø vert definert og avgrensa. Med **kulturlandskap** meiner vi landskap som er forma av menneske sine liv og aktivitetar.

Immateriell kulturarv er praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Det er knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne, til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar.

Formminne er alle spor etter menneske og menneskeleg verksemd frå førhistorisk tid og mellomalderen, fram til reformasjonsåret 1537.

Overordna føringar, anna lovverk og eksisterande planar

Plan- og bygningslova legg føringar om utarbeiding av planar for kommunen.

Lov om kulturminna (kulturminnelova) seier at kulturminne og kulturmiljø skal vernast som ein del av vår identitet og kulturarv, som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Når vedtak påverkar kulturminna, skal kommunen ta omsyn til kulturminnelova sitt formål. Kulturminne frå oldtid og mellomalder inntil år 1537 er automatisk freda.

Nasjonale føringar:

- St. mld. nr. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken- Engasjement, bærekraft og mangfold

- St. mld. nr. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste
- St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- St.meld. nr. 26 (2004-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld. nr 25 (2012-2013) Framtid med fotfeste
- NOU 2002: 1: Fortid former framtid. Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk

Regionale føringar:

- Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi (2015)
- Fylkesplan for Møre og Romsdal (2013-2016)
- Regional planstrategi (2012-2016)

Lokale føringar:

- Volda kommune sin kommuneplan (samfunnsdel) 2016-2020. Vedteken 26.5.2016
- Kommunedelplan med tilhøyrande arealdel for Hornindal kommune (2004)
- Kommunedelplan for kulturminne 2017-2021, Volda kommune



- «Frå bru til bru_vegen gjennom Hornindal. Frå generasjon til generasjon_vegen gjennom kulturhistoria». Tematisk kommunedelplan for Kulturminne_Kulturmiljø 2016-2019, Hornindal kommune.
- Kommunedelplan for kulturminne og- miljø 2017-2025, Ørsta kommune.

Aktørar, roller og ansvar i kulturminnearbeidet

Statleg mynde sitt ansvar

Klima- og miljøverndepartementet (KLD) – formar den nasjonale kulturmiljøpolitikken og har det overordna ansvaret for kulturmiljøforvaltninga og miljøfeltet elles. Departementet har også ansvaret for internasjonale arbeidsområde som mellom anna verdsarv (UNESCO), EU/EØS. KLD treff endelege avgjerder i plansaker der det er reist motsegn, og er klageinstans i saker der Riksantikvaren fattar vedtak etter kulturminnelova.

Riksantikvaren – har som direktorat under KLD ansvar for gjennomføringa av den nasjonale kulturmiljøpolitikken. Direktoratet kan reise motsegn dersom nasjonale kulturminneinteresse er trua, og er klageinstans i saker der den regionale forvaltninga fattar vedtak etter kulturminnelova. Riksantikvaren har ansvar for utvikling av digitale

tenester som sikrar ei heilskapleg kulturmiljøforvaltning, og forvaltar viktige data om kulturminne og stadar i offentleg forvaltning.

Møre og Romsdal fylkeskommune – er regionalt kulturmiljømynde, planmynde og regional utviklingsaktør. Fylkeskommunen har forvaltningsansvar og mynde til å ta avgjerder i samsvar med kulturminnelova for dei fleste kulturmiljøa og stadane i fylket. Fylkeskommunen tek i vare dei samla verneinteressene knytt til kulturminne og – miljø i plan- og byggesaker. Fylkeskommunen deltar i den kommunale planlegginga med rettleiing, kulturminnefaglege innspel, vurderingar og uttaler til planforslag. Fylkeskommunen kan mellom anna frede etter kulturminnelova, og kan reise motsegn mot planar etter plan- og bygningslova. Fylkeskommunen er også rett mynde til å gje dispensasjonar frå kulturminnelova.

Kommunen har, som planmynde etter plan- og bygningslova, ei sentral rolle i forvaltning av kulturarven, og er ansvarleg for å leggje til rette for bevaring og bruk av kulturmiljø, stader og landskap i arealbruk og samfunnsplanlegging. Kulturarven er ein viktig ressurs i arbeidet kommunen gjer med å skap ei god og berekraftig samfunnsutvikling. Kommunen er førstelinja i plan- og bygningslova og har den viktige rolla med å ivareta kulturmiljøa i arealplanlegging og den enkelte byggesak.

Andre aktørar

Eigarane er den avgjerande faktoren dersom ein skal lukkast med vern av kulturminne. Nokre kulturminne er ressurskrevjande å ta vare på. I mange



tilfelle er det ikkje mangel på kunnskap om føremålet med kulturvern som er avgjerande, men tilgangen på ressursar for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.

Eit aktivt, frivillig organisasjonsliv er avgjerande for brei forankring av kulturminnevernet. Organisasjonane tek mange viktige initiativ og gjer ein stor og viktig jobb med å dokumentere, informere og synleggjere lokale kulturminne. Lokalt blir det også lagt ned ein stor innsats i ulike restaureringstiltak og forvaltning av lokale kulturminne.

Økonomiske støtteordningar

Freding eller vern vil i seg sjølv kunne gje avgrensa vern for det enkelte kulturminne. Det aller viktigaste er at eigar sjølv er positiv og motivert for å ta vare på kulturminnet, noko som gjerne krev både kunnskap og økonomiske ressursar. Det er derfor viktig at kulturminneforvaltninga på alle nivå legg til rette for dette.

Økonomisk støtteordningar vert nytta for å bidra til at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert tekne vare på. Støtteordningane dekkjer berre ein del av den totale kostnaden ved skjøtsel, vedlikehald eller restaurering. Dei som ynskjer å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap kan søke på støtteordningar som passar til det aktuelle prosjektet.

Under er det ei oversikt over relevante tilskotsordningar – dette er ikkje ei uttømmende liste.

Riksantikvaren - private eigarar av freda kulturminne- og miljø kan søkje om tilskot til istandsetjing og vedlikehald (les meir om dette på: <https://www.riksantikvaren.no/les-om/tilskudd/>)

Møre og Romsdal fylkeskommune:

- Tilskot til brannsikring av tette trehusområde
- Tilskot til bygningar og anlegg i verdsarvområdet
- Tilskot til fartøyvern
- Tilskot til freda kulturminne i privat eige
- Tilskot til freda mellomalderhus i privat eige- frå før 1537
- Tilskot til kulturminne- kystkultur/fiskevær
- Tilskot til regionale kulturminne og kulturmiljø
- Tilskot til skjøtsel, skilting, merking og mindre friluftstiltak
- Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne
- Tilskot til tilrettelegging av historiske ferdselsårer

Andre tilskotsordningar-

- Nordenfjelske Bykredits Stiftelse
- Nytt liv i naust og sjøhus hos Forbundet KYSTEN



- SMIL- midlar, midlar til særskilte miljøtiltak i jordbruket- Landbruksdirektoratet
- "Ta et tak"- aksjonen- Norsk kulturarv
- Stiftelsen UNI
- Prosjektstøtte kulturvern- Kulturrådet

(les meir om ordningane på <https://mrfylke.no/tilskot-prisar-og-stipend#cat-387> eller ta direkte kontakt med Kulturavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune).

Kunnskapsgrunnlag

Kulturmiljøplanen byggjer på lokalhistorisk litteratur og bidrag frå enkeltpersonar, sogelag og lokalhistorisk interesserte. Vidare er SEFRAK-registeret og kulturminnedatabasen Askeladden viktige kjelder:

SEFRAK-registeret: Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975- 1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900, då det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen. SEFRAK- bygningar kan ha verneverdi, men har ikkje formelt vern.

Askeladden: Inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter **kulturminnelova**, verna etter **plan- og bygningslova (PBL)**, eller som etter ei kulturminnefagleg vurdering er vurderte som verneverdige. Askeladden er eit verktøy for kulturminneforvaltninga, og ein må registrere

seg for å få tilgang. Andre som er interesserte i kulturminne kan bruke www.kulturminnesok.no for å få tilgang på data frå Askeladden.

Kvifor ta vare på kulturminne?

Kulturminne er eit viktig verktøy når ein skal forstå korleis samfunnet er bygd opp. I meir enn tolv tusen år har det levd menneske i Norge, og med hjelp av naturen har dei skapt eit livsgrunnlag. I førindustriell tid var det naturleg at ein nytta lett tilgjengeleg byggematerialar som stein, torv og tømmer. Difor kan materialbruk i møte med bygningar og andre menneskeskapte spor i kulturlandskapet fortelje oss mykje om lokalhistoria til bygda, og gjennom bruk og oppleving av kulturminna vil befolkninga oppleve tilhøyrslse, trivsel og eigarskap. På den måten kan vi sjå på kulturminna som eit identitetsskapande element.

Utfordringar framover

Klima- og miljøutfordringar

Endringar i klima kan påverke kulturarven på fleire måtar. Skadar på bygningar, attgroing, flaum og ras er berre nokre av utfordringane ein står over for, og det er difor viktig å verne kulturminna på best mogleg måte. Kulturminne er ein ikkje- fornybar ressurs, så om dei blir øydelagde er dei tapte for alltid. Å sikre kulturminne blir difor viktig framover. Tiltak som å gjer dei verna vekke på bygningar, meir vedlikehald og ettersyn vil vere aktuelt.



Areal- og tettstadsutvikling

I ein stadig veksande tettstad som Volda er det viktig å henge med i utviklinga. I takt med høgare levestandard kjem det også fram ynskje om å bygge ut og bygge nytt. I Volda er det til dømes mange SEFRAK-registrerte bygningar, og korleis desse best kan takast vare på i konkurranse med nye bygg vil vere ei utfordring, ettersom det ikkje er tillagt spesielle restriksjonar for sanering av dei registrerte bygningane. SEFRAK er meint å gje ei føring for at kommunen skal gjere ei særskilt vurdering før eventuelt løyve til å endre, flytte eller rive.

Volda samfunnshus bygd i 1955, foto: Volda kommune.



Kulturhistorie og utvalde kulturminne

Arkeologiske kulturminne



Kilskrossen, foto: Brith Aanning Aarseth.

Kulturminnelova gjev nokre kulturminne eit automatisk vern, det vil seie at dei er automatisk freda. Dette gjeld alle kjende og ukjende kulturminne eldre enn 1537 (innføring av reformasjonen), ståande bygg og myntar eldre enn 1650, kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år, og samiske

kulturminne eldre enn 100 år. Kulturminne eldre enn 1537 vert også ofte kalla *fornminne*.

Det finst ei rekkje automatisk freda kulturminne i alle bygdene i kommunen, ei god oversikt over desse finn ein på www.kulturminnesok.no. For informasjon om fornminne som no er vekke, eller gjenstandsfunn på dei ulike gardane, kan ein gå til Per Fett sine hefter. Han gjorde eit stort arbeid med å samle inn informasjon om faste og lause fornminne i Bergen Museumsdistrikt, arbeidet resulterte i serien «Førhistoriske minne på Vestlandet», i alt 80 hefter. Hefta er tilgjengeleg digitalt på www.nb.no. Bergen museum har digitalisert gjenstandssamlingane sine og via arkeologiportalen på www.unimus.no kan ein søke etter gjenstandsfunn. Samlinga er ikkje heilt oppdatert.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi

Kulturminne ID 227075: Olavskjelda, Kile, gnr. 96/1: Ein brønn/vasspost frå mellomalderen. Den ligg på innsida av Midvatnet.

Kulturminne ID 25664: Dravlaus, gravrøys, gnr. 149/3: Gravhaug på 11 meter i tverrmål og 0,75 meter høg ved kyrkja på Dravlaus (fleire mindre gravhaugar i nærområdet), datert til jernalderen.

Kulturminne ID 45599: Rotevatn, gravrøys, gnr. 27/12: Kjempegrava (Kjempå), gravrøys på 12 x 9 meter og 1,25 meter høg på Rotevatn, datert til jernalder.



Kulturminne ID 45600: Skinnvika, gravrøyser, gnr. 72/1: Fleire gravrøyser i eit stort felt på 45 meter i Skinnvika, datert til jernalder.

Kulturminne ID 147253: Steinkrossen på Kile, gnr. 93/3: Den tidlegaste omtala av steinkrossen er frå Hans Strøm si reiseskildring i 1766. Korset var kring 2,5 m høgt og 125 cm breidt med eit rundt hol midt mellom korsarmene. Krossen vart først teken av eit snøras i 1785, så reparert, før den var øydelagt kring 1860. I 1914 var ein ny kross sett opp, kring 50-100 m lenger aust for opphavleg plassering (ASK ID 267569).

Kulturminne ID 100875: Busetnadsspor på Kirkhorn, gnr. 205/6: Kulturminnet inneheld ein horisont med fleire lag med trekol, der det nedste laget vart datert til AD 1400-1450. Truleg stammar kollaga frå busetnad i området like etter svartedauden. Før utskiftinga kring 1860, stod det hus der kollaga vart dokumentert (vernestatus: fjerna).

Kulturminne ID 25918, 121328: Gytleskotet, gnr. 172/2, 179/8, 178/0: Kalsedonbrot, datering steinalder-bronsealder.

Kulturminne ID 25667: To gravrøyser på Kråkeneset på Lid, gnr. 3/5: Samlinga som inneheld to røyser, måler kring 40 x 10 m, datert til jernalder.



Kalsedonhola/ Gytleskotet.

Kulturminne ID 147324 og-5: Steinalderbuplass på Furneset, gnr. 167/3: funn av fleire økser og knivar, datert til yngre steinalder.

Kulturminne ID 55338: Vikinggrava på Nausthaugen, Bjørnaset, gnr. 86/2: 9 meter i tverrmål, 0,5 meter høg, datert til jernalder.

Kulturminne ID 267647: Kjempegrava, røys på vestsida av Nedstevatnet ved Kile, gnr. 96/2: 12 meter i tverrmål, stått ein bautastein som ligg som dørhelle, datert til jernalderen.

Kulturminne ID 214263: Bogestø under fjellet Blæja mellom Volda og Vanylven, gnr. 135/2: brukt til jakt og fangst i førreformatorisk tid.



Kulturminne ID 100808: Vellene 3, Lødemel, gnr. 181/8: I samband med bygginga av Kvivsvegen i 2009 vart det gjennomført arkeologiske utgravingar. I området mellom elva og dyrkajorda oppe på terrassen på Lødemel vart det funne markante, samanhengande avsviingslag frå førhistorisk tid. Funna fortel oss at terrenget like nedanfor terrasseskråninga alt i bronsealder vart rydda og at området vart brukt til beite og slåttemark. Liknande bruk var det også i ein lenger periode frå kring år 0 fram til kring 675 e. Kr. (midten av Merovingertid 550-800 e.Kr.) (vernestatus: fjerna).

Kulturminne ID 45596: Anfinnsvollen, Fyrde, gnr. 70/1: Bautastein 2,75 meter høg, 35 cm brei og 20 cm tjukk. Steinen skal tidlegare ha stått på ein gravhaug i nærleiken som rasa ut i sjøen. I haugen vart det funne beksel og sverd. Steinen låg så lenge under eit kvernhus i elva, før den vart atterreist her i 1898. Det er ei innskrift på søre breiside som fortel om atterreisinga. Steinen er datert til Jernalder og vart i 1983 automatisk freda etter kulturminnelova av 1978.

B7799: Arm- eller halsring og armbøyle av sølv (til saman 447 gram) funne på Torsheim i Torvika.

For fleire enkeltminne sjå også: Kyrkjer og kyrkjestader.



Sølvring funne i Torvika (B7799), Foto: © 2022Universitetsmuseet i Bergen.

Kyrkjer og kyrkjestader



Volda kyrkje, foto: www.kirkesok.no

Kristendomen vart introdusert i Noreg mot slutten av 900-talet og dei første møtestadane for dei kristne var helst under open himmel. Kors vart reist på sentrale stader og nytta som samlingspunkt. Mellom Jæren og Sunnmøre er det kjent over 60 små og store steinkors. Minst eitt av desse stod på Sunnmøre, på Korsen mellom Kilspollen og Bjørkedalsvatnet. Steinkrossen stod sentralt, ved ein gammal kvilestad på vegen over mot Nordfjord. Truleg vart det også reist små, enkle stavkyrkjer med jordgravne stolpar.

På 1100-talet vart dei første kyrkjene erstatta med meir varige bygningar, anten kalkmura steinkyrkjer med tjukke veggjar eller stavkyrkjer som stod på ein grunnmur av stein. Dei fleste mellomalderkyrkjene vi kjenner til, låg, eller ligg, på store gardar, gjerne lokale maktsenter der mektige slekter haldt til. Ofte har store gardar med kyrkjer gjeve namn til heile kyrkjesoknet. Andre kyrkjer vart lagde til sentrale og naturlege samlingsstader, anten ved skipsleia eller der fjord og dal møtest.

Etter reformasjonen var Sunnmøre delt inn i fire prestegjeld, deriblant Volda, med anneksokna Hjørundfjord, Ørsta, Vanylven og Syvde. Volda kyrkje var hovudkyrkje i prestegjeldet, truleg har det vore kyrkje her sidan før Svartedauden.

Også i Hornindal var det kyrkje før Svartedauden. Hornindal kyrkje er nemnd i Bjørgvin Kalvskinn kring 1320, rett nok ikkje sjølv kyrkja, men i samband med jordegods som låg til prestebolet. Etter gamle segner stod



den første kyrkja i bygda på Ytrehorn, der bygdehovdingen Kalv av Hornin truleg budde. Fram til 1867 var Hornindal anneksokn under Eid prestegjeld. Då vart Hornindal skild frå Eid, og det vart oppretta eige herad og prestegjeld, med Hornindal sokn som einaste sokn.



Hornindal kyrkje, foto: Henry Stokseth, www.kirkesok.no

Hjørundfjord vart skilt ut som eige prestegjeld i 1751, men det har vore kyrkje her sidan mellomalderen. Den første kyrkja ein kjenner til her, låg på Hustad.

Med kyrkjelova frå 1851 kom det krav om at soknekyrkjene skulle ha plass til tre tidelar av folket i soknet. Dei fleste av dei gamle kyrkjene var for små til å stette dette kravet, så kombinert med generelle oppgangstider i Noreg, utløyste denne lova bygging av kyrkjer i stor skala i landet. På Sunnmøre vart det reist 30 nye kyrkjer i perioden mellom 1854 til 1934. Blant desse var 11 nye sokn, der det ikkje hadde vore kyrkje før, deriblant Bjørke, Austefjord og Dalsfjord.

Det kunne vere ei tung bær for bygdefolket, som hadde lite økonomisk overskot, å reise desse nye kyrkjebygga. Det var likevel sjølvsagt å bidra både med arbeidsinnsats og pengar. Dette understrekar kyrkja sin plass i samfunnet og kor viktig ho var for folket.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi

Kulturminne ID 85865-2: Volda kyrkje, gnr. 19/28: sjå under Kulturmiljø og kulturlandskap- tettstaden Volda.

Kulturminne ID 85865-4: Volda kyrkjestad, Halkjelsvik, gnr. 19/28: sjå under Kulturmiljø og kulturlandskap- tettstaden Volda.

Kulturminne ID 83823: Austefjord kyrkje, gnr. 47/14: Langkyrkje, opphavleg bygd i 1773 som Nes kyrkje i Bjugn prestegjeld. I 1879 vart kyrkja kjøpt av bygdefolket i Austefjorden for 2 800 kr, og flytta til Fyrde i

Austefjorden. Gjert Lien frå Nordfjord hadde oppdraget med riving, flytting og å byggje oppatt kyrkja. Kyrkja vart utvida med 3 alen i breidda og 1 alen i høgda, og tårnet vart sett over våpenhuset i staden for midt på skipet. Det vart også lagt inn nokre nye detaljar, som til dømes store, spisse vindauge og mønespir. Benkane og preikestolen er originale frå tida i Bjugn, medan klokke og altertavle ikkje følgde med då dei kjøpte kyrkja der og måtte skaffast nye. Altertavla skal vere måla av ein kunstmålar Sjøblom i 1908. Kyrkja er i dag ei «listeført kyrkje», dvs. eit kyrkjebygg frå perioden etter 1850 med særleg høg verdi.

Kulturminne ID 84633-3: Hornindal kyrkje, gnr. 205/2: Hornindal kyrkje er ei langkyrkje i tre og er bygd på garden Kyrkhorne sin grunn. Kyrkja, som har 400 sitjeplassar, vart vigsla 30. november 1856 av prost Wilhelm Frimann Koren. Arkitekt var kaptein Ludolph Rolfsen frå Mindresunde i Stryn, som laga sine teikningar etter Linstow si typeteikning. Altertavla, i treskurd og måling, er laga av Dagfin Werenskiold. Kyrkja er i dag ei «listeført kyrkje», dvs. eit kyrkjebygg frå perioden etter 1850 med særleg høg verdi.

Kulturminne ID 84633: Hornindal kyrkjestad, gnr. 205/2: Eldste omtale av kyrkje i Hornindal er frå 1330, («kirkian j Hornymudall»), dette var truleg ei stavkyrkje. Kring 1600 vart denne erstatta av ei lita langkyrkje i tømmer. I 1856 var det kyrkjegard berre på sørsida av noverande kyrkje. Sakristiet til dagens kyrkje ligg på delar av den gamle kyrkjegarden.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi

Kulturminne ID 84020: Dalsfjord kyrkje, gnr. 149/5: Kyrkja vart vigsla i desember 1910, arkitekt Ole Havnæs frå Fræna. Kyrkja er ei korskyrkje med høgt vesttårn og dåps- og prestesakristi på kvar si side av koret. Koret er femsida med ein kvelving av tre. Skipet er høgrest og ope heilt opp til mønet. Altertavla er laga av Lars Kinsarvik, medan Guttorm Langstøyl rosemåla preikestolen, galleriet og korbogen. Det første orgelet var laga lokalt av Bernt M. Haugen og Lars Ulvestad.

Kulturminne ID 84772: Kilsfjord kyrkje, gnr. 89/19: Det vart oppretta kyrkjegard her i 1913 og kjøpt inn tomt til kyrkje, men det skulle gå over 60 år før kyrkja var på plass. Kyrkja vart vigsla 28. april 1974, og er teikna av arkitekt Alf Apelseth. Det er ei moderne arbeidskyrkje, bygd i upussa armert betong, og innvendig er det brukt mykje umåla furu og leca-blokker. Kyrkja har frittstående klokketårn. Altertavla er eit triptychon (tavle av tre med to hengsla dører) og er laga av Thorvald Moseid. I kyrkja heng det elles eit fjørefar med råsegl, laga av Saxe Bjørkedal, som kyrkjeskjip – noko som knyter linjene til båtbyggjartradisjonane på Bjørkedalen og i den andre bygdene rundt Kilsfjorden.

Kulturminne ID 85584: Bjørke kyrkje i Storfjorden, gnr. 235/11: sjå under Kulturmiljø og kulturlandskap- Viddal, Bjørke og Skjåstaddalen.





*Austefford kyrkje, foto: Per Arvid Åsen,
www.kirkesok.no.*



Kilsfjord kyrkje, foto: www.kirkesok.no.



Bjørke kyrkje, foto: Per Arvid Åsen, www.kirkesok.no.



*Dalsfjord kyrkje, foto: Torild Granhaug,
www.kirkesok.no.*

Jordbruk, utmarksdrift og fiske

Fram til midten av 1800-talet livnærte folk flest seg av primærnæringar som jakt og fangst, jordbruk og fiske, og gjerne i ulike kombinasjonar. Det er jordbruket som først og fremst har sett spor etter seg i landskapet. Over 4000 år med husdyrhald og åkerbruk har forma kulturlandskapet kring oss; rydding av skog, dyrking, gjerding, beiting og bygningar for menneske, dyr og fôr.

Jordbruk

Klyngjetun og teigblanding

Fram til utskiftingane på slutten av 1800-talet var jordbruket organisert etter ein lang tradisjon med klyngjetun og teigblanding. Dette hadde sitt opphav i *bruksdeling*. Tilbake til jernalderen var gardane store og spreidde og før å møte aukande folketal vart gardane delt opp i fleire bruk. Tanken bak teigblandinga var at alle skulle få litt av den beste jorda og alle litt av den dårlege. Etterkvart som bruksdelinga auka, vart det eit samansurium av små jordteigar med ulike eigarar og dei negative sidene ved teigblandinga kom tydeleg fram.

For å spare den beste jorda til åker og eng, vart husa til dei ulike bruka ofte plassert tett i tett, i såkalla klyngjetun, i utkanten av bøen. Kvart bruk hadde fleire små spesialiserte hus- eit til kvar funksjon, delt i dei to kategoriane *innhus* og *uthus*.

Til innhusa hørde røykstova til, det var det vanlegaste våningshuset for folk på Vestlandet fram midten av 1800-talet. Grunnplanet var vanlegvis

to- eller tredelt med ei lafta stove og kove/kammers, mens gangen ofte var i reisverk. Frå gammalt av hadde ein gruve midt på golvet og røyken vart slept ut gjennom ein ljøre i taket. Seinare vart fleire av desse stovene bygd om med støypt omn i ei krå.



Nordfjordstove på Gausemel, ei av fleire slike stover i Hornindal. Foto: N. H. Holmøy-Wang.

Frå kring 1800 vart det vanleg å utvide røykstova med ei stove til, til dømes sengebua, bak ein felles ytterkledning og ein fekk eit langstrakt hus med inngang på midten. Kring 1850 vart det vanleg med jarnomn og skorstein og ein kunne byggje loft over stovene. Slike hus vert kalla lemstover eller midtgangshus.



Vidare famna innhus om stabbur, sengebu og eldhus. I stabburet oppbevarte ein mellom anna mat og drikke, og det vart nytta som soveplass for gjestar om ein ikkje hadde eiga sengebu. Av uthus var det vanleg med eit fjøs til kvart dyreslag, gjerne lafta, og grindbygde løer til høy og korn. Smier og kvernhus høyrde også til på mange gardar. Smiene låg gjerne litt i utkanten av tunet på grunn av brannfare. Kvernhusa låg sjølvstekt ved elver og bekkefar og var ei svært viktig innretning på garden.



Sengebuda frå Eide i Austefjorden. Foto: Frode Pilskog.

Det store hamskiftet

I Volda var Sivert Aarflot (1759-1817) tidleg ein pådrivar for opplysning og endring i jordbruksnæringa. Han fremja kunnskap om betre driftsmetodar som gjødsling, grøf팅 og avvikling av tradisjonen med svelteforing.

I løpet av 1850-åra kom det ei markant endring i jordbruksnæringa. På denne tida gjekk bønder flest frå å vere leiglendingar til å verte sjølveigarar. Det vart dermed meir interessant å tenkje langsiktig med tanke på drift av jorda og å koste på hus. Frå myndigheitene si side vart det jobba for jordreformer, dei meinte at teigblandinga hindra utvikling og framgang. Jordene var så oppdelt at det var vanskeleg å nytte moderne og effektive reiskap i dyrkinga. Dei minste stykka vart gjerne spadde for hand.

På slutten av 1800-talet vart det såleis gjennomført ei storstila utskifting av gardane. Dei spreidde jordteigane med ulike eigarar vart omorganisert og samla til meir rasjonelle einingar, og tuna vart flytta til den respektive garden. Dette la til rette for både ei modernisering og effektivisering av jordbruket.

Denne omlegginga i jordbruket kallar ein «det store hamskiftet» og det endra landskapsbiletet i bygdene. Ikkje berre vart tuna meir spreidde, men også bygningane endra seg. Dei små spesialiserte bygningane vart i stor grad erstatta med større einingar med fleire funksjonar samla under eit tak. «Den raude låven» eller einheitslåven, vart eit vanleg syn på gardane. Den nye, grindbygde, driftsbygningen samla alle dyra under eit tak og



hadde god plass til store avlingar med høy, rom for tresking av korn og parkeringsplass. Våningshusa endra seg også og vart ofte inspirert av stilartar som bygdeempire og sveitserstil.

Denne endringa fall saman med andre samfunnsendringar- byrjande industrialisering, byutvikling og utbygging av vegar, jarnbane, post og telegraf.

Husmannsvesenet

På 1600-talet vaks ordninga ein kallar husmannsvesenet fram. Bakgrunnen var ei jamn folkeauking som igjen førte med seg ei auke i talet på folk utan eigedom. Samstundes var det eit stort behov for arbeidskraft på gardane. Ordninga var at husmenn fekk rydde seg ein «plass» i utkanten av garden og setje seg opp eige bu. Både jord og hus vart leigd og betalninga vart gjort ved pliktarbeid og anna arbeid, kontantar og matvarer. Ved kysten og i fjordstrok vart ein husmann som leigde hus ved sjøen kalla *strandsitjar*. Han hadde som regel ikkje jord og måtte finne andre måtar å livnære seg på, til dømes gjennom fiske. Dei sosiale og økonomiske kårane kunne variere, men skilnaden mellom bonde og husmannsfolk var generelt mindre på våre dagar enn i dei store jordbruksbygdene.

Utmarksdrift

Fram til mellomkrigstida var sommarbeita avgjerande for husdyrhaldet og det var ei allmenn oppfatning at det var her avkastninga frå husdyra først og fremst vart skapt. Det var om sommaren kyrne ga den feitaste mjølka som vart til lett omsetjelege produkt som, til dømes, smør. Dermed var det

om å gjere å halde liv i så mange dyr som mogleg gjennom vinteren. Dette førte til at dyra fekk knapt med fôr, denne forma for sveltefôring var vanleg over heile landet.

Så snart det var mogleg vart buskapen slept ut, først til gardfjosen. Når så fjellbeita vart snøfrie kring midtsommars, vart buskapen flytta til stølane og dei gode fjellbeita der. På stølane var det kvinnene som hadde ansvar for dyra, som regel gjekk dei opp og ned kvar morgon og kveld. Om hausten føregjekk flyttinga av dyra i omvendt rekkjefølgje.

Kor mykje vinterfôr ein kunne skaffe var avgjerande for kor mange dyr ein kunne ha. Utmarka vart utnytta til det fulle, her var slåttekvier heilt opp under fjellet og lauvtre som alm, selje, rogn og bjørk vart styva. Det var også vanleg å skjere lyng til vinterfôr. Høyet vart tørka på hesjer eller på flat mark i godvêr. Mange utmarksløer var plassert nær dei gode slåttekviene og her vart høyet oppbevart til vinteren kom og ein kunne køyre heim fôret med hest.

I utmarka henta ein også salsvare som ved, emne til tønneastavar og bær. Elles hausta ein never til takteking og bark til garving. Enkelte myrer eigna seg også for utfak av torv, som vart nytta både til brensel, strø i fjøs og stall og i somme høve også som isolasjonsmateriale. I utmarka henta ein også bjørk og furu som vart brent til kol i kolmiler. Det siste var særleg utbreidd i Hornindal og er knytt til den sterke tradisjonen for ljåsmiing.



Utmarka og utmarksbeitene var ein svært viktig ressurs og somme tider vart det strid om beiteretar. Midt på 1700-talet vart det ei slik usemje mellom Sæss-gardane på den eine sida og gardane på Feta, Løndalen og Ulvestadnakken på den andre sida. Usemja enda med at brukarane vart pålagde å byggje ein torvgard mellom beitemarkene. Dermed vart ein 3-4 km lang torvgard bygd frå Åseskardet og heilt opp på Snøhornegga 850 m.o.h.



Steingard, foto: Torgeir Stensø.

Steingardar vart også nytta som skilje mellom eigedomar, mellom inn- og utmark og som innhegning for å halde dyr på rette staden. Bruken av steingardar går langt attende. På setrane i Høydalen er det fleire gamle steingardar frå før-reformatorisk tid som er automatisk freda.

Fiske

Fiske var ei viktig attåttnæring i fjordnære strom og folket her dreiv oftast jordbruk i kombinasjon med fiske, både sesongfiske ute i øyane og heimefiske i fjorden. Også for innlandsbygder med store vatn var fiske viktig, som i Hornindal og Bjørkedal. Fiske var viktig matauk og også gardar som låg oppover i grenda, hadde teigar og bruksrett ved vatnet.

Dei mest synlege spora etter denne næringa er først og fremst brukshusa ved sjøen; naust og buer av ulike typar. Ved vatn og fjordar ser ein dei ligge enkeltvis, men ofte også samla i lange rekkjer i lune vikjer der tilhøva og landingsplass gjorde det mogleg å få båtane trygt på sjøen. Brukshusa ved sjøen dannar ofte eit kulturmiljø med fleire hus, strandline og andre anlegg som vorar, støer, kaier, moloar og slippar.

For dei mange kvinnene med ektemenn borte på sesongarbeid, kunne kvardagen innebere tøffe tak. I store delar av året var dei åleine om stell av born og gamle, av dyr, heim og gard. I mange tilfelle var det husmora i huslyden som var gardbrukaren i det daglege, sjølv om dette ikkje kjem fram i offisielle statistikkar.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi

Kulturminne ID 87304: Stabbur på Arnegarden, Eikrem, gnr. 7/3: Bud i ei høgd med 3 rom på langs, lafta. Bua er datert til seinmiddelalderen og ligg på toppen av ein sørvendt bakke. Bua vart automatisk freda som mellomalderbygning i 1996. Ei av berre fire ikkje-kyrkjelege mellomalderbygningar i fylket.

Kulturminne ID 87307: Røykstove i Velsvika, gnr. 167/5: Ei av dei best bevarte røykstovene på Sunnmøre. Store dimensjonar på tømmeret og stokkane som er hogd til i kjølform, gjer at ein daterer huset til 1600-talet. Stova har tømra stoverom og utdør i reisverk. Freda etter kulturminnelova av 1978.

Kulturminne ID 87303: Gardstunet på Nedre Ekset, gnr. 13/1: Ligg vakkert til i Eksetvika. Den freda hovudbygningen ligg midt i tunet, omgjeve av hage og fleire uthus. Kring tunet er det mykje dyrka mark. Bygget er frå 1845, bygd på mot vest i 1898 og kring 1920. Ekset er sterkt knytt til lensmannen og folkeopplysingsmannen Sivert Aarflot (1759-1817), som kom med familien til Nedre Ekset i 1798. Her fekk han i stand eit utlånsbibliotek, og i 1809 starta han det første prenteverket på landsbygda i Norge. Frå 1810 gav han ut Norsk Landboeblad som han sjølv var redaktør for. Hovudbygningen vart vedtaksfreda i 1924 etter bygningsfredingslova av 1920.

Kulturminne ID 87305: Bukkebuda, Hunneset, gnr. 39/1: Sengebu som står midt i tunet. Framfor hovudrommet er der fordør i stavkonstruksjon,

med oppgang til loftet. På langveggane er der innelukka svaler.

Bukkebuda er ganske lik sengebu frå Eide, og er datert til siste halvdel av 1500-talet. Vedtaksfreda 1927.

Kulturminne ID 87646: Grindbygd låve på Kyrkjhorne, gnr. 205/6: På Kyrkjhorne i Hornindal står ei grindbygd løe. Heimeløa med fjøset har ein eldre del som er ei gamal skotløe, og som går attende til 15/1600-talet. Den nyare delen med fem grinder er bygd på i 1860.

Kulturminne ID 87349: Stove/nystove, Grothaugen, gnr. 207/1: Det freda huset på Grothaug er ei lafta stove med treroms plan frå seinmellomalderen, dendrokronologisk datert til år 1620. Den er kledd utvendig med liggande panel og tekt med torv. I eine enden er det bygd til ein grindbygd vedskåle, og i andre enden ei tohøgda nystove. Gamlestova har no ein skorstein, men har opphavleg hatt åre. Stova er bygd saman med «Nystova», frå 1700-talet, ved hjelp av ein gong. «Nystova» har to etasjar. Stor autentisitet og høg alder.

Kulturminne ID 87350: Eldhus, Lida, gnr. 208/1: Den gamle stova er frå 1689 og har i kraft av høg alder og stor autentisitet høg verneverdi. Huset har truleg vore bygd som ljustove og sidan fått innsett peis. Lafta bygning med treroms plan utan kledning og tekt med torv. Stova er i god stand og eigar har rekna huset som freda. På ein stakk over døra er det rissa inn «SAMEL OLSBØ ANO 1689», som truleg markerer oppføringsåret. Bygningen vart vedtaksfreda i 1923.





Stove og nystove på Grothaugen, automatisk freda, kulturminne ID 87349.

Kulturminne ID 133457: Steingardar på setrane i Høydalen, gnr. 82/1:
fleire gamle steingardar frå før-reformatorisk tid.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi

Kulturminne ID 227400: Rønnestadbakken, Folkestad, gnr. 116/1 m. fl.:
svært godt bevart gardstun med to generasjonar bustadhus, sommarfjøs og 4 kvernhus.



Eldhus på Lida, vedtaksfreda, kulturminne ID 87350.

Kulturminne ID 227388: Stove på Ulvestad, Lauvstad, gnr. 160/7:
Alderdommeleg stove med særeigen grue i naturstein.

Kulturminne ID 227413: Korsfurtunet og Brunebuda, Indre Dravlaus gnr. 144/1: Alderdomleg tun med samanbygd stove, løe og fjøs.

Kulturminne ID 1xxxxx: Steingardar i Vikebygda, gnr. xx: karakteristisk innslag i kulturlandskapet.





Korsfurtunet, Dalsfjord, kulturminne ID 227413. Foto: Agnes Myren.

Kulturminne ID 227414: Smie, Samundegarden i Nøre Bjørkedalen, gnr. 91/2: Viktig handverk som i dette tilfellet også har nær sammenheng med båtbyggjartradisjonen, i og med at all båtsaum måtte lagast lokalt.

Kulturminne ID 227418: Nothenge, Høydalen, gnr. 79/1 m.fl.: Dei fleste bygdelaga i Volda hadde egne notlag, der gardane hadde partar av ulik storleik og tilsvarande plikt til å stille opp med ein eller to mann når det vart registrert fiskestimar på fjorden. Stornota til Høydal notlag var 120

famnar lang og 12-15 famnar djup. I tillegg hadde ein minst to stengenøter av ulik storleik. I Høydalen finn ein eitt av få bevarte nothenge i fylket.

Kulturminne ID 227359: Fladalsetra, gnr. 91/1 m.fl.: Eit godt bevart seteranlegg, som består av 6-7 bygningar som truleg er frå 1500-1600-talet.

Kulturminne ID 227375: Storlida: Seter for gardane i Steinsvika, no verna gjennom tinglyst vern- og vedlikehaldsavtale. Det kunne vere opp til 50 mjølkekyr pluss ungdyr på setra her. Siste året det vart setra her var 1948. I 1977 vart setra flytta opp på Haugen eit stykke frå Storlid-vatnet, då Tussa ville demme opp vatnet i samband med Åmæla- utbygginga. Då vart det også bygd køyreveg nesten heilt fram til sela.

Kulturminne ID 227429: Felden: stad med tilknytt segn om steinhus og rituell bruk. Ligg mellom Dalsfjorden og Bjørkedalen.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi

Kulturminne ID 2xxx: Krusebakken, Sunndalskleiva, Austefjord, gnr. 66/3: var strandsitjarplass under hovudbruka her frå 1870-åra og gjekk seinare tilbake inn under hovudbruka. Gardshusa er tekne vare på.

Kulturminne ID 3xxx: Våningshus, Rusten, Austefjorden, gnr. 83/1: Stova er bygd kring 1855, etter ombygging i 1924 og ny grunnmur i 1932 fekk huset den utsjånaden det har i dag utvendig. Huset vart sett opp på bygsla grunn frå Volda kyrkje fram til 1905, då grunnen vart kjøpt. Huset er særleg intakt.



Kulturminne ID 4xxx: Gardstun med eldre stabbur og løe, Sunndalen, gnr. 65/1: Stabburet er bygd før 1833 og løda i 1860-1861. Løda har stolpar på ufuga naturstein i delen mot sør, laftverk i vegg mot vest i gjødselkjellaren.

Kulturminne ID 5xxx: Timbreneset 6, Austefjorden, gnr. 46/18: Husmannsplass utan jord, stova er kombinert tømmer- og reisverkshus. Stovebygningen er truleg frå 1857, først sett opp på Riset før det vart flytta til Timbreneset.

Kulturminne ID 6xxx: Gardsanlegg på Kyrkjhorne, gnr. 205/6: Bygningshistorisk representerer dette tunet siste halvdel av 1800-talet med stovehus, stabbur og masstove. Bustadhuset kan stilmessig plasserast i sein empire, men huset har også trekk frå sveitserstilen. Om det stemmer at huset vart bygd mellom 1860 og 1870, er dette eit av dei tidlegaste innslaga av sveitserstil på vanlege bustadhus i Nordfjord. Dette vitnar om at det var ein sentral gard i bygda, der impulsar utanfrå tidleg har slått rot. Bruket har gjennom lang tid vore eit kulturelt og politisk samlingspunkt i bygda, og tunet har også næringshistoriske og sosialhistoriske verdiar. Knut Rasmussen Kirkhorn, som sette opp ny stove og driftsbygning, var i tillegg lærar og kyrkjesongar, han var også ordførar og stortingsmann ei tid.



Gamletunet på Kirkhorn. Det raude stabburet er den gamle skulestova frå 1832. Foto: N. H. Holmøy-Wang.

Kulturminne ID 7xxx: Gardsanlegg, Jutdal, gnr. 214/1: Anlegget omfattar kombinert driftsbygning, masstove, nystove, eldhus, smie og to gardfjøsar. I tillegg er det eit bustadhus på garden frå fyrste halvdel av 1900-talet og ein ny driftsbygning ved sida av den gamle. Før noverande bustadhus vart bygd, låg det eit eldre stovehus ved sida av masstova. I tillegg var det stabbur, stall, hjulhus og kvernhus. Alle desse husa er vekke i dag. Høg alder, stor autentisitet og høg bygningshistorisk verneverdi. Jutedalen har i tillegg eit mangfaldig bygningsmiljø med mange bygningstypar representert.



Kulturminne ID 8xxxx: TUNET på Skardet, gnr. 180/4: Bruk med stove og løe frå 1800-talet, vart sjølvstendig bruk i 1886. Husa er tekne vare på og husar ei bygdesamling, mellom anna undervisningsverket til O.I.K. Lødøen, bøker, møblar og verktøy.

Kulturminne ID 9xxxx: Smie, Ytrehorn, gnr. 178/3: Smia har i kraft av høg alder, autentisitet og som næringshistorisk dokument stor antikvarisk verdi. Smia var i bruk som tradisjonell smie fram til 1980 og representerer ein tradisjon og ei næring som har vore svært viktig i Hornindal. Smia var og nytta i høve innspeling av ein film om ljåsmiing som Kommunens Filmsentral tok opp rundt 1980.

Kulturminne ID 10xxxx: Kvernhus, Lødemel, gnr. 181/6, 8, 13: Knappt nokon andre hus har så stort fortellingspotensiale som kvernhusa har. Ut frå eit velhalde kvernhusmiljø kan ein lese ut noko om eit visst teknologisk nivå, om arbeidsorganisering og om ein driftsmåte som har vore svært viktig i ein periode innan jordbruket. Kvernhusa er utsett for å forfalle raskt når dei ikkje lenger er i bruk, på grunn av plassering tett til ofte flaumtrua elver. Etter at korndyrkinga tok slutt er det derfor ikkje så mange slike hus att. Desto viktigare er det å få sikra eit utval av dei som framleis står. Dei to registrerte husa var sist i bruk som kvernhus under krigen. Det var mange kvernhus som fekk ein renessanse desse åra når det var vanskeleg å skaffe matmjøl.

Kulturminne ID 11xxxx: Naustmiljø på Ytrehorn, gnr. 178: Som ein av få plassar ved Hornindalsvatnet, ligg nausta her på rad og rekke nær

kvarandre og fortel ei historie om tida då vatnet var ferdselsåre, og fiske var viktig matauk. Det var ikkje berre dei som budde langs med vatnet som fekk ha naust. Gardbrukarar oppover grenda hadde teigar og bruksrettar ved vatnet. Nausta her er SEFRAK- registrerte.

Kulturminne ID 285919 (vassbruksmiljø) og 12xxx (gardstun): Eidseflot, gnr. 94/1: Gard i Bjørkedalen med eldre bygningsmiljø heilt tilbake frå 1600-talet med bustadhus, båtskot, oppgangssag bygd om til sirkelsag, kvernhus m.v. langs Øygardselva. Vassag frå 1780 og kvern som kan stamme frå kring 1750. Smie frå tidleg på 1800-talet. Saman med landskapet på staden utgjer dette eit autentisk og intakt kulturmiljø. Anlegget langs Øygardselva skal vere komplett og har fram til nyleg vore i driftsmessig stand med saging, maling og slipesteinsdrift. Vart sist restaurert i åra 1990-95.



Kvern-
hus på
Lødemel
gnr.
181/6,8,
23.



Oppe til venstre: Smie på gnr. 178/3 Ytrehorn. Foto: N. H. Holmøy- Wang.

Oppe til høyre: Tunet under skaret, gnr. 180/4. Foto: N. H. Holmøy- Wang.

Nede til høyre: Naustmiljø på Ytrehorn, foto: N. H. Holmøy- Wang.



Kulturminne ID 13xxx: Dravlauslida, gnr. 147/1: Eit mindre bruk frå slutten av 1800-talet som fortel si historie.

Kulturminne ID 14xxx: Kvernhus, Ytre Dravlaus, gnr. 149/1: På Ytre Dravlaus er det teke vare på eit kvernhus, og det vart brukt til å drive ein dynamo for å gje elektrisk kraft til gardane der i åra før «Bygdeverket» kom i 1931. Då arbeidet med bygdeverket starta, laut brukarane på Ytre Dravlaus skrive frå seg retten til å ha eigen dynamo og slutte seg til kraftverket som skulle vere felles for heile Dravlausbygda frå Lyngneset i sør til Skrubbeneset i nord. Kvernhuset ligg rett nedanfor det nye kraftverket til Dravlaus Kraft AS, og er det er det siste eksisterande kvernhuset i Dravlauselva.

Kulturminne ID 15xxx: Kvernhus, Folkestad, gnr. 116/3: Det er teke vare på fleire av kvernhusa langs Rønstad-elva; Mass- og Jakobskverna i Sollida, Dei to Bakkekvernhusa og Johan-kverna på Rønstad. Opphavleg var det seks kvernhus her, men det siste; kverna til Inste Rønstad forsvann ved utvidinga av vegen her. Frå det kvernhuset vart det også ei tid drive eit lite kraftverk som kunne gje lys til nokre lampar. Jakobskverna er restaurert.

Kulturminne ID 16xxx: Steingard på Helset, Bjørkedalen, gnr. 92/: Steingard frå seint 1800-tal på 2-300 meter.

Kulturminne ID 17xxx: Dansen seter, 135/2: Skal ha fått namnet sitt ved at ei hulder trødde dansen på Trødet, ei flage like framfor setra. Dansen var seter for Ytre Åmelfoten og Åmelfotsetra. Det vart setra her til 1960.



Laurdalssetra i Dalsfjorden. Foto: Berit Sandvik Skeide.



Kulturminne ID 18xxx: Laurdalssetra, gnr. 95/3 m.fl.: Ligg i Laurdalen, 390 m.o.h. og er seter for gardane i Søre Bjørkedalen. Sela har eit par gongar vore tekne av fonna frå Grøvrene, sist i 1910. 2-3 av bygningane her er likevel opphavleg frå 1500/1600-talet. Etter siste fonna bygde også fleire av dei mindre bruka seg sel her. Det kunne vere opp til 80 kyr på beite her, utanom at dalen vart brukt som hestehamning for gardane i Nordfjord. Det vart setra i Laurdalen til slutten av 1950-talet. På setra ligg også Morritz-selet, truleg bygd i 1608 (Kulturminne ID 276359, vernestatus: ikkje freda)



Laurdalssetra i Bjørkedalen. Foto: Berit Sandvik Skeide.

Kulturminne ID 19xxx: Nystøylen, Dravlausdalen, gnr. 145: Her stod seterhusa til Reitane og Dravlauslida, men dyra gjekk saman med dei andre dyra frå Midtbygda, og kom hit utpå sommaren. Dyra frå Reitane beitte også på reitefjellet, der mjølkekarane laga seg eit provisorisk krypinn.

Kulturminne ID 20xxx: Gamlestøylen, gnr. 148, 146: Ligg framme i Dravlausdalen og er seter for Midtbygda og Vika. Det kunne vere opptil 50 mjølkekyr her, utanom ungdyr. Setra var i bruk heilt til 1960.

Kulturminne ID 21xxx: Kvivsetra gnr. 55, 56, 57: Seter for gardane på Nøre- Kalvatn og Bueidet. Her har det vore samanhengande seterdrift fram til nyare tid. Lenge brukte dei dragarstreng og løypestreng for å få mjølka til gards, men etterkvart vart det også grave ned ein slange som dei sende mjølka gjennom på eit fast tidspunkt kvar dag.

Kulturminne ID 22xxx: Rotevassetra, gnr. 26, 27: Var nok den største av setrane, heile 24 gardar og plassar setra i Rotevassdalen, og det kunne vere heilt opp mot 80 mjølkekyr utanom ungdyr, sauer og hestar på beite her. Det hende at dei måtte ta heim dyra midt på sommaren for at det skulle få vekse opp att.

Kulturminne ID 23xxx: Rotsetsetrane, gnr. X: Alle bruka på Rotset hadde beiterett med seter både ved Rotevatnet, i Lisjedalen og Høgedalen. Gamlesetra låg ved Rotevatnet, men når ho vart flytta lengre fram, vart ho heitande Lisjesetra. Det vart veksla mellom Lisjedalen og Høgedalen, så



graset fekk vekse oppatt. Greivsneset hadde også eiga seter, men denne vart tidleg nedlagt. Det viser murrestar etter selet her.

Kulturminne ID 24xxx: Hjartåsetra, gnr. 35, 36, 37 og 38: Ligg på vestsida av Ullalandsvatnet og var seter for Hjartå, Reitane, Åsen og Ervika. Kring 1900 kom det køyreveg gjennom Aldalen, og då vart sela flytte frå den gamle plassen nede ved vatnet og opp til vegen. På setra her vart det beitt både kyr, geiter, sauer og hestar.

Kulturminne ID 25xxx: Grøndalen, gnr. 59/fl. bruk: Setra for gardane på Søre-Kalvatn ligg nord for Grøndalsvatnet, på grensa mot Heggjabygda i Nordfjord. Det vart setra her fram til 1952, sidan har setra vore brukt til beite.

Kulturminne ID 26xxx: Rinddalsetra, fleire gnr.: Var sommarseter for Indre Høydalen og Høydalsdalen, dei hadde vår- og haust-seter i **Langedalen**. Der hadde også Høydalsvikane krøtera sine på hausten, på våren hadde dei eiga seter på **Vikesetra**. Frå gamalt av vart det også setra i **Feirdalen**, men desse sela vart sidan flytte til Rindalsetra. For å få dyra hit rodde dei over Osvatnet og Rindalsvatnet, og det kunne vere opptil 60 kyr på setra, utanom geiter. Det var fullsetring her, så dei både kinna smør og kokte brunost. Siste året det vart setra her var 1947, sidan var det brukt til sommarbeite.

Kulturminne ID 27xxx: Helsetsetra og Kulturminne ID 28xxx, Nysetra: Eigentleg to setrar som ligg berre 500 meter unna kvarandre og også går

under namna **Nørdalssetra/ Ottardalsetra** og **Helsetsetra**. Fleire av husa her er truleg frå 1700-talet og vart flytte hit frå Byrjevatnet, der setrane var før. Under krigen hadde familien Kristvik ei tid opphald i Samundselet på Nysetra, då tyskarane tok lærarane til fange. På Nysetra vart det setra til 1963.

Kulturminne ID 29xxx: Hamna, gnr. 107, 108, 109 og 110: Seter for gardane på ytre Folkestad. Frå først av var det berre vakjarhus her, men litt før 1900 vart det sett opp sel for dei fleste gardane, og alle hadde særskilte namn som også er brukte i setre-songen for Hamna. I slutten av 1920-åra kom det køyreveg fram til setra. Det kunne vere opptil 60 kyr på beite her, og den første tida vart også sauene mjølka. Siste året det vart setra her var 1949.

Kulturminne ID 30xxx: Stranda, gnr. : Gardane på Indre Dale hadde sjøseter (den einaste i Volda) mellom Fjøsneset og Lisjeneset fram mot 1950. Teigane her vart slegne før jonsok, og så beitte utover sommaren.

Kulturminne ID 31xxx: Tryfta, gnr. 132, 133,134: Seter for Indre Åmelfoten og Dalen. Vårane hadde Åmelfot-gardane beite på Rysja, medan Dalen beitte i Langedalskjeret. Det vart setra på Tryfta til kring 1955.

Kulturminne ID 32xxx: Strynesætra, gnr. 199, 200 (fleire bruk): Stølen ligg inst i Knutsdalen kring 575 moh. Frå stølsvollen er det storslagen utsikt nedover dalen. Stølvollen ligg på eit lite høgdedrag der det er 20 sel og to



nyare hytter. Bygningsstrukturen har preg av klyngetun, det skal stå eit sel som er frå 1600/1700-talet.

Kulturminne ID 33xxx: Bruasetra, gnr. 182,183, 184: Stølen ligg kring 400 moh. i eit forholdsvis ope og breidt dalføre med god utsikt. Sela på stølen er i god stand og dei fleste er restaurert. Sela står på rekkje langs vegen. Det er få uthus/fjøs att. Inne på sjølve stølsvollen er det restar etter steingardar og over elva Guridøla er det bygd steinbru.

Kulturminne ID 34xxx: Storsetra, gnr. 181, 183: Stølen ligg kring 450 moh. i eit forholdsvis ope og breidt dalføre. Bygningsmiljøet er godt bevart og dei fleste bygningane har torvtak. Stølshusa ligg samla aust og sør på stølsvollen, mens fjøsa står nord på stølsvollen, ved vegen. Både rekkje- og klyngetunstruktur er representert.



Kulturminne ID 35xxx: Hjortedalsetra, gnr. 187, 188, 189, 190: Stølen ligg kring 470 moh. med utsyn mot Storsetra/ Bruasetra- området. Heilskapleg stølslandskap med stølsvoll og slåttekvier.

Kulturminne ID 36xxx: Hornindalssetra, gnr. 191,192,193, 194, 195: Stølen ligg kring 410 moh., i Sæterdalen. Frå stølen har ein vidt utsyn nedover Rokkedalen. Nokre av sela er orientert i rekkjer, mens andre dannar tun. Sela er velhaldne. Stølen var utgangspunkt for ei viktig ferdslerås inn Hornindal, forbi Tyssevatnet (Rokkevatnet) og ned til Bjørke. På setrane var det vanleg å danse på setrekvia. Dette var samlingsstad og noko det knyter seg mange gode minner til. På Hornindalssetra vart det laga ein platting til dette føremålet.

Januarmorgon på Storesetra 2016. Foto: N. H. Holmøy- Wang.



Kulturminne ID 37xxx: Sætremyrane naturreservat, gnr. 202, 1, 2:

Sætremyrane naturreservat ligg i Hornindal på sørsida av elva. Området hallar slakt mot nord, ned mot Honndøla. Det ligg dyrka mark på oversida av reservatet mot sør. Det er ein del skog i reservatet. Den sentrale høgmyra er tresett med glissen furumyrskog, og i kantane i sør og aust inngår noko furu- skog på fastmark. Det stod tidlegare ein torvstrøfabrikk på myra, og restar etter skinnegang, torvhus og torvhesjer er no interessante kulturminne.

Kulturminne ID 38xxx: Vetestove på Ytrehornsnakken, gnr. 187: Frå Ytrehornsnakken er det eit storfelt utsyn innover Hornindalsbygda og nedover sjølve vatnet med grendene ikring. Denne fjelltoppen peika seg difor naturleg ut som vete plass då Håkon den gode skulle skipe eit nasjonalt varslingsystem på 900-talet. Takloveten på Hundeidsfjellet (563 moh.) var på mange vis den mest sentrale veten i Nordfjord, for frå Takloveten delte signalet seg vidare innover fjorden i tre liner: Den nordlege gjekk frå Takloveten til Åsebøen ved Heggabygda (340 moh.) og vidare til Ytrehornsnakken i Hornindal (560 moh.). I 2003 vart det sett opp ei ny vetestove på Ytrehornsnakken. I tillegg til å vere eit kulturhistorisk minne, skal den også tene som kvileplass og ly for turgåarar.

Kulturminne ID 39xxx: Sankekvie (Raftevold), gnr. 194/3: På Raftevold finn ein restar etter innhegning som har vore nytta til sankekvie. Dette er spor i naturen som viser både teknikk med å lage sankekvie og «systemet» med sanking.



Sankekvie på Raftvoll.

Kulturminne ID 40xxx: Timberhaugen, gnr. 152/2 : Ei gruppe med vårfjøsar på Sætre, Lauvstad.

Kulturminne ID 41xxx: Steingard, Folkestad, gnr.?: fin steingard oppe mot Smørkinnemyra, og den skal vere sett opp av Bakke-Ola (Ola J. Rønnestad) for å dele utmarka mellom gardane her.

Kulturminne ID 42xxx: Torvgard frå Åseskaret til Sætreåsen gnr.?: heilt opp på Snøhornegga 850 m.o.h., steingarden er 3-4 km lang. Undersøkingar viser at steingarden nok vart oppsett etter eit grenseforlik mellom gardane Feta (Lauvstad), Løndalen og Nakken på eine sida og

Sætre, Sætreåsen, Grøtholen og Kvanngardsneset på den andre i 1760.
Grensa vart justert noko i ei ny sak 1862, slik at nedste delen vart lagt om
og ny grensegard oppsett der 1865.

For fleire enkeltminne sjå også under Kulturmiljø og kulturlandskap

- Tettstaden Volda
- Viddal, Bjørke og Skjåstaddalen



Sætremyra, spor etter torvstrødrift, mellom anna restar etter skinnegang. Foto: Fylkesmannen.



Vetestove på Ytrehornsnakken, foto: Valborg Hustadnes.



Kulturell infrastruktur- skular, forsamlingshus og kulturanlegg

I 1739 vart det innført obligatorisk skule i Noreg for første gong. Denne viste til skuleplikt frå 7- års alder for alle som «kand søge Skole» og minst til dei var 10-12 år gamle. Det viktigaste faget var kristendom, men det vart også undervist i lesing, skriving og rekning. Denne skulen var helst ei opplæring i kristen tru og ei førebuing til konfirmasjonen som vart innført som obligatorisk tre år tidlegare. Det var få faste skulebygg og det var vanleg med *omgangsskule*. Det vil seie at læraren haldt skule i heimane etter tur. Det var presten si oppgåve å skaffe lærarar, som ofte var klokkaren.

Tilhøva for undervising var ikkje ideelle i dei små stovene rundt om på bygdene og det vart etterkvart også klart at innhaldet i skulen trengde ei fornying. I 1860 kom fastskulelova som slo fast at kvart herad skulle delast inn i krinsar og det skulle byggjast, eller leige, eit eige hus til undervisinga. Med dette vart det reist ei rekkje skulehus kringom i landet. Skulehusa vart bygde etter dåtidas tanke for gode læringstilhøve og dei vart bygd ganske like frå bygd til bygd. Enkle hus, med eit klasserom, gang og lærarrom, samt tettstilte, store vindauger.

Innhaldet i skulen endra seg også, no skulle borna få ei breiare opplæring i allmenne fag som geografi, søge og naturfag i tillegg til lesing, skriving, katekisme og song. Sakte med sikkert vart også tilgangen på lærarar betre, ikkje minst takka vere skipinga av Voldens høiere Almueskole i 1861.



Yksnøy skule var i drift frå 1910-1954, og vart reist av folket på øya.

Kunnskapstradisjonen i Volda har vore sterk. Ein veit at allmugen i Volda, og på Sunnmøre i det heile, var uvanleg lese- og skrivekunnige. I 1760-åra fanst det bøker i over 40% av arveskifta på Sunnmøre. Dette tyder på at ein stor del av befolkninga kunne lese før allmugeskulen vart innført i 1739. Bjørkedalen er i også i særstilling ved at det her er bevart fleire eldre bøker som vitnar om skrivekunne i eldre tid, og som dokumenterer både eldre

slektshistorie og gjev viktige kommentarar til dagleglivet. Dette kan knytast til økonomiske oppgangstider og kontakt med omverda.

I kjølevatnet av opplysningstida på 1700-talet, var det særskilt embetsmennene, gjerne lensmann og prest, som var dei fremste talsmennene for nytten av kunnskap og ivra for folkeopplysning. Hans Strøm (1726-1797) var prest i Volda og skreiv fleire folkeopplysande verk om ulike tema. Ein annan sentral person var Sivert Aarflot, som 19-åring vart han sett til å vere omgangsskulelærer av Hans Strøm. Sjølv om han etterkvart gjekk over til å bli bonde på heiltid, og seinare lensmann, fortsette Sivert Aarflot å fremje kunnskap mellom sambygdingane. I 1797 hadde han starta med å låne ut sine eigne bøker frå tida som skulemeister under namnet «Laane-Bibliothek i Ørstens sogn». Då han flytte til Ekset tok han med biblioteket sitt og utvida det til også å gjelde Volda sokn. Ivar Aasen (1813-1896) vart tidleg ein ivrig gjest på folkebiblioteket på Ekset. Sivert Aarflot fekk trykt fleire historiske artiklar og småskrift i Bergen, før han i 1807 søkte om kongeleg løyve og starta eige trykkeri på Ekset.

Nokre skulekrinsar hadde alt oppført skulehus då fastskulelova kom. I Hornindal vart det første skulehuset bygd i 1832. Dette var eit av det første skulehusa i området og det vart bygd på privat initiativ av skulehaldar og klokkar Rasmus Kirkhorn. Han kom frå Knutebruket på Kirkhorn, ei slekt som hadde lange tradisjonar for skulemeistarar. Han etterlet seg mykje skriftleg materiale, også nedskrivne slektskrøniker og segner. Desse minner mykje om tilsvarande skrifter som vart til i Bjørkedalsmiljøet og av Sivert Aarflot i same tidsperiode. Den første allmugeboksamlinga vart

skipa i 1846 og fekk plass i gamle Kirkhorn skule. Gjennom dei følgjande åra følgde heradet opp med løyvingar til boksamlinga. Tidlegare Hornindal kommune vart etter 1860 delt inn i 6 krinsar og alle fekk fastskule i løpet av 1870 og 1880-åra, med unnatak av Støverstein krins som heldt til i leigd lokale. I Volda sokn vart det også skult fast i Klockkargarden på Klepp frå 1831. Dei første skulehusa på bygdene vart bygde på Eide og i Holsvika i Austefjorden. I dagens grunnkrins Bjørke og Viddal, kom dei første skulehusa på byrjinga av 1900-talet. I Viddal vart den første fastskulen teken i bruk i 1905.

Alt i 1840-åra vart det på Søre Sunnmøre jobba med å forbetre nivået på omgangsskulelærarane. Det første initiativet til å opprette ein høgare allmugeskule og skule for omgangsskulelærarar, kom frå Herøy, men initiativet førte ikkje fram. Nokre år seinare jobba soknepresten i Volda, Hans Nikolai Wraamann, og ordførar og stortingsmann, M. A. Aarflot for å opprette ein slik skule i Volda. I mars 1858 fekk Volda positivt svar frå Kyrkjedepartementet og i 1861 vart «Voldens høiere Almueskole med annetteret Dannelsesanstalt for Skolelærere» bygd på tomt av Prestegarden ved Øyra-elva. Skulen romma også fastskule for elevane i Øyra og Vikebygda, som skulle vere øvings-elevar for lærarstudentane tredje året. Skulen var den første lærarskulen utanom byane og var byrjinga på historia om Volda som skulestad. Volda vert i den dag i dag rekna som eit tyngdepunkt innan høgare utdanning utanfor byane. Sjø meir om dette under *Tettstaden Volda*.



Dei fleste elevane kom frå nærområdet, men også søkjarar frå Søre Sunnmøre og Nordfjord skulle ha førsterett ved opptak. I Hornindal gjorde særleg Knut R. Kirkhorn, som var både lærar, klokkar og stortingsmann, mykje for å gje evnerike ungdommar ein god start til vidare skulegang. Alt frå 1850 var det framhaldsskule på Kirkhorn. Mange av elevane der haldt fram på *seminaret* i Volda og på Stord og Hornindal vart kjend som ei bygd som har «produsert» mange lærarar. På sørsida av Hornindalsvatnet vart Holmøy arbeidsskule starta opp i 1858 av Hans J. Holmøy. Dette var den første skulen i sitt slag på landsbygda i Noreg. Mange honndøler og ungdomar frå nabobygdene gjekk på denne skulen og lærte seg snikring, smedhandverk og måling. Mange ungdomar frå Hornindal vart også underoffiserar, truleg på grunn av nærleiken til ekserserplassen på Nordfjordeid.

Lag og foreiningar

I Norge vaks frivillige lag og organisasjonar fram parallelt med samfunnsendingane frå midten av 1800-talet og utover. Forutan lekmanrørsla, stod fråhaldsrørsla, målsaka og kristeleg og- frilynte ungdomslag sterkt på våre kantar. Dette var rørslar som var drivne fram av folket - viktige samfunnsoppgåver skulle løysast og folket var innstilt på å løfte i flokk. I byrjinga var rørlene i stor grad knytte til både læraren og skulehusa. Læraren hadde ofte ei sentral rolle, som både leiar og inspirator, og skulehusa vart nytta til samlingsstad. Etterkvart vart skulehusa for små og eigne forsamlingshus vart reist. Fram til 1920 var forsamlingshusa likevel relativt små, med ein mindre sal med kjøkken.

Etterkvart som aktiviteten auka vaks storleiken på salane, det vart bygd scene og galleri, og ein hadde gjerne ein talarstol som kunne løftast opp på scena når viktige talarar vitja.

Idrett

«Den engelske sporten» til landet for fullt i 1880- og 1890-åra og sport «for sportens skuld» meir vanleg og utbreidd i Noreg. Skigåing, som, fram til då, helst var knytt til arbeid i skog og mark, vart ei motesak i Kristiania og interessa for skigåing til fjells vaks også. Nye idrettar som friidrett, sykling, tennis og fotball kom til og i tida frå 1893 til 1911 vart det stifta ei mengd særforbund.

Etter unionsoppløysinga med Sverige i 1905 vart det eit kraftig oppsving i norsk idrett. Nasjonalkjensla vart styrka og norsk natur, friluftsliv, norsk tradisjon og norsk idrett vaks fram som ein sterk nasjonal identitet. Landet fekk store nasjonale heltar som polarforskarane Fridtjov Nansen og Roald Amundsen, skiløparen Lauritz Bergendahl og skeiseløparen Oskar Mathisen.

Skeiser hadde lenge samla folk i Noreg til leik og moro. Nytt var det heller ikkje for born og ungdom å tevla fysisk gjennom både skigåing og kappspringing, men kring århundreskiftet vaks det fram formelle organisasjonar der idretten vart det sentrale.

Dei første idrettslaga i kommunen går tilbake til slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. 1. mai 1899 vart *Voldens turnforeining* skipa og i 1900



og i 1901 er det indikasjonar på to idrettslag i Hornindal: Idretts- og ungdomslaget «Horn» og Hornindalens Idrætslag. Vinteren 1909-10 vart Indre Hornindal idrettslag skipa. Aktivitetane i Indre Hornindal idrettslag var først og fremst knytt til langrenn og hopp.

I Nordfjord hadde det vore skipa til lokale skirenn alt frå slutten av 1800-talet, og med den organisere idretten vart det fleire og meir jamlege renn i både ski og hopp. I byrjinga vart naturlege bakkar kringom i bygdene nytta til hopprenn, men i mellomkrigstida byrja ein så smått å byggje bakkar med rett profil, oppbygd hopp og tribune. Renna vart større og løparar frå fleire distrikt konkurrerte mot kvarandre. Etter renna vart det halde premieutdeling og dans, skirenna vart såleis ei sosial samling der ungdommen kom saman til fest og moro.

Idrettsmiljøet i kommunen er aktivt og for dei fleste laga har det vore satsing på fotball og skiidrett på vinterstid. *Voldens turnforeining* Volda vart etablert i 1899. I 1945 vart namnet Volda Turn og Idrettslag (VTI) og i 1998 vart dei omdanna til VTI Allianseidrettslag med tilknytning til sær-idrettslaga VTI Fotball og VTI Allidrett (symjing, nordisk/skiskyting, alpint, turn, disk-golf). Volda stadion vart bygd 1956. KFUM Volda vann eliteserien i volleyball 1973-74, og var mange år i eliteserien.

Frå midten av 1960-talet fekk Hornindal Idrettslag ein stadig aukande aktivitet innafor dei gamle greinene som ski og fotball, men nye greiner kom også til: volleyball, orientering, vektløfting, skiskyting, sykling og trim. På 1980-talet og byrjinga av 1990-talet var det eit høgdepunkt når det

gjaldt prestasjonar, tal på grupper og deltaking. I Hornindal har utøvarar innanfor ski (hopp og langrenn), fotball og volleyball utmerka seg. Idrettslaget starta også opp den første Fjelltrim-konkuransen i Nordfjord i 1970. Denne konkurransen utvikla seg til «Norges tøffaste løp», Hornindal rundt, 75 km langt og med ei høgdestiging på 5600 meter.

Hornindal Idrettslag har også hatt store utbyggingsoppgåver i denne perioden, med mellom anna Idrettsparken, Seljesetbakken og Hornindal skisenter.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi

Kulturminne ID 227368: Dalsfjord gamle skule, Dravlaus gnr. 146/8:

Dette er det eldste eksisterande skulehuset i Dalsfjorden, og var bygd i 1872 på bygsla tomt ved Garaelva på austsida av den gamle bygdevegen gjennom Garen. I 1929 vart skulehuset overteke av Losje Halkjell i Volda, og flytta til Aldalen. I 2014 vart Losjehytta demontert og flytta tilbake til Dravlausbygda i regi av Dalsfjord Sogelag.

Kulturminne ID 227403: Yksnøya, gnr. 1/2: Førstegenerasjons fastskulehus frå 1910, brukt som skulehus til 1954, sidan forsamlingshus for folket på Yksnøya. I 1900 var det 20 barn på øya.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi

Kulturminne ID 43xxx: Kirkhorn skule gnr. 205/8: Kirkhorn skule vart teken i bruk i 1939 og erstatta skulebygningen frå 1868. Skulehuset har romma mange funksjonar, skule, bibliotek, kyrkjelydstove, lager, speidar,



fritidsklubb, motorlære, førskule, og sikkert meir og. Skulehistoria har ein sentral plass i Hornindal si utvikling.



*Kirkhorn skule, foto:
N. H. Holmøy-
Wang*

Kulturminne ID 119xxx: Hjartå skule, gnr. 30/34: Bygd i Ervikstranda 1900, men då vegen gjennom Hjartåbygda skulle byggast i 1904, måtte skulen flyttast opp på Åseskaret. Skulehuset var i bruk til 1984, då den nye skulen vart teken i bruk. Skulen vart flytta til Hau eleit 1988, som døme på korleis dei gamle skulehusa kunne vere.

Kulturminne ID 44xxx: Kalvatn skulestove, gnr. 56/19: Kalvatn skule vart bygt på Nøre-Kalvatn i 1894. Elevane frå Osdalen hadde rett til tre vekers heimeskule vinterstid, for å unngå den 8 km lange skulevegen. Kalvatn skule var i drift til 1983. Skulestova har sidan vore brukt til samlingshus.

Kulturminne ID 45xxx: Innselset skule, gnr. 140/3: Bygd 1906, den stod heilt attmed vegen litt utanfor der den står no. Den første tida delte skulen lærar med Velsvik krins, slik at ein gjekk på skule 14 dagar og hadde så 14 dagar fri til neste gong. Etter at skulen vart nedlagt, vart det frå 1970 slik at elevane reiste frå Dravlaus og hit når dei skulle ha skulekjøkken. Skulen vart sidan brukt som grendehus for Innselsetbygda, fram til han vart seld til private.

Kulturminne ID 46xxx: Velsvik skule, gnr. 167/?: Bygt så seint som i 1907 på Rota, før det veksle skulehaldet mellom gardane. Den førte tida delte bygda lærar med Ulvestadkrinsen, men frå 1946 vart det ½ lærarstilling i deling med Innselset krins. Velsvik skule vart nedlagt frå hausten 1971 og elevane flytta over til Ulvestad skule.

Kulturminne ID 47xxx: Dølheim, Lønje, gnr. 204/13: Ungdomshus, bygd i 1920 av Hornindal Ungdomslag, skipa i 1885.

Kulturminne ID 48xxx: Ljosvang, Bakke, gnr. 191/10: Ungdomshus, bygd i 1918 av Indre Hornindal Ungdomslag, skipa i 1909.





Dølheim, ungdomshuset til Hornindal ungdomslag (foto er henta frå heimesida <http://www.hornindal.com/default.aspx?pid=1801&conID=10126>)

Kulturminne ID 50xxx: Fura- idrettsplass, gnr. 191/1, 194/3: Gamal idrettsplass i Hornindal som ligg ved traseen til Den Trondhjemske postvei. Opparbeidd sommaren 1927. Her har det vore mange spanande kampar, og det er framleis ein samlingsstad for folket. No er den ikkje i bruk som idrettsplass. Tradisjon med jonsokfeiring vert halden i hevd og mange har dette som sin faste tradisjon.

Kulturminne ID 138xxx: Siklebakken, gnr. 88/1: Tidstypisk hoppbakke, bygd i 1933, hovudsakleg på dugnad. Det første offisielle hopprennet gjekk av stabelen 26.mars 1934. Bakkerekorden er på 64,5 m (Olav Hovdenakk, Ørsta). Under opningsrennet i 1934 var Siklebakken blant dei største på

Vestlandet og jamstor med Holmenkollen. Årleg vart det arrangert store renn i bakken med utøvarar frå Nordfjord, Sunnfjord og Sunnmøre. Det vart også arrangert landsrenn der fleire av dei beste hopparane i landet deltok. Bakken var ein såkalla fallbakke. Hopparane gjekk høgt ut frå hoppet og hadde stor fallhøgde til nedslaget. Å hoppe i Siklebakken vart sett på som ei lita manndomsprøve.

Kulturminne ID 139xxx: Kortemyra, gnr. : På Kortemyra vart det på 1930-40 talet tillaga hoppbakke. Nokon kjend hoppbakke blei det aldri, den var helst brukt lokalt av ungdomane på Heltne.

Kulturminne ID 140xxx: Kråkenakken, gnr. ?: Hoppbakke.

Kulturminne ID 141xxx: Grøndalsbakken, gnr. ?: Hoppbakke.

Kulturminne ID 142xxx: Lomstjønnsnakkebakken, gnr. ?: Hoppbakke.

Kulturminne ID 143xxx: Åsnipa, gnr. ?: Hoppbakke.

Kulturminne ID 144xxx: Røyshyttebakken, gnr. ?: Hoppbakke.

Kulturminne ID 145xxx: Myrbergbakken, gnr. ?: Hoppbakke.

Kulturminne ID 146xxx: Håmyrsbakken, gnr. ?: Hoppbakke.

Kulturminne ID 147xxx: Lida, gnr. ?: Hoppbakke.

Kulturminne ID 148xxx: Sniglen, gnr. ?: Hoppbakke.



Kulturminne ID 149xxxx: Barstadmarka, gnr. ?: Hoppbakke.

Kulturminne ID 150xxxx: Gjølet/Hola, gnr. ?: Hoppbakke.

Kulturminne ID 151xxxx: Skarebakken, gnr. ?: Vestsida Idrettslag arrangerte skirenn med hopp og langrenn på Skaret i Ulvestadbygda 1969. Skarebakken var naturskapt, og hopparane kunne strekke seg heilt ned mot 30 meter.

Kulturminne ID 152xxxx: Furunakkteigen, gnr. ?: På Kalvatn vart det i 1935 starta arbeidaridrettslag; Kalvatn Skilag. Laget hadde 25-30 medlemmer og arrangerte langrenn allereie 1936. Dei dreiv også med skihopping, og brukte Furunakkteigen som bakke. Laget vart oppløyst etter krigen.

Kulturminne ID 153xxxx: Vasslida, gnr. ?: I 1945 vart det laga til skirenn på Bjørkedalen, der ein samla ungdomar frå heile vestsida av fjorden. Det vart laga skibakke i **Vasslida**.

Kulturminne ID 154xxxx: «Flommen», gnr. ?: Eit kjent skiområde på Engeset, der ein kunne køyre slalåm. Det var eit aktivt alpinmiljø i Volda nokre år på 1960-talet, og i 1966 vart det avvikla eit storrenn her med mange av dei beste utøvarane i landet. Det var over 600 tilskodarar.

Skulemateriell utvikla av to frå Hornindal: Ole N. Lødøen var ein føregangsmann i bruk av visuelle læremiddel i skulen. Han laga song slik at ein kunne lære multiplikasjonstabellane. Han laga modellar av fiskar og fiskereiskap, plansjar om mål og vekt, om ordklassar og ymse

bøyingsformer, og om musikken sine element. Samlinga vart kjend i både inn- og utland og Ole N. Lødøen var ein av samtidas mest kjende lærarar her i landet. Han gjekk av for aldersgrensa i 1927 og fekk samstundes tildelt kongens fortjenestemedalje i sølv.

Ole Iver Knutsen Lødøen var mest kjend som forfattar av historiske læremiddel. I åra frå 1905-1933 ga han ut 9 lærebøker, mellom anna ei om bibelhistorie. Han var oppteken av utvikling i skulen og svært interessert i litteratur. Opp gjennom åra samla han eit heilt bibliotek, på opp over 1000 bøker. Sivert Svor kjøpte boksamlinga etter at Lødøen døyde i 1939 og ga heile samlinga til Hornindal menighet. Ho stod fleire år på lærarrommet på Kirkhorn skule og var til utlån for elevane. Bøkene vart seinare overtekne av Hornindal Bygdesamling og er no plasserte i den nyrestaurerte stova under Skaret.

For fleire enkeltminne sjå også under Kulturmiljø og kulturlandskap

- Tettstaden Volda
- Viddal, Bjørke og Skjåstaddalen





*Siklebakken: Skihopparen Pål K. Seljeset, Hornindal, med knekkstil til 58 m i 1948.
Fotograf: Ukjend, eigar Elling Seljeset (henta frå kulturhistorisk leksikon, fylkesarkivet i Sogn og Fjordane).*



Grøndalsrettet 4. mars 1917 Eigar: Johan Ottesen.



Tekniske og industrielle kulturminne

Fram til midten av 1850-talet livnærte folk flest seg av jordbruk. Sjølv om jordbruket var rekna som den viktigaste næringa, ga den heller lite overskot. Rett nok levde nokre få godt av avkastinga gardsbruka ga, men mange måtte søkje noko av inntektsgrunnlaget utanom jorda og garden. For folk ved kysten og fjorden ga havet fleire moglegheiter og fiske var den viktigaste attåttnæringa, både sesongfiske ute i øyane og heime i fjorden. Dette ga grobotn for ei anna viktig næring; *båtbyggjing*. Rundt Austefjorden, Kilsfjorden og i Bjørkedalen har ein mange hundre år med tradisjon for trebåtbyggjing. I Bjørkedalen er handverket framleis levande. Mange frå, særleg Folkestad og Dalsfjorden, tok seg arbeid i fyr- og merkestellet og reiste langs heile Norskekysten i statens teneste for å byggje fyr og sjømerke. Dette var arbeid som gjekk i arv i generasjonar.

I innlandsbygda Hornindal stod smedtradisjonen sterkt. Ljåsmiding utvikla seg på 1800-talet til eit handverk som honndølene meistra særst godt og Hornindal vart eit senter for ljåproduksjon på Vestlandet. Dei fleste, både bønder og husmenn var ljåsmedar. Mogleg har ljåtradisjonen bakgrunn i den lokale myrmalmutvinninga, sjølv om produksjonen frå 1700-talet og utover, vart basert på innkjøpte råvarer. Det fanst også smedar som spesialiserte seg, til dømes, som navarsmed og låssmed. Arbeid med tre var også høgt prioritert i bygda og det vart fostra fleire dyktige bygningsmenn. Det var vanleg at mange tok seg bygningsarbeid utanfor bygda, som på Sunnmøre og nordover.

I løpet av 1800-talet opplevde folk store endringar i økonomi og levevis. Ein del av endringane var at ein byrja å nytte maskiner og mekanisk drivkraft i produksjon av varer og det vaks fram små og store fabrikkar som ga livsgrunnlag utan om primærnæringane. Grunnlaget for denne framveksten var i hovudsak *vasskraft*. Sjølv om ein i fleire hundre år hadde nytta vasskraft som drivkraft for mellom anna både kvern, stamper og sag, byrja ein å for alvor å utnytte vasskrafta som drivkraft til maskiner mot midten av 1800-talet. Kring 1870 byrja ein å utnytte så smått å nytte vasskrafta til produksjon av elektrisk straum og den storstilte kraftutbygginga kring århundreskiftet var ei av føresetnadane for industrialiseringa av landet.

Kraftutbygging

I Volda var Øyraelva i Elvadalen, mellom Rotevatnet og Volda sentrum viktig for framveksten av det moderne samfunnet og har stått sentralt i "industrialiseringa" og busetjinga her. I 1908 stod kraftverket til Rasmus Sivertsen Halkjelsvik ferdig - eit kraftverk som altså nytta seg av vatnet i frå Øyraelva. Halkjelsvik trengde kraft til eit **farger**i som han dreiv i området der dei gamle støyperibygningane ligg i dag. Overskotet av kraft selde han til andre verksemder og til privatpersonar i området.

Seinare vart det etablert fleire kraftverk ved elva. Volda kommune bygde eitt som låg like ved prestegardstunet med inntaksdam like ved der ein finn Møre Konfeksjon Volda as sitt bygg i dag. I 1935 bygde Ragnar Aarflot eit kraftverk oppe ved Mylnefallet som Volda Sogelag no har bygd opp att.



Kolfossen, vassdraget mellom Kalvatn og Langvatn vart utbygd 1916-20. Sluttrekninga kom opp i 2,6 millionar, ein svimlande sum i 1920, og førte til at både Volda kommune og den lokale sparebanken fekk økonomiske vanskar. Kraftprisen blei sett høgt, og brukarane avgrensa bruken mest mogleg. I 1937 vart fallet mellom Osdalsvatnet og Kalvatn utbygd, **Kopeverket.**

Høydalselva: Høidalens Elektrisitetsværk vart skipa 1915, og kraftverket vart starta 1917. I periodar vart det for lite vatn til å drive kraftverket, så i 1920 vart det bygd demning i Osvatnet, slik at ein kunne regulere vatnet med 2,5 meter. I 1930-åra vart likeins begge vatna i Bøjoldalen demde opp, og seinare også på Osen. Då heller ikkje dette var nok til å sikre stabil vassføring, vart det i 1942 bygd ny demning i Langedalen, der reguleringshøgda var 9 meter. Kraftverket her vart innløyst av Volda kommunale Elverk i 1966, og kraftselskapet vart nedlagt 1969. I 1998 vart det på nytt starta el-verk i Høydalselva.

Folkestadelva: Her vart det starta elektrisitetsverk i 1913, og etterspurnaden auka sterkt under første verdskrigen. I 1915 vart Folkestad Mylne starta på ei lita flate ved Storebrua. Det kom folk hit med båtlaster med korn til maling heilt frå Stadtlandet og øyane utanfor Ålesund, og mylna vart så populær at den måtte utvidast med to større kverner. Kverna hadde også rett til å male korn under andre verdskrigen, men ei tid etter vart det slutt både på korndyrkinga og -malinga her.

I 2006 vart det på nytt starta kraftverk i Folkestadelva, denne gongen med mykje større fall, og dermed større kapasitet enn det gamle kraftverket.



Kolfossen kraftverk, foto: Wikipedia.

Åmela: Kraftverket her starta i det små som eit mindre kraftverk for gardane på Mårstøylen og tønnefabrikken i 1915. Gustav Maarstøl sikra seg alle fallrettane i Åmela-vassdraget og hadde store planer om utbygging. I 1918 leigde han eit større jordstykke i Åmelfoten med plass til inntaksdam og rørleidning. Men same året gjekk tønnefabrikken konkurs

og planane vart skrinlagde. I 1925 vart så **Åmelfot Kraftlag** skipa med alle i bygda som interessantar, og no vart kraftverket oppjustert slik at dei også fekk lys og kraft til eigedomane sine. Søre Sunnmøre Kraftlag overtok kraftleveringa her 1962, men kraftverket var i drift til starten av 1970-talet. I 1973 tok så utbygginga av **Åmela kraftverk** til. Kraftstasjonen i fjellet ved Mårstøylen kom i drift 1977. Eigar er i dag Tussa Energi A/S.

Tussa Kraft A/S starta også oppatt med kraftproduksjon ved **Dale Kraftverk** i 1990. Lisjebøvatnet vart regulert og det vart lagd røyrgate på 1500 meter ned til kraftstasjonen.

I **Dalsfjorden** var det i tillegg ei rekkje **mindre kraftverk** i drift i perioden før Søre Sunnmøre Kraftlag tok på seg å skaffe kraft til alle innbyggjarane. Desse hadde avgrensa effekt, men sørge likevel for lys og varme i mange heimar og gav grunnlag for lokal næringsverksemd. I ein artikkel av Hallstein Kvangarsnes er det nemnt slike mindre kraftverk på følgjande stader i Dalsfjorden: Lisje-Nautvika, Rossetvik kraftverk, Hesteflotane, Dalsbygdens Elektrisitetsverk, Eidset kraftverk, Eidheim elektrisitetsverk, Steinsvik & Vassbakke Elektrisitetsverk, Storlida, Innselset, Øggarden, Aksnes, L/L Dravlausbygda Kraftlag, to kraftverk i Breivika i Dravlaus, Ytre Dravlaus, Sætreåsen, Antunsgarden og Nilsgarden på Sætre, Åmundgarden/B.M.Haugen og Jonsgarden på Ulvestad, Lauvstad Elektrisitetsverk, Gjødal/Telset Kraftverk, Koppen/Høystøylen, Plassen i Velsvika og Velsvik Kraftverk.

I **Hornindal** vart Hornindal elektrisitetsverk bygd i 1913 i Brattegjølet. Drivkrafta bak var den nye soknepresten Anton Schønning Johnson. Dette kraftverket stod for forsyninga heilt fram til 1955, men kapasitetsmangel gjorde til at det var til dels streng rasjonering. Frå 1955 tok Firdakraft over forsyninga og tilgang på rikeleg og stabil kraft førte til auka aktivitet på alle område. Dåverande ordførar og styreleiar i Hornindal kraftlag L/L, Ivar O. Melheim (1898–1980), var ein pådrivar for å bygge ut elektrisitetsforsyninga i kommunen.

Det vart tidleg vist interesse for **Tyssefossen på Bjørke** og alt på slutten av 1800-talet fekk bøndene på Bjørke bod på fossen frå selskap som ville nytte han til produksjon av elektrisk kraft. Kring 1898 vart det sett opp ei kontrakt mellom grunneigarane på Bjørke og Vestlandske Fossekompani, men det vart usemje om vilkåra og kontrakten vart seinare kjend ugyldig.

I 1920 vart Tyssa kraftselskap skipa av Hjørundfjord, Ørsta, Herøy, Ulstein og Hareid, men 1920-åra førte med seg økonomiske nedgangstider, arbeidsløyse og store vanskar for kommunane. Dette var ein av dei viktigaste grunnane til at utbygginga ikkje kom i gang før etter 2.verdskrig, sjølv om planane i ymse variantar vart haldt vedlike gjennom 1930-åra.

Eit nytt interkommunalt Tussa-selskap, Tussa kraft, vart skipa i 1949 av kommunane Hjørundfjord, Vartdal, Ørsta og Volda. Då var y'en bytt ut med u, for å ikkje namneblende Tyssefalla i Hardanger. På nyåret i 1958 tok utbygginga til. Utbygginga av Tussa-anlegget kosta 70 millionar



kroner og var ei frisk og dristig satsing, det var også eit pionerarbeid som skulle komme til å koste fleire liv. Den 16. januar 1961 vart kraftverket sett i drift og som Møre Nytt skreiv: «Glede og velnøgje spreidde seg med lyset over heile distriktet» (Møre-Nytt 16. januar 1961).

Auka tilgang på kraft førte til større forbruk og Tussa såg potensialet i fleire vatn som låg i grenseområdet Hjørundfjord-Hornindal, «takrenneprosjektet» vart såleis lansert tidleg på 1960-talet. Utbygginga av Tussa førte med seg stor aktivitet i området, og moglegheiter for å ta seg løna arbeid utanom garden. Dette førte til auka levestandard og moglegheiter for å koste på både hus og utstyr på gardane.

Sjølv om Tyssefossen ikkje vart utbygd før på 1960-talet, fekk innbyggjarane tilgang på straum før dette, gjennom samarbeid med, mellom andre Firdakraft. Det var også fleire, mindre private kraftverk. Først ute i Hjørundfjord var Øvre Bondalen Lysverk (1918) og Brattelvens Elektrisitetsverk på Førland (1919).

Innanfor kretsen Viddal/Bjørke bygde folket på Sætre eit kraftverk på 3 kW i 1937, seks år etter kom Finnes med, og då sette dei opp eit kraftverk på kring 30 kW. Dette var i drift til Tussa vart utbygd. Skjåstad og Morka gjekk saman om å bygge kraftverk i Sledalselva i 1940-åra, dette var i drift til 1962 då Tussa kraft tok over forsyninga. På Fram-Saure vart det også bygt eit kraftverk under 2.verdskrig, dette ga lys til alle, likeeins på Jakobgarden på Raustad.

På Åkre bygde brørne John og Jacob Mork kraftverk under krigen, først eit på 10 kW, nok til å drifte ysteriet og sagbruket deira, samt lys til nokre få bruk. Etter krigen vart det grave tunnel gjennom Røvsneset og med denne kunne kraftverket utvidast til 40 kW.

Fabrikkar og småindustri

Som følgje av kraftutbygginga vaks det fram ein del småindustri i mellomkrigstida, og etter 2. verdskrig, som var av stor verdi for sysselsetjinga og lokalsamfunnet. Produksjonen var variert; til dømes har det vore fleire møbelfabrikkar i sving, men det vart også produsert både sko, kraftfôr, ski, mineralvatn og orgel. Det var heller ikkje uvanleg at det var verkstader i mange kjellarar, der ein dreiv med forskjellig slag småindustri. I tidlegare Hornindal kommune var ordførar Kaare Maurset (1903-1988) ein føregangsmann når det gjaldt utbygging av industri. Han gjekk i brodden for å bygge kommunale utleigebygg til industrien og gode vilkår gjorde at mange, både eldre og nye verksemdar, fann det tenleg å etablere seg i Hornindal.

Av mindre verksemdar i Hornindal kan følgjande nemnast: Hornindal Mølle (1915), R.K Grodås sin tynnefabrikk (1917), Johannes Haugen sin torvstrøfabrikk på Sætren (torvstrørivar med elektrisk kraft frå 1918), Lars S. Kirkhorn Skifabrikk (kring 1930), B.K. Grodås Sag og høvleri (kring 1930), trevareverksemdene Brødrene Espe, R.R. Lund (Årane snikkarverkstad), Paul Bakké, og Rasmus R. Sætren i 1930-åra, Pål A. Tomasgard sin trevareverkstad (1950-åra), Espelid Møbelfabrikk (1950-åra), Hero Møbler A/S (kring 1960), Fannemel cementvarefabrikk (kring



1960), Sætren sagbruk (1960-åra), Rolf Lund sin hyttefabrikk med «Honndalshytta) (1960-åra).

På Åkre sette brørne John og Jacob Mork opp eit sagbruk og ein verkstad i Kvilsa ved Tysseelva og nytta vasskrafta til å drifte maskineri. John Mork hadde gått på Holmøy snikkaraskule i Nordfjord og lært snikkarfaget der og tok oppdrag i nærområdet. Han heldt også fleire kurs der han mellom anna lærte vekk å lage møblar. Under krigen byrja brørne å produsere mellom anna lysekrunar, lampettar, bordlamper i treskurd. Det var stor etterspørsel og verksemda ga arbeid til fleire menn i bygda. Før krigen etablerte brørne også eit ysteri i Kvisla.

Av større og viktige verksemdar i kommunen kan følgjande nemnast: Møre Støberi AS, Humberset Bil- og Mekaniske Verkstad, Volda skifabrikk, Volda elektriske Mylne, Åslids Møbelfabrikk i Volda, Aalids Stolfabrikk i Austefjorden, Høydal Snikkarverkstad, Brønne Mineralvatn, Hjelle & Dale Møbelfabrikk A/S, Dalsfjord Rivefabrikk, Møre Skofabrikk AS, Løvik og Nesheim garnblæsefabrikk A/S, Haugens Orgelfabrikk, Grodås Fabrikker A/S, Grodås Møbler A/S, Ekornes Fabrikker, avdeling Grodås og GRS Riflestocks.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi

Båtbygging og båtdragning, Bjørkedalen: Båtbyggjartradisjonen er framleis levande på Bjørkedalen. Tidlegare var dette ei viktig attåttnæring (særleg vinterstida) i heile området frå Folkestad og innover fjordane til dalane i Austefjorden, men Bjørkedalen har frå gammalt av vore eit hovudsenter for

båtbygging. Det finst framleis båtskot på fleire av gardane her, som viser korleis dette handverket vart utført. Sunnmørsfuten melde i 1840 at det i åra 1835-40 vart bygt 214 større båtar (åttringar, fjørefar og seksringar) og 830 mindre båtar (trerøringar og færingar) i Volda. «Birkedalens bønder er Søndmøres første ottrings-byggere og regner sig sjølv som hørende til søndre Søndmøres aristokrati», skreiv veginspektør Gregersen i 1886.

Fram til 1880-90 var dei fleste båtane bygde som snedbetningar.

Snedbetningar eller snidbotningar, var bygde slik at det nedste eller to nedste borda var skråa (snea/snida) ned mot kjølen. På færingane vart så dei neste to borda skøyte med to smale bord i framenden av båten, for at bordgongane skulle skråa ned mot stamnen. Den same teknikken vart også brukt på større båtar, men då vart gjerne fleire bord skøyte på denne måten. Dette er spesielt for Sunnmøre og i motsetning til dei fleste andre båtbyggjarmiljø i Norge, der tradisjonen er båtar med heile bordgongar.

Når ein bygde båtar på Bjørkedalen, så måtte desse fraktast til sjøen for å sjøsetjast der. **Båtdraginga** har slik utvikla seg til eit eige kulturminne for Bjørkedalen. Båtdragning var dugnadsarbeid, og alle stilte opp og hjalp kvarandre når båtane skulle til sjøs. Båtane måtte gjerne bikkast og balanserast for å få dei ut av båtskota, så vart dei i eldre tid gjerne dregne over isen eller rodde over Bjørkedalsvatnet. Derifrå måtte båten forsiktig flyttast mellom dei ulike vatna nedover mot Kile, her var det tillaga faste lunnar til å drage båtane på. Det var viktig at ein hadde folk som heldt att, slik at ikkje båten «tok av» i nedoverbakkane. Etter at vegane vart køyrbare vart det brukt hest og kjerre, og seinare traktor som trekraft for



båtane, som vart transporterte på ulike slag sledar eller vogner. Den gamle **storebåtvogna** på Bjørkedalen er framleis intakt.

Bjørkedal kystlag har registrert båtdragning som immaterielt kulturminne i den nasjonale oversikta over slike. Vinteren 2022 vart nordiske klinkbåtttradisjonar innskrivne på UNESCO si representative liste over immaterielle kulturminne.



Båttransport på Bjørkedalen. Kjelde: Nerbøvik-arkivet.



Båtdragning: ein ny gavlboat i Jakobs garden, Bjørkedalen.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi

Kulturminne ID 227376: Oppgangssag, Bjørkedalen, gnr. 95/1, 11, 18: Dei første oppgangssagene som er nemnde på Bjørkedalen går tilbake til 1500-talet. I 1613 var det 13 vassager i Volda. Skogane vart snauhogde og det kom etter kvart restriksjonar på sagene, 27 år seinare var det difor berre to sager att. I 1626 var det tre sager på Bjørkedalen, den fjerde kom i 1816. Desse sagene var eit viktig ledd i næringskjeda, og avgjerande for at dei på Bjørkedalen kunne drive med båtbygging i så stort omfang.

Historia til oppgangssaga i Lourdalselva går tilbake til starten av 1700-talet. I 1829 vart den flytt frå Lisje-Ola-gjerdet til Laksehølen, kor den var i bruk fram til 1906, då sirkelsagene tok over. Det var berre vasshjul, murar og stokkar att av saga då grannane på Søre Bjørkedal rekonstruerte og bygde den opp igjen på dugnad i perioden 1993-1996. Saga på Eidseflot vart bygd om til sirkelsag 1900, som den første i Volda. Denne saga er også restaurert og vert driven med vasskraft.

Kulturminne ID 227428: Glimmerbrot, Osdalen, gnr. 58/17: På slutten av 1800-talet vart det funne ein glimmerførekomst i Osdalen. I 1900 fekk tre karar frå Dalsfjorden kontrakt om drift her, men dei måtte snart gje opp. Den neste som prøvde seg var Johan Preus Jordan frå Bergen, som bygde Jordanhytta i tilknytning til brotet. Det vart også sett opp løypestreng ned til gardane i Osdalen. Etter Jordan prøvde engelskmannen Robert Black seg her nokre år, før Osdalens Glimmercompani vart stifta 1917, med lokale interessantar frå området. Dei leverte mellom anna glimmer til Volda støyperi. Drifta var ikkje lønsam nok, og det blei slutt etter få år.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi

Kulturminne ID 51xx: Brønne Mineralvatn, gnr. 7: Brønne Moritz, Arthur og Lars Brønne starta med saft- og syltetøyproduksjon i heimen på Brennene i 1925. I 1927 kjøpte dei produksjonsutstyret til nokre karar som hadde prøvd seg med Volda Mineralvandfabrik frå 1915 i Osekjellaren i Volda. Under krigen vart det auke i brussalet, og i 1953 bygde dei ut fabrikk her. Son til Lars, Martin, overtok som disponent 1960, og verksemda gjekk då over til rein produksjon av brus.

Fabrikk var den største verksemda på Folkestad i 1970-åra. Brønne Mineralvatn var ein av dei siste frittståande brus-fabrikantane i Norge, fabrikk blei nedlagt i 2009.



Barnas Festbrus frå Volda Mineralvatnfabrik, Folkestadbygd. Foto: Agnes Myren.



Kulturminne ID 52xx: Industribygg II- «Gro-bygget», gnr. 205/7,1: Tidleg på 1960-talet gjekk Hornindal kommune i brodden for å skape nye og alternative arbeidsplassar i den typiske jordbrukskommunen ved bygging av industriutleigebygg på Ytrehorn og i Kirkhornfjæra ved Hornindalsvatnet. Her kunne kommunen tilby moderne industrilokale til ei rimeleg husleige, og lokka såleis møbel- og tekstilindustrien på Sunnmøre til å opne avdelingar i Hornindal. I 1967 kunne konfeksjonsfabrikken Grodås Fabrikker A/S, som hadde starta i 1962, ta i bruk Industribygg II. Dette gav kjærkomne arbeidsplassar for kvinner. På det meste arbeidde det kring 60 personar ved denne konfeksjonsverksemda. I dag er Gro-bygget eit viktig landemerke og monument over industrienventyret som fann stad på slutten 1960-talet og første halvdel av 1970-talet.



Gro-bygget. Foto: N. H. Holmøy-Wang.

Kulturminne ID 274571: Thomasgardssaga, Brattegjølet-Sagelva, gnr. 203/1,2 m.fl.: Vassbruksmiljø, fleire element knytt til vassbruk, næring, samferdsle, jordbruk, mautauk, rekreasjon, kraftutbygging og ulike bygningar. Miljøet består av mellom anna Tomasgardsaga med sirkelsag, eit kvernhus, to bygningsruinar etter ein stall og kombinert kvernhus/stamp og tilkomstveg med steinklopp, samt eit kvernhus kring 130 m vest for kjerneområdet. På saghuset vart det gjennomført restaurering/vedlikehald i 1999, det vart mellom anna lagt nytt tak og grunnmuren vart utbetra. Alle bygningane ligg ved ei kunstig elv som vart tilført vatn frå ei oppdemma sideelv av Honndøla. Husa utgjorde eit viktig industriområde for grendelaget til Tomasgarden på 1800- og 1900-talet. Andre nytta også vassføringa frå sagdammen gjennom andre veiter som leda heilt ned til Storebrua. Den seinaste bruken av desse veitene skal ha vore til det elektriske anlegget på det første fellesmeieriet. Området er i dag overgrodd, noko som gjer det vanskeleg å sjå ruinane. Veitene er tørrlagde, noko som har vore positivt for bevaringsforholda for kvernhusa.

Kulturminne ID 53xx: Demme- Haugen, felles for gnr. 181 og 183:

Vassbruksmiljø, demme bygd på 1800-talet av Anders Lødemel (1825-1901). Demma hadde ein demning, eit steinsett uttak, som vart opna til bestemte tider slik at vasskrafta kunne nyttast best mogleg nedover. Ein steinsett vassveg leda vatnet fleire hundre meter mot aust og ga vatn til kvernhus og sag. Vassvegen er i ferd med å gro att. Langs vassvegen er murane frå gardfjosen til gnr. 183/1.



Kulturminne ID 54xxxx: Høydal snikkarverkstad, gnr. X ?: Starta i 1932 og laga i starten kleshengarar, seinare småmøblar. Etter kvart omfatta produksjonen spisestovemøblar i eik, bjørk og fure, soveromsmøblar, skatoll og skap. Verkstaden leverte alle dører og vindauger til sjukehuset i Volda 1936/37. Verkstaden var mellom dei første som skaffa seg hydraulisk finerpresse. I 1940-åra var det kring 20 tilsette. Ei anna verksemd i same bygda var **Høydal Trevarefabrikk** som var i drift frå 1942 til 1950-åra, nokre år var også **Høydal Rokkeverkstad** i drift, dei produserte rokkar.

Kulturminne ID 55xxxx: Hjelle & Dale Møbelfabrikk A/S, gnr. X?: Vart starta av Knut P. Dale, Hans M. Hjelle og Rasmus Hjelle hausten 1946. I starten var det stolar etter eigen design dei produserte. I 1948 bygde dei fabrikk i «Smørhussvingen» utanfor Dalsbrua. Huset vart bygd av *flyplassbord*, material som tidlegare hadde vore brukt til tredekke på den tyske flyplassen på Aukra. Etter kvart fekk møbelfabrikken kontrakt med Møbelhuset, som teikna modellar til møblar og sørgde for råmateriale. Fabrikken vart utvida 1949 og sikra mot flaumvatn frå Daleelva. Straum fekk dei frå Dalsbygd Elektrisitetsverk, som var næraste nabo. I 1960 vart det ny utviding, no med ei ny etasje på bygningen. Då Dalsbygd Elektrisitetsverk vart nedlagt 1969, fekk Hjelle & Dale overta tomte deira, og ny fabrikk på 1400 kvm vart sett opp 1970. I 1985 fekk verksemda pris for *God norsk design*.

Kulturminne ID 56xxxx: Møre Skofabrikk AS, gnr. X?: Vart etablert av fire unge karar i Steinsvika i 1918 som Dalsfjordens Trebundskofabrik L/L.

Den første fabrikk vart bygd i Kalvegjerdet, med drivkraft frå eit sagfall i Vassbakkeelva. Frå 1919 fekk dei kraft frå Steinsvik og Vassbakke Elektrisitetsverk, og no vart også kloggproduksjonen flytta til ny bygning ved sjøen. Etter kvart starta dei også med å lage *trelappestøvlar*, støvlar med trebotn. Verksemda vart aksjeselskap 1926 under namnet Møre Kloggfabrikk as. I 1931 starta dei med produksjon av feittlærstøvlar, og verksemda gjekk no under namnet Møre Sko- og Kloggfabrikk AS. Arbeidsstokken var no kring 20 mann, og dei produserte 70-100 sko kvar dag.

Kulturminne ID 57xxxx: Sandtak i Geitvika, gnr. x? I Geitvika er nok sanden resultatet av at elva har teke med seg sand frå fjellet ovanfor. Første forsøket på å ta ut sand frå Geitvika var i 1922, men først i 1946 fekk Harry Geitvik til fast drift her. På 1950-talet vart det skaffa steinknuser, og frå 1960-talet var det tre steinknuserar i drift her. Marknaden hadde utvikla seg, slik at det no vart produsert både sand og singel til betong og veggrus. I 1984 fekk ein kontrakt med Statens vegvesen om produksjon av asfalt, og det vart laga asfaltverk her. Utskipingskapasiteten var på 100 000 tonn sand i året.

Kulturminne ID 58xxxx: Sandtak i Skinnvika, gnr. X?: I Skinnvika er snakk om to moreneryggar som ligg like under Lisje-Eidskyrkja.

Kulturminne ID 59xxxx: Langvatnet, Austefjorden, gnr. x?: I 1954-55 gjekk bøndene langs vatnet saman om å senke vasstanden i vatnet med opptil 2 meter, slik at ein på den måten kunne drenere opp meir



dyrkamark. Det vart sprengt ut ein 16 meter brei og 50 meter lang kanal frå Gjersdalsbrua og nedover mot Damfossen, og vatnet vart i realiteten delt i tre ved at ein utdjupa elve-kanalar mellom Nes og Langeneset og mellom Vindsåsen og Roteneset. Arbeidet tok i 9 år, til 1963, og hadde då kosta over 202 000 kroner. Det vart tørrlagt 357,2 da dyrkbar jord ved dette tiltaket.

Kulturminne ID 60xxxx: L/L Vik Båtbyggeri, gnr.x?: Brørne Rasmus og Håkon Høydalsvik dreiv med båtbygging både under stabburet og i kjellaren på våningshuset, før dei i 1946 starta L/L Vik Båtbyggeri. Utover i 1950-åra var det 10-15 mann i arbeid med både nybygg, reparasjonar og ombyggingar. Båtane vart bygde med dobbeltspant fram til 1970- åra, då dei gjekk over til laminerte spant. Verksemda vart lagt ned 1995.

Kulturminne ID 61xxxx: Frøssen-is-, gnr. x?: Johs. Leirvik fekk i 1929 kontakt med eigarane av Bakkevatnet i Skinnvikbotnen, for å skjere is som skulle brukast til frysing av fisk om bord i båtane. Den første tida skar dei isen med hest og is-plog, seinare vart det laga ein slede med bilmotor, der ei sagkjede var montert på ein mellomaksling. Isen vart skoren i firkanta ruter, omlag 60 x 60 cm. Isen vart frakta til ein binge ved sjøen, og så vart dei stabla og dekte med sagmask slik at isen ikkje skulle smelte. Når isen skulle leverast måtte han reingjerast og leverast på ein lekter som frakta til Fosnavågen, der G. Voldnes hadde ei iskvern. Når isen var malt opp, vart

den levert til fiskebåtane der. Verksemda her var i drift heilt til 1950, då Johannes Leirvik døde.

For fleire enkeltminne sjå også under Kulturmiljø og kulturlandskap

- Tettstaden Volda
- Viddal, Bjørke og Skjåstaddalen



Samferdsel, handel, service og kommunikasjon

Ferdsel til sjøs

Kystleia var lenge hovudvegen, særleg for folk langs kysten og innover i fjordane. Når folk skulle ut og ferdast, rodde eller sigla dei. Sjøvegen var utrygg på så mange vis og det var eit stort framsteg då dampskipa kom og etterkvart byrja å gå i rute langs kyst, fjordar og større vatn.

Sunnmøre dampskipsselskap vart starta 1886, og i 1889 vart det sett i drift ei rute med dampskipet «Laxen» som skulle gå både i lokaltrafikk og med ruter til Ørsta – Vartdal – Ålesund. Dette vart starten på Voldens Dampskipsselskap i 1901, som no fekk nybygget «Møringen», som veksla på ruta med «Varde». Det vart laga til dampskipsekspedisjonar fleire stader i kommunen, og dampskipa fekk også rute til øyane i Sande, Herøy og Ulstein. Dampskipsrutene vart lagde ned kring 1960.

I Hjørundfjord kom dei første faste rutene for dampskipa i gang i 1860-åra og frå 1895 hadde Hjørundfjord tre rutedagar for veka. Dei første dampskipa måtte greie seg utan kai i Hjørundfjorden og ekspederast frå småbåtar. Den første dampskipskaia vart bygd på Øye i 1891, vidare vart Bjørke-kaia bygd i 1906 og Viddal kai i 1912.

I Hornindal byrja dampbåten «Dølen» å gå i rute på vatnet frå 1880. Det var ei stor hending. Båten letta samkvemmet inn og ut av bygda, og batt grendene langs vatnet saman. «Dølen» var i drift fram til 1950. I 1914 vart

det oppretta kabelferje over Kjøsapollen, ei ferje som var i drift fram til det vart bygt veg langs nordstranda av Kjøspollen til Øyebakken.



*D/S Dølen ved kai på Grodås. Båten frakta folk, fe og varer på Hornindalsvatnet i 70 år.
Foto: M. S. Heggen.*

Rutebåten til Austefjorden hadde i 1920 ni stoppestader: Homberset, Folkestad, Mek (på signal), Straumshamn, Bjørnaset (på signal), Høydalen, Skjeret og Fyrde. Folk frå Høydalsneset og Vikestranda kunne borde båten frå robåtar. Frå 1926 starta Ragnvald Engeset med rutebiltrafikk til Fyrde, og frå då av vart posten transportert med bil.





Ruta til rutebåten "Progress" omkring 1955. Tidlegare gjekk den også innom Lauvstad. Stoppestad nr 3 (Eidset) og nr 6 (Aksnes) var på signal, då dei vart ekspedert frå Båt. Illustrasjon: Oda N. Skoglund.

Dalsfjord: Fram til vegane mellom bygdene kom på plass var det båten å stole på. «Progress III» overtok dampskipsruta i 1949. Om bord var det sitjeplassar i lugaren til kring 30 personar. I Dalsfjorden var det berre på to stoppestader det ikkje var kai, der stoppa båten på signal, og folk og varer vart rodd ut til båten. Utanom passasjerar var det også varetransport av alle slag. Mjølka vart sendt i spann til meieriet i Volda på tysdag, torsdag og laurdag, og også levande dyr vart sendt med båten (storfe og hest). Dei vart heist om bord og sto i sidegangen ved rorhuset.

Båten hadde også med posten til postkontora langs fjorden og den kom kvar dag ruta gjekk. Båtruta vart nedlagt i 1962 då det kom bilveg rundt fjorden.

Ferjerutene: I 1936 vart den første faste ferjetrafikken over Voldsfjorden starta av det private selskapet «L/L Volda-Folkestad Bilferje». Ferjesambandet kom som ein naturleg konsekvens av den auka biltrafikken og det at ein no hadde fått samband over Stigedalen til Nordfjord. Den første bilferja kunne ta med 60 passasjerar og 5 bilar og gjekk 4 turar fram og tilbake kvar dag. I 1944 starta selskapet også med ferjerute til Lauvstad, og i 1945 vart dette sambandet utvida til å gå heilt til Leikong, med stoppestad også på Berkneset. I 1962 overtok Møre og Romsdal Fylkesbåtar selskapet, som då hadde fire ferjer i drift pluss ei reserveferje.

Ferdsel til lands

Fram til midten av 1800-talet var køyrbare vegar eit fåtal, bygdene og grendene var bunde saman av enkle stiar eller ridevegar. Hjulreiskap var slett ikkje allemannseie, skulle ein frakte noko nytta ein kløv eller slede på vinterstid.

Det lokale embetsverket og militærvesenet sat spreidd kringom landet og hadde behov for regelmessig postgang. På slutten av 1700-talet vart derfor Den Trondhjemske Postvegen bygd mellom Bergen og Trondheim. I tidlegare Sogn og Fjordane var ruta Gulen-Leirvik-Dale- Førde-Jølster-Reed-Utvik-Faleide-Hornindal og vidare til Hellesylt. I 1823 vart det oppretta ei kystrute. Berre tre år seinare opna ei ny rute, frå Nordfjordeid gjennom Hjelmelandsdalen over Brekka og ned til Bjørkedalen og vidare til Volda, der sorenskrivaren sat. Dei mange og vakre kvelvingsbruene i stein er karakteristiske for postvegen.

Skjåstaddalsvegen, opphavleg rideveg mellom Skjåstad og Bjørke, vart køyreveg i 1845. Vegen var først og fremst ein lokalveg, men det låg også til rette for ein gjennomgangsveg til Volda over Bueidet og i 1855 vegen status som offentlig.

Utover 1800-talet skaut vegbygginga fart i landet. Hestevogner vart vanlegare og det vart teke initiativ til å gjere om ridevegar og stiar til køyrevegar. Det kom nye og betre veglover som også sette ein felles standard for vegane. Det var likevel lite økonomisk støtte å hente frå staten

til vegprosjekt, så storparten av kostnadane måtte amtet og kommunane sjølv stå for. Den gamle ordninga med pliktarbeid vart vidareført.



Langedalsbrua med brustein datert 1827, foto: Hans Peter Eidseflot.



Handel, service og kommunikasjon

Frå midten av 1800-talet vart det frå nasjonalt hald jobba for å knyte landet saman gjennom bygging av veg, jernbane, båtruter og telegraf. Ei oppmjuking av handelslovene førte til at fleire byrja med handel, ofte på stader som alt var knytt til sentrale ferdselsårer. Typisk vaks det fram fleire landhandlarar på dampskipskaia eller andre sentrale knytestpunkt, saman med postopneri/ postkontor og etterkvart telegraf/ telefon.

Postopneriet i Volda var frå fyrst av på Ekset, men vart seinare flytta til Garvarbuda på Rotset. Herifrå måtte folk hente posten sin når dei hadde ærend i Volda eller var til kyrkje søndagane. Austefjorden fekk eige postopneri i 1887, og no kom posten med båt til Fyrde kvar torsdag. Men vintrane, når isen la seg på Austefjorden, så vart posten levert i brevhuset på Skjeret – opna 1912, og så måtte postopnaren hente posten der. Hjartå og Håvika fekk etter kvart eigne brevhus, slik at bygdene etter fjorden ordna postfordelinga sjølve. **Brevhuset frå Skjeret** er i dag på Volda bygdetun.

I Hornindal vart det første postopneriet lagt til Kirkhorn i 1786, som eit av to postopneri på ruta langs den Trondhjemske postvei gjennom Nordfjord. Dette vart nedlagt i 1840 og i 1849 opna det eit nytt postkontor på Grodås. Frå slutten av 1860-åra var det handelsmann og hotell på Grodåssanden. Ola Martinus Olsson Raftevold (1844–1942) stod i brodden for desse tiltaka. Seinare kom Lars P. Navelsaker (1850–1904) med liknande verksemd.

Storfjorden Postopneri kom på Bjørke i 1891. I 1921 vart namnet endra til Bjørke i Sunnmør og til Bjørkebygd i 1935. Frå 1894 var her også fast skysstasjon på Bjørke.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi

Kulturminne ID 271671, 272198, 272202 og 272203: Den Trondhjemske postvei gjennom Hornindal: Landpostruta Bergen–Trondheim starta i 1785, og på 1790-talet vart Den Trondhjemske postvei bygd gjennom Hornindal. I Hornindal går vegen frå grensa til Stryn ved Sindre og til grensa til Stranda ved Støverstein. I starten gjekk vegen til vatnet og postbryggja ved Øyebakken til Grodås. Seinare vart vegen lagd over Kjøsehalsen og ned til Svor. På vegen passerer ein fleire gamle bruer. I Sindre-Øyane ligg Bredvadbreen og Nordaelvbrua, og i andre enden ligg Hornindøla bru. Postveien er i dag nytta til turveg frå Svor til Sindre. Frå Svor til møregrensa er vegen stykkevis og delt. Området ved Honndøla bru er mykje nytta av turistar som vil strekke på beina og fotografere brua med den majestetiske Honndalsrokkjen i bakgrunnen.

Kulturminne ID 272198-3: Storebrua / Gamle Rødemel bro, gnr. 182/5 m.fl.: Storebrua, bygd i slutten av 1920-åra er i dag ein del av fv.60. Noko lenger mot vest finn ein brukar i tørrmurt stein, dette er restane etter «Rødemel bro», ein del av den Trondhjemske postveg. Ved elva ligg også ei mølle, tidlegare var her også eit meieri, berre ruinane er att etter dette

Kulturminne ID 272203-16: Honndøla bru gnr. 193/18: Honndøla bru i Hornindal er den lengste av bruene på postvegen i Nordfjord, med 52



meter. I 1937 vart brua ombygd med større breidde grunna snøbrøyting. Det vart lagt ei 5 m brei betongplate over dei gamle brukara. Den gamle brua vart avløyst av ny bru i 1972. Den nye brua ligg 20 m lenger sør for den gamle. Gamle Honndøla bru vart restaurert i 1995. I austenden av Honndøla bru står ein stabbestein med eit stort, rundt hol. Holet i steinen er 35 x 40 cm. Steinen er truleg funne i elva, og er kalla "Kjerringsteinen" av di han etter saga kunne brukast til å måla livvidda på kommande koner.



Bruer langs Den Trondhjemske postvei i Hornindal. Foto: H.H. Holmøy- Wang.



Gamle Rødemel bro under, det raude huset er Mølla. Foto: H.H. Holmøy- Wang.

Kulturminne ID 227391: Postvegen over Stigedalen: Veggen over Bjørkedalseidet og Brekka til Haugen var den viktigaste veggen til Nordfjord frå Kile fram til veggen over Stigedalen kom. Det har truleg vore jobba med den frå 1600-talet og det har vore køyreveg her frå tidleg på 1800-talet. Frå sjø til sjø er avstanden om lag 2 mil. Fleire av bruene vart bygd i 1796. Truleg var veggen tiltenkt å vere ein del av den Trondhjemske postvegen og noko post har gått mellom Volda og sorenskrivargarden Løken på Haugen. Veggen er framleis i bruk som sommarveg og dei fleste bruene er enno intakte.





Bru langs den gamle vegen over Brekka. Fotograf: Per Arild Bjørkedal.

Langs vegen finn ein fleire flotte steinbruer, frå nord Sandviksbrua («Sandviigs Broen»), Sagelvsbrua («Sage Broen») og Førvassbrua («Forvas Broen») som truleg var bygd i 1796.

Førvassbrua var ei flott kvelvingsbru som forsvann i eit vassfløde for nokre tiår sida. Tverrelvsbrua («Tverelv Broen») som og var bygd på same tid er enno intakt. Vidare kjem vi til Langedalsbrua («Langedalsbroe») som er bygd i 1827 og er den største av bruene. Vassosbrua ligg i nordenden av Vasslidvatnet og bygd i 1845. I sørenden i av Vasslida er det ei steinbru på

Osgjerdet og ei på Steinvadet (grense mot Eid). Den siste fekk ny plate i fjor så der er det lite att av det gamle. På Eidasida er der ei gammal bru over elva frå Kjenndalen, men elles ligg alle bruene på Voldasida.



Sageelvsbro, foto: Hans Peter Eidseflot.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi

Kulturminne ID 62xx: Posthytta: Ligg på Almfloten, ved grensa til Sogn og Fjordane i Stigedalen. Opphavleg ei skogaløe frå Løset. Fram til køyrevegen kom over Stigedalen, var det eigen postopnar i Bjørkedalen, som også hadde ansvaret for å føre posten frå Straumshamn og til postopneriet. Herifrå tok ein annan postfører over og gjekk til møtes med ein postfører frå Leivdalen i Nordfjord. Ved posthytta bytte dei postsekk, og så var det same turen tilbake.



Posthytta i Stigedalen, foto: Rune Løset.

Kulturminne ID 63xx: Den gamle telelinja over Kjøsahalsen: Dette er fyrste telelinja i Hornindal som var sett opp seint på 1800-talet. Det er få spor att frå denne telelinja. Berre fundament til stolpane kan ein sjå langs postvegen.

Kulturminne ID 64xx: Inntaksstolpe til telefonstasjon: Den 9. juli 1993 vart det avduka ein solid telefonstolpe i stein på Grodås. Steinen er ein kopi av den fyrste inntaksstolpen til telefonstasjonen på Grodås. Inntaksstolpen vart reist på om lag same plassen 100 år før. Stolpen står i dag ved Grodåsheimen. I Grodåsheimen var det telegraf.



Den fyrste inntaksstolpen til telefonstasjonen på Grodås.



Kulturminne ID 65xxx: Ferjestaden i Kjøsapoljen, gnr. 215/5: Anlegg med veg ned til Hornindalsvatnet frå Rv 15. Ferjekai for kabelferje, og brygge for båt som gjekk i rute på Hornindalsvatnet. Ferjestaden bestod/består av eit anlegg med oppmura veg med stabbesteinar ned til Hornindalsvatnet frå Rv 15, oppmura ferjekai for kabelferje, og trebryggje for båt som gjekk i rute på vatnet. Der var og eit naust som høyrde til Ystehola. Der var rekkverk av jarn på kaia. Der hang det ei klokke som ein ringde i når ein ville ha skyss. På andre sida av poljen ligg garden Kjos, som den gang var Kjos skysstasjon. Frå garden går det ein kort veg som knyter seg til Den Trondhjemske postvei. Kontrakt mellom Nordre Bergenhusamts og Mathias Rasmussen Kjos om fering ved Kjos fergested vart inngått 10. mars 1916. Ferja var i drift til 1928-29. Då tok ferja sin lettbåt, ein robåt, over skyssinga. Då brua over Kjøsapollen, Kjos bru, kom i 1969 vart det heilt slutt, etter ein tidsepoke på 55 år. For gåande, syklande, hest med kjerre osb. var det tid og krefter å spare på å ta ferja over, i staden for å måtte ta vegen rundt Kjøsapoljen.

Anlegget er i dag delvis intakt, men berre restar etter tre-bryggja står att, isen har flytta på steinar og delvis rasert ferjekaia, rekkverket er fjerna (truleg er det dette rekkverket som er på «Såtabrua» lenger ned mot Skredestranda. Klokka finnast på garden Kjos. Ferja og kabelen er vekk.

Kulturminne ID 66xx: Ferdsleveggen frå Vassbakkedalen til Stårheim: Brukt til frakting av både dyr og gods. Hestehandlarane kom frå Nordfjordeid for å byte og selje hestar, og folk gjekk gjerne over fjellet til Nordfjord for å kjøpe frukt, særleg i krigsåra. Dei som skulle på militærteneste på Nordfjordeid brukte også denne vegen. Frå Stårheim var det båtrute til Eid, og vidare innover i fjordane. Dei som brukte denne vegen jamt rekna seg kring 3 timar å gå frå sjø til sjø. Det er berre 12 km i luftlinje til Stårheim, og det vart lenge arbeidd med å få køyreveg over her, sinast i slutten av 1980-åra.

Kulturminne ID 67xx: Gamal veg rundt Kjøshammaren: Vegen langs vatnet og rundt Kjøshammaren vart bygd kring århundreskiftet. I halvtunnelen ute på sjøve neset står årstala 1903 og 1904. Langs vegen finn ein merkjesteinar og krigsminne. Ein ser også restar etter ei brakke frå då vegen vart bygd.





Gamlevegen rundt Kjosahammaren.

Kulturminne ID 68xx: Gamal veg over Ryggjene: Vegen er ein gamal bygdeveg som går gjennom eit av dei utvalde kulturlandskapa i Hornindal, Ryggjene. På folkemunn blir vegen og kalla Kjærleikstien. Ein kan fylgje vegen frå «Tunet under Skardet» og opp til nye Kvivsvegen. På Ryggjene er ei slåtteng omtalt i «Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Hornindal kommune»



Gamal veg over Ryggjene. Foto: N. H. Holmøy-Wang.

Kulturminne ID 69xx: Kvivsråsa: Kvivsråsa er ein gamal ferdsleveg mellom Hornindal og Austefjord i eldre tid. Ræsene var livsnervane mellom grender og bygdelag i gammal tid. Det var her dei gamle ljåsmedane, spelemennene, hestekarane og andre gjekk for å selje varene sine, utveksle krøter og føre vidare tradisjonar. Råsa var godt synleg fram til 1950 – 60 –talet. I 2005 vart råsa rydda og merka

Kulturminne ID 274547: Den gamle bygdevegen Tomasgard til Seljeset (uavklart vernestatus): Det er bevart kortare og lengre vegstykke på strekninga, til saman 3, 8 km. Breidda på vegen varierer mellom 3-4 m. Vegen har ikkje vore asfaltert, og har i hovudsak vore nytta som kjerreveg.



Der vegen kryssar mindre elvar, er det lagt steinklopper, til saman er det registrert 3 store steinklopper i utkragingsteknikk (Havrevadet, Blomvadet og Seljesetgrova). Ein rodestolpe på Taraldset fortel om den roden/vegstykket på postvegen som Taraldset hadde vegplikt på.



Her går vegen frå Sætren mot Taraldset, gamal og nyare i kvar sin trasé. Foto: N. H. Holmøy- Wang.

Kulturminne ID 70xx: Nakkebryggja, sti, Oksehamna/ - beiteområde, steingard: Fedrifter og driftevegar har si eiga samferdslehistorie. Dyr frå bygder i Nordfjord vart frakta med båt over Hornindalsvatnet, og gjekk i land i stranda mellom Otterdal og Navelsaker. Det vart laga ei provisorisk bryggje til denne bruken. Frå bryggja gjekk ein sti oppover mot Nakken og forbi skogvakse der stutane gjekk på beite heile sommaren. Ein steingard vart bygt for å hindre dyra i å reise. Bryggja, stien og steingarden vart bygt av eigen innsats og dugnad. Før denne bruken av området, vart det bygt sel og fjøs og drive utmarksslått på Nakken. Både seterdrift og uteslått tok slutt nokre år etter hundreårskiftet og no er det berre ruinar att etter denne aktiviteten. Nakkebryggja er godt synleg og mogleg å leggje til ved, elles er råsa delvis attgrodd.



Nakkebryggja Nakken Otredalen Otredalstranda

Foto: N. H. Holmøy- Wang.

Kulturminne ID 71xx: Aldersheimen (no Huset vårt), gnr. 26/12: I testamentet etter politioverbetjent Hans Torgersen Heggen vart det oppretta eit legat: «Oline og Hans Heggens legat til fordel for gamle trængende i Hornindal kommune». I følge statuttane skulle den avsette summen gå til innkjøp eller bygging av eit hus som skulle nyttast som gamleheim. I 1937 vart den staselege bygningen reist. Huset er teikna av arkitekt Lindstrøm i Bergen og utforma i nyklassisistisk stil. Huset vart teken i bruk som aldersheim den 14. mars 1939, som den første aldersheimen i Nordfjord. Det var også legekontor her. Huset var i bruk som aldersheim fram til 1981, då ein ny alders- og sjukeheim vart bygd. Etterpå har huset vore nytta til ulike ting, mellom anna som barnehage. I dag har huset 3 hybelhusvære til leige og 6 rom med til saman 10 sengeplassar for overnatting med sjølvhushald. Her er også selskapslokale.



Huset vårt, foto henta frå www.husetvart.no.

Kulturminne ID 72xx: Gamledelen på Räftevold Hotel, gnr. 206/17,61,65:

I snart 150 år har Räftevolds Hotel vore eit landemerke og ein viktig arbeidsplass i det tidlegare kommunesenteret Grodås. Räftevolds Hotel vart grunnlagt av Ola M. Räftevold i 1867. Han dreiv både hotell, skysstasjon og landhandel. Denne kombinasjonen har vore svært vanleg for mange hotelleigarar frå slutten av 1800-talet og langt opp til vår tid. Ola M. O. Räftevold starta hotelldrifta i det små: Han kjøpte eit gammalt naust på Grodåssanden og starta handel. Året etter kjøpte han nabonaustet der det var tingstove i første etasje og overnattingsrom på loftet. Slik vart det to gjestesenger. I tillegg til aktiviteten på Grodåssanden dreiv Ola M.O. Räftevold også odels garden lengre inne i dalen. Utvendig fasade på den eldste delen av hotellet representerer det gamle sentrum i Hornindal.



Räftevolds Hotel i 2006. Foto: Ottar Starheim, NRK.



Kulturminne ID 73xxxx: Gamlebuda i Løvika, gnr.: Petter R. Løvik starta med handel i Løvika 1887, og bygde butikk her i 1889. Han hadde også postopneriet (6134 Løvik) frå 1890 og bygde kai her i 1903. Kaia vart brukt som kai for rutebåten og seinare brukt av frakteskuter som «Silva», «Veslevik» og «Lotus». Gamlebuda vart bygd i 1932, og vart den første tida kalla Nybuda, i og med at den gamle sjøbuda stod like attmed. Landhandelen var i første etasje, og har halde på sitt tidstypiske miljø med handelsvarer.

Kulturminne ID 74 xxxx: Kvelvingsbru over Kvernelva i Hjartåberga: Ei vakker kvelvingsbru som går over Kvernelva. Den nye E39 er delvis bygd over kvelvingsbrua.

Kulturminne ID 75xxxx: Kvelvingsbru, Lisjebøen, Dravlaus, gnr. 144/1,2: Ei steinbru frå 1800-talet. Dette var den gamlebrua over elva mellom Hauane og Ellinggarden, der den gamle bygdevegen gjekk.

Kulturminne ID 76xxxx: Merker etter steinbru over Langemyra, gnr. ?: Dette er truleg eit av dei siste merke som er igjen etter vegen frå Morkabygda til Hovdebygda, som Ivar Aasen truleg gjekk både titt og ofte når han skulle hente kunnskap på Egset.

Kulturminne ID 77xxxx: Alida: I 1877 vart det teke til å arbeide med vegen mellom Eikrem og Lidabygda. Mykje vart gjort av grunneigarane på begge sider, men gjennom Eikremhammaren vart det akkord-arbeid. Gjennombrøtet for veglinja kom i 1883, og det vart truleg ferdsel her frå

1884. Det vart oppretta skyss-stasjon på Berkneset, slik at folk som kom frå øyane i motvind, kunne spare seg strevet med å ro heilt til Volda eller Ørsta.

Kulturminne ID 78xxxx: Den gamle Austefjordvegen: Har vore viktig for mange yrkesgrupper, og kommunikasjon mellom bygdene i regionen. Frå Austefjorden til Hunneset vart det ordna veg i 1880-åra, og i 1903 vart **Aldalsvegen** mellom Hunneset og Vatne i Ørsta opna. Mellom Kalvatn og Bjørke var det opparbeidd køyrbar veg i 1872. Men framleis stod den vanskelegaste strekninga att, frå Hunneset til Volda. Vegarbeidet vart påbyrja 1901, og breidda på vegen var for det meste 3,75 meter, men dei vanskelegaste partane hadde berre ei vegbreidde på 2,5 meter. Vegen til Hjartåbygda vart ferdig 1908 og til Volda vart det samband 1912, men framleis var sjøen den sikraste og viktigaste transportåra ein del år. Vegen er eit godt døme på korleis vegarbeidarane med enkle middel og lite å hjelpe seg med, likevel kunne bygge eit flott veganlegg. I 1999 vart Rotsethorn-tunnelen opna, og dermed kunne ei rasfarleg strekning av Austefjord-vegen no eliminerast.

Kulturminne ID 79xxxx: Vegen over Stigedalen: Vart endeleg opna for allmenn ferdsel 1932, etter at den hadde vore framme på fylkestinget i Romsdals amt alt i 1856. Vegen vart bygd i 5 meter breidde og var 12 km lang, den kosta i 1932 1,2 millionar kroner og vart bygd med hakke, spett og spade, men med ei lita kran og ei vagge på skinner for å få vekk steinen.



Kulturminne ID 80xxxx: Steinsvika og Aksnes, Eidset og Indre Dale:

Først i åra 1878-80 vart det bygd enkel køyreveg mellom Steinsvika og Aksnes og mellom Eidset og Indre Dale. I 1881 vart vegen mellom Aksnes og Telset bygd, slik at det då var råd å køyre mellom bygdene i Dalsfjorden. Vegen vidare til Folkestad og Straumshamn vart ikkje offisielt opna før i 1938. I Nautvikstranda vart arbeidet gjort av eit lokalt arbeidslag 1931-36 som arbeidde med handemakt 9,5 timar per dag, 54 timar i veka i dei 5 sesongane arbeidet gjekk føre seg.

Kulturminne ID 81xxx: Velsvika: Var lenge utan køyreveg til grannebygdene både på vest- og austsida. Båten var framkomstmiddelet, og det vart ei lette då Jakob Telset i 1930-åra starta med rutebåt til og ifrå Volda to gongar per dag. Då Voldaferja tok til å gå på ruta Volda – Leikong, fekk ho også stoppestad i Velsvika. I 1930-åra vart det sett i gang arbeid med bilveg til Rovde, og etter at den vart opna, vart det fortsett med å lage veg gjennom Voldshammaren. Vegen den vegen vart opna 1937/38.

Kulturminne ID 82xxxx: Vegen over Heggjadalen: Frå Grøndalen til Heggja i Eid- vart bygd av ein internasjonal arbeidsleir i regi av Volda og Ørsta Rotary, og vart køyrbar til jula 1962.

Kulturminne ID 83xxxx: Geislida: I 1961 vart vegen frå Fyrde til Håvika opna, og i 1966 vart vegen forlenga til Høydalsneset. Bjørnaset fekk vegsamband til Straumshamn 1946, men vegen i Geislida til Høydalen vart

først opna 1973. Det var først frå då av at ein kunne køyre gjennom heile kommunen utan å måtte nytte båt.

Kulturminne ID 84xxxx: Paddeskulpturen: Då ein skulle bygge Fyrdstbergstunnelen i 2009, viste det seg at denne ville kome ut midt i vandre- og gyteområdet til ei lokal paddestamme ved Lisjevatnet på Fyrde. Padda var raudlista, noko som gjorde at ein måtte iverksetje særskilte tiltak for ikkje å øydelegge dette området. Løysinga vart at ein laga leideveggar og grov 7 tunnelar for paddene under vegbana, slik at paddene kunne ferdast trygt utan å bli overkøyrde. Dette er vel den einaste staden at dette har vore gjort. Kunstnaren Robert Steinnes laga ein stor skulptur av ei padde som er sett opp på ein stoppeplass ved vatnet, og den har vorte svært populær.

For fleire enkeltminne sjå også under Kulturmiljø og kulturlandskap

- Tettstaden Volda
- Viddal, Bjørke og Skjåstaddalen





Tverrelvsbrua, foto: Hans Peter Eidseflot.



Enkeltojekt, samlingar og museum

Forvaltinga skil mellom lause og faste kulturminne. Faste kulturminne er stadbundne og kan ikkje skiljast frå landskapet, som ei gravrøys, ein steingard eller eit hus. Lause kulturminne derimot, er gjenstandar ein kan flytte og til dømes setje i eit monter. Opp gjennom tidene har tinga ein omgjev seg med endra seg. Reiskap, møblar, klede har gått ut av bruk og blitt erstatta med nye, men mykje av «det gamle» er også teke vare på. Gjenstandane fortel mykje om «livet i gamle dagar» og fører oss ofte nær einskildmenneske. Lause kulturminne er samla til fleire nasjonale, regionale samlingar, som til dømes Universitetsmuseet i Bergen og Sunnmøre Museum, samt andre lokale samlingar og museum.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi

Kulturminne ID 85xxxx: Årsetøysamlinga/Austefjord museum, gnr. 47/10: På Årsetøya er det funne spor etter eldre busetnad, men i nyare tid har Årsetøya vore busett sidan 1856. Folket på Årsetøya måtte vere sjølvhjelpete med det meste, og det som ikkje fanst av verktøy, måtte dei lage sjølve. Brørne Knut og Andreas Aarsetøy var dei siste som brukte garden på øya. Dei tok godt vare på staden og det som hadde vore brukt til gardsdrifta, og det vart etter kvart ei fin samling av gardsutstyr her. I 1972 vart Austefjord Museumslag stifta, og i 1978 vart det bygd eit tilbygg til Austefjord skule, som skulle brukast til bygdemuseum med samlinga frå Årsetøya som eit solid grunnlag. Dermed ville denne samlinga bli tilgjengeleg også for dei som ikkje hadde høve til å reise ut til øya.

Kulturminne ID 86xxxx: Bilethoggar Anders Svor si kunstsamling og museum, gnr. 206/26: Anders Svor (1864-1929) er ein kjend bilethoggar som har sitt opphav i Hornindal. Fleire av kunstverka finst i det offentlege rom- inne på Svor museet, i Svorparken like ved, utanfor kommunehuset, i Hornindalshallen/ skulen og i Hornindal kyrkje. Det er nære band mellom Svor sine arbeid og handverkstradisjonane i Hornindal.

Anders Svor levde i ei tid då det var lite med arbeidsoppgåver for bilethoggarar. Likevel har fleire av Anders Svor sine mest kjende verk plass i det offentlege rom, mellom anna fonteneskulpturen Bylgja i Skillebekkparken, Oslo. Det er også Anders Svor si løve som vaktar kongeinngangen til Nasjonalteateret. Anders Svor etterlet seg om lag 450 skulpturar i atelieret i Oslo. Av desse var dei fleste i gips eller leire, berre nokre få var i bronse. I 1941 overdrog arvingane samlinga til Hornindal kommune, på vilkår at det vart reist eit eldfast museumsbygg. Grunna krigen og tronge økonomiske tider, vart ikkje bygginga sett i verk før i 1951. Anders Svor Museum vart opna 12. juli 1953. I dag er museet eigd og drifta av Viti.






Anders Svor Museum, Grodås. Foto: NRK.



*Skulpturen
Bølgen. Foto:
Holger Uwe
Schmitt/Wik
imedia
Commons*

Kulturminne ID 87xxx: Bjørkedal båtsamling- Fjorefaret: Fjorefaret er truleg bygd på Bjørkedalen på Sunnmøre i 1760-åra. Det var lenge ikkje kjende eksemplar av eit fjorefar. Saxe Bjørkedal hadde leita lenge, då han endeleg fann noko som likna på eit fjorefar på ei saltbu frå 1810 i Hallebygda på Gurskøya. Saxe Bjørkedal sette saman delane frå saltbuda til Fjorefaret som no er i Bjørkedal båtsamlingar.



Teikning av eit fjorefar. Hans Strøm: Søndmøres Beskrivelse (Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør beliggende i Bergen Stift i Norge. Første Part, Sorø, (1762)).

Kulturminne ID 88xxx: Dalsfjord fyrmuseum gnr. 146/18: Viti representerer region Midt-Noreg i Kystverksmusea, etatsmuseet til Kystverket. Dalsfjord fyrmuseum har ei av landets mest omfattande og viktigaste samlingar innan tema fyr og merkevesen.

Første fyret som vart bygt av folk frå dette området var Runde fyr i 1825-26, der Hans Ottesen Engeset deltok. Då fyr- og merkestellet kom inn i meir organiserte former utover mot midten av hundreåret, vart folk frå Volda og Dalsfjorden enda meir engasjerte i dette arbeidet, og særleg Ole Gammelsen Mork vart ein av pionerane her. Av alle dei 200 fyrstasjonane, reknar ein med at folk herifrå har vore med å byggje vel halvparten. Fleire fyrvaktarar har også vorte rekrutterte frå Volda. Det vart bygt lager for utstyr på Rønstad; «Rønnestad fyroplag» og seinare også fyrnaust her. Voldingane og dalsfjordingane var også nær einerådande på Vestlandet når det gjaldt oppsetjing av sjømerke langs kystleia. I 1875-84 var folk herifrå engasjerte med bygginga av Kabelvåg hamn, og etter kvart vart også hamneutbyggingar ein del av verksemda som vart prega av folk herifrå.

T-1047 Scania Vabis B56: Veteranbussklubben i A/S Mørebil vart starta tidleg på 1990-talet, og valde då å ta vare på bussen med kjenneteikn T-1047, som ein representant for det gode, gamle, lokale ruteselskapet. Bussen vart kjøpt inn til Mørebil i 1967 frå Arna Bruks karosserifabrikk, og er ein Scania Vabis B56 med 6 sylindrar. Han er 10,4 meter lang og har sitjeplass til 32 passasjerar. Dei første åra gjekk han fast på Austefjordruta, men seinare var han brukt både på Berknesruta og i Dalsfjorden.



Veteranbussklubben er med i Rutebilhistorisk Foreining avd. Sunnmøre, og har hatt med bussen på veteranbusstreff fleire stader i landet.



MB «Dreng»: ein klinka hekkbåt bygd i 1928 av Hans R. Høydalsvik frå Hansgardane i Vikane (Høydalsvikane). Båten er 21 fot lang, 6,5 fot brei og ei djupne på 3 fot. Båten hadde opprinneleg ein 4 hk Marnamotor frå 1927. Båten vart truleg nytta til heimefiske i Austefjorden og transport når ein skulle ut av bygda til kommunesenteret eller andre bygder i området. Arvid Stokkenes har i seinare tid restaurert båten, som no er i eige av Sunnmøre Museum.

Kulturminne ID 87303-1: Sivert Aarflot-museet, Sivert Aarflot-vegen 10, gnr. 13/1: Eit personalhistorisk museum om læraren, folkeopplysaren, forfattaren, forskaren og boktrykkjaren Siver Aarflot (1759- 1817). Samlinga fortel om det omfattande livsverket hans. Drive av Viti. Museet ligg på gardstunet på Nedre Ekset, der hovudbygningen er vedtaksfreda. Sjå kap. *Jordbruk, utmarksdrift og fiske*.



Utdrag frå
Aarflots
ABC-bok
trykt på
Egset i
1815.

For fleire enkeltminne sjå
også under Kulturmiljø og
kulturlandskap

- Tettstaden Volda
- Viddal, Bjørke og Skjåstaddalen



Krigsminne og minnesteinar

Krigsminne

Dei tydelegaste materielle spora etter 2. verdskrig finn ein på kystbatteriet på Berkneset. Kystfortet her vart etablert i 1942 og var ein del av «Atlantehavsvollen», den tyske festningslinja som vart bygd langs heile Atlantehavskysten for å verne mot alliert landgang. Desse festningsverka er ofte monumentale og godt synlege kulturminne. Dei er også særleg pedagogiske ved at føremålet ofte kan lesast og forståast på staden: til dømes kanonstillingar plasserte i terrenget slikt at ein kan rette eld mot trafikk langs kommunikasjonsårer. Festningsverka er også ei viktig kjelde til utfyllande kunnskap om 2. verdskrig.

I Dalsfjorden vart det ankringsplass for tyske skip. Mot slutten av krigen vart det ei auke i flyangrep frå dei allierte og den tyske marine byrja å sende konvoiar lengre inn i fjordane. Etterkvart låg båtane i ro om dagen og sigla om natta. På det meste var det observert opp til 40 båtar i fjorden, ofte låg dei kloss opp til fjellsida. 23. mars 1945 gjekk allierte styrkar til angrep på lastebåten Rotenfels og ein vaktbåt. Båtane opna eld og eit av flya vart treft og styrta i sjøen. Rotenfels kom i brann og hadde store tap blant menneske.

Hornindal vart ikkje direkte råka av krigshandlingar, men i kortare periodar vart det tyske soldatar innlosjert både på hotellet og i ungdomshuset Dølheim. Menn frå bygdene deltok i kamphandlingar andre stader som i Valdres, Romsdalen og ombord på norske båtar i konvoifart. Fleire mista livet.

Okkupasjonen medførte ei rekkje utfordringar i dagleglivet, folk opplevde at båtar, hus og radioar vart kverrsatte. Det vart innført legitimasjonsplikt og etterkvart vart det rasjonering på mest alle varer. Bøndene hadde leveringsplikt på korn, poteter, mjølk, kjøt, ved og seinare også hø. Tyskarane hadde jamleg teljing av avling og husdyr, stundom freista folk likevel å halde att noko av avlinga til eige bruk. Det vart også knapt med mjøl og eit særleg ved denne tida, er at dei små kvernhusa kringom på bygdene kom i bruk att.



Illustrasjon frå Sunnmøre i Festung Norwegen, s 87, Jan Olav Flatmark 1994.



Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi

Kulturminne ID 227112: Berkneset, gnr. 2/68: Kystbatteriet på Berkneset vart bygd opp av dei tyske okkupasjonsstyrkane i løpet av 1942. Det vart operativt som ein del av Festung Norwegen – ein samlebetegnelse på den tyske befestning av Norge. Fortet hørte til artillerigruppe Ålesund fram til 1943, etter det artillerigruppe Stadtlandet. Dei hadde som hovudoppgåve å sikre den indre skipsleia i Rovdefjorden og Vartdalsfjorden.


«Batteriestützpunkt Birkenes» var utrusta med fire 10,5 cm Schneider feltkanoner og mannskapet varierte frå 75 til det doble. Ved kapitulasjonen i 1945 vart batteriet nedlagt, men tyskarane vart likevel verande fleire veker på Berkneset for å rydde vekk piggtråd og landminer. Anlegget er regulert til bevaring etter plan- og bygningslova .



Stilling for 2.5 cm Hotchkiss luftvernkanon ved kystbatteriet på Berkneset. Foto henta frå Sunnmøre i Festung Norwegen, s 88, Jan Olav Flatmark 1994.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi

Kulturminne ID 89xxx: Urvikja skyttargrav, gnr. 211/3: Urvikja skyttargrav ligg ved den gamle vegen rundt Kjøshammaren. Skyttargrava er eit kulturminne frå 2. verdskrig.



Skyttargrav langs gamlevegen rundt Kjøshammaren, foto: N. H. Holmøy-Wang.



Minnesteinar



Bautaen på Bjørkedal, foto: Rune Løset.



Minnesmerke til minne om felle under Napoleonskrigene. Hornindal. Foto: N.H.H.-Wang.



Minnestein til minne om dei tre falne under 2. verdskrig, Hornindal. Foto: N.H.H.-Wang.

I kommunen er det fleire monument og minnesmerke som viser tilbake til hendingar gjennom tidene.



Kulturminne ID 90xxx: Minnestein etter Lars Hjellbakk- spelemann og slåttekomponist, gnr. 205/3: Lars Hjellbakk (1889-1976) var gardbrukar, felemakar, treskjerar, spelemann og slåttekomponist frå Hornindal. Han har vore den sentrale tradisjonsberaren av folkemusikk i Hornindal den seinare tida. Minnesmerket ved Smia i sentrum vart reist etter initiativ frå Hornindal spelemannslag 5. juli 1980. Bysta er modellert av Rolf Taraldset.



© Minnesteinen over Lars Hjellbakk på Grodås.

Kulturminne ID 91xxx : Minnestein til minne om dei tre falne i andre verdskrig, gnr. 205/2: På kyrkjegarden ved Hornindal kyrkje står to minnesteinar over falne i andre verdskrigen. Den eine står til minne om

dei tre ungdommane frå Hornindal som sette livet til. Den andre står på grava til ein av dei falne. Fellessteinen vart blei avduka i 1962.

Pål Ytrehorn, Martin Melheim og Olav R. Sætren. Pål Ytrehorn, den einaste honndølen som vi veit om er gravlagd i heimbygda etter å ha mist livet i krig, har fått ei gravstøtte i stein der kunstnaren Dyre Vaa sitt portrett av Pål er felt inn. Same portrettet finst også i Dyre Vaa museet i Rauland, der det er nemnt som Soldat frå Nordfjord.

Kulturminne ID 92xxx: Minnesmerke til minne om falne under napoleonskrigane, gnr. 205/13: Under Napoleonskrigane vart Noreg dregne inn i krig, særleg i åra 1807-14. Mange honndøler miste livet under denne krigen som følgje av mangel på mat og sjukdom som dei fekk under opphaldet ved grensa på Austlandet. Minnestøtte over dei åtte som omkom under denne krigen vart reist ved kommunehuset Smia den 9. august 2009 etter initiativ frå Hornindal historielag.

Kulturminne ID 93xxx: Bauta på Ytrehornsnakken, gnr. 178: Reist i 1914, til 100-års jubileet for Grunnlova. Bautaen er ein 6,5 m høg stein som vart funnen i Fjellura og dregen på skaresnø fram på Nakkjen. Det er mura opp eit platå der bautaen er reist. Bautaen vart reist i 1914 og avduka i 1920. Det var tale, spelemann spelte opp til dans frå toppen av bautaen og etter tida sin skikk var det bryggja øl til høgtida. «Tale for bautaen, Noreg og grunnlova» vart halden av Ragnvald Otterdal. På bautaen står det: «Ein varde her stod som varsla til strid di staden skal minna om forna tid. Reist 1914».

Bautaen står på historisk grunn. I forntida, mellomalderen, stod der ein vete som skulle kveikjast når fiendar var ventande.

Kulturminne ID 94xxx: Bauta over Ottar Osdal: I 1970 reiste Austefjord Bondelag ein bautastein over Ottar Osdal på heimegarden hans i Osdalen. Ottar vart 1761 arrestert og skulda for oppvigleri av futen Ole Alsing, dei hadde samla inn underskrifter til eit klageskriv mot futen for hard skattlegging og hardhendt militærutskrivning, som dei ville levere til kongen i København. Ottar vart dømt til ½ års straffarbeid for oppvigleri i 1762, fekk seg ein helseknekk og døydde berre 59 år gamal 1764.

Kulturminne ID 95xxx: Minnestein i Vassbotnen: Sett opp til minne om dikteren Anders Vassbotn (1868-1944) i 1954. På steinen er det eit relieff av Vassbotn laga av Lars Kinsarvik d.y. Anders Vassbotn var også ordførar og stortingsmann, og var ein særleg forkjempar for nynorsken og dei nasjonale verdiane.

Kulturminne ID 96xxx: Bautastein på Folkestad: Steinen er til minne om Per J. Sollid (1891-1927). Han var flink med ord, og skreiv mykje dikt og songar – både alvor og skjemt. Folk kjende seg att i visene han laga. Han arbeidde mykje, var ei tid i fyrvesenet, og dreiv med vinterfiske i Kvalsvika, i tillegg til pliktarbeid på vegen Folkestad-Straumshamn. Han fekk tuberkulose og døde på Granheim sanatorium. Steinen vart henta i Mårstøylhalsen i Indre Dalsfjord og avduka 1991.

Kulturminne ID 97xxx: Bautastein i Bjørkedalen: Bautastein til minne om dei frå Bjørkedalen som deltok i Napoleonskrigane, først reist på Søre Bjørkedalen, seinare flytta til plassen ved ungdomshuset. Etter krigen vart det festa ei ny plate med namna på dei som var med i felttoget 1940.

Kulturminne ID 98xxx: Bautaen over Vika-Petter: Hans Peter Kalvatsvik (1823-1884) var spelemann. Bautaen står i hagen til garden Vika/Kalvassvika som han kom frå.

Kulturminne ID 99xxx: Orkanmonument gnr. 146/18 : Nyårsorkanen 1992 gjorde mykje skade på Nordvestlandet, og tok mellom anna Brunebuda. Til minne om dette vart det sett opp eit monument ved Dalsfjord skule. Sverre Lillestøl laga eit minnesmerke med ein båt som kjem drivande på ei bære. Båten vart støypt i bronse av Odd Gjersdal, og er festa til ein stein som symboliserer båra.

Kulturminne ID 100xx: Minnestein på Folkestad gravstad, gnr. 107/70: Sett opp 1945 til minne om flygaren Petter Åsebø, som omkom under krigen.

Kulturminne ID 101xx: Minnestein ved forsamlingshuset Solheim i Dalsbygda: Sett opp til minne om Einar Nordal Brune som omkom under andre verdskrigen.

Kulturminne ID 102xx: Minnestein i Åmelfoten ved forsamlingshuset Høgtun, gnr. : Har innskrifta «Reist i takksemd av folket her» og vart sett



opp til minne om to skotske moskitoflygarar som vart skotne ned over Indre Dalsfjord under krigen.

Kulturminne ID 103xx: Bautastein ved Dalsfjord kyrkje gnr. 149/5: Har ei koparplate over dei frå Dalsfjorden som fall under andre verdskrig. Steinen vart tilhoggen av Sjur og Elias Koppen, og teken i Velsvika. Den vart avduka 1947 i samband med ei gudsteneste.

For fleire enkeltminne sjå også under Kulturmiljø og kulturlandskap

- Tettstaden Volda



Kulturmiljø og kulturlandskap

Tettstaden Volda

«I 1891 var Halkjelsvik og Rotset (Volda sentrum) den klårt folkerikaste tettstaden i amtet med 93 bustadhus og 579 innbyggjarar. [...] Frå midten av hundreåret [1800-talet] gjekk Volda sentrum inn i ei rivande utvikling. Det vart då etablert handverksindustri som garveri, mølle, guanofabrikk og ullspinneri. Litt seinare kom det også meieri. Det var i denne samanhengen viktig at det vart lagt mange viktige fellestenester til Øyralandet. Sorenskrivaren for Søre Sunnmøre heldt til på Rotset frå 1840-åra. Posten og lensmannskontoret vart flytta dit frå Ekset i 1850-åra. Volda og Ørsta Sparebank vart skipa i 1854. I 1860-åra kom utbygginga av skular utover allmugeskulen, i 1870-åra fekk bygdebyen telegrafstasjon og i 1886 jamvel apotek etter mykje tautrekking. Det eine drog det andre med seg. Kring 1880 var det i Volda sentrum fem embetsmenn, ein lege, to sakførarar, fire landhandlarar og ein bokhandlar. Alt dette gjorde at mange frå distriktet måtte reise til tettstaden rett som det var, og det skapte grunnlag for nye etableringar.» (Tvinnereim 1992).

Volda har vore kyrkjestad alt sidan mellomalder og kyrkja har nok vore ein av grunnane til at Volda vaks fram som eit bygdesentrum.

Morkabygda og Nedre Ekset har rike tradisjonar for å vere eit knutepunkt i regionen, også i ein nasjonal samanheng. Med sete for lensmann, postopneri, bibliotek og apotek hadde bygda sentrumsfunksjonar som seinare vart flytta inn til Halkjelsvik. Med Sivert Aarflot si etablering av det første trykkeriet og den første avisa på landsbygda i Noreg, vart miljøet på Nedre Ekset frå rundt 1800 viktig for utviklinga av ein moderne kultur som skulle bli avgjerande for samfunnslivet i sin heilskap og Volda-samfunnet spesielt. Tradisjonen frå Ekset vart ei drivkraft i utviklinga av Volda som skulestad og sentrum for kunnskapsformidling.

Fram til kring 1850 var folk flest i Volda fiskarbønder og i stor grad sjølvforsynte med varer. Men på slutten av 1800-talet gjekk bygdene på Vestlandet i større grad over frå naturalhushald til pengehushald og handelen auka. Halkjelsgata vaks fram som eit handelssenter. I denne perioden var det også framvekst av industri og etablering av industribedrifter i Volda, i stor grad lokalisert i Elvadalen. I 1846 fekk sorenskrivaren for Søre Sunnmøre sorenskrivarembetet fast tilhald i Volda. Det kom også tenester som post, bank og lensmann og utviklinga av tettstaden som sentrum for industri, handel, administrasjon, utdanning og kommunikasjon skaut fart i dei siste tiåra før 1900.

Byggjestilen i Volda sentrum skilde seg frå dei andre bygdene. Her var det ofte store, enkeltståande hus – husa på embetsgardane var gjerne større



låner i austnorsk/trøndersk stil. Fleire av husa er i sveitserstil, som vart vanleg på Sunnmøre kring år 1900. Eit anna særtrekk ved husa frå denne tida, er dei mange skifertaka. Dette vart gjerne sett på som eit branntryggingstiltak, og etter ein brann i Halkjelsgata 1890 vart det pålegg om å bruke skifertak for å avgrense framtidige branntilløp. Skifer fekk ein levert i ulike fasongar, i Volda særleg frå skiferbrota på Voss eller i Alta, men den raudfarga skiferen på Samfunnshuset vart truleg henta på Otta. Det var også eit skiferbrot i Syltefjorden i Vanylven.



Skifertak, foto: Kari Hasle.

«Skulestaden Volda» er ein ofte brukt nemning. Volda vert rekna som eit tyngdepunkt innan høgare utdanning utanfor dei større byane, og trekker gjerne røtene attende til presten Hans Strøm, opplysningsmannen Sivert Aarflot, Ivar Aasen, Synnøve og Per Riste, og miljøet rundt Ristegarden.

Volden høiere Almueskole vart starta i 1861 og la seinare grunnlaget for både Volda lærarskule og Volda gymnas. I 1970 vart Distriktshøgskulen etablert. I 1994 vart Lærarhøgskulen og Distriktshøgskulen slått saman til Høgskulen i Volda. Dei mange utdanningsinstitusjonane har prega utviklinga av Volda sentrum på mange måtar. Stadig nye møte med elevar og studentar i bygda har gjeve kulturelle impulsar, næringsgrunnlag og arbeidsplassar, og kanskje sett lokale normer og tradisjonar på prøve.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi

Kulturminne ID 85865: Halkjelsvik kyrkjestad, gnr. 19/28: Volda er omtala som kyrkjestad allereie i 1432 (Halkelsviks kyrkje) (AB136), men det er nemnt prestegard her heilt sidan 1338. Den eldste kyrkja var ei stavkyrkje med skip på 35 x 16 alen og kor på 8 x 11 alen. Det vart bygd tverrskip på kyrkja mot sør tidleg på 1500-talet (Storkyrkja), og i 1551 vart eit korshus på Ulvestad flytta hit og skøytt på kyrkja mot nord (Nykyrkja). Volda var i den første perioden hovudkyrkje med anneks i Ørsta, Vanylven, Syvde og Hjørundfjord, i 1766 var det berre Ørsta anneks som låg under hovudkyrkja her. Det vart bygd galleri i kyrkja i 1820-åra.

Den gamle stavkyrkja vart delvis riven i 1858 til fordel for ei langt større, kvit trekyrkje med krossforma grunnplan og våpenhus med tårn i vest.



Kyrkja hadde 970 sitjeplassar og var teikna av arkitekt Christian H. Grosch i ei blanding av nygotisk- og sveitserstil. Altertavle vart måla av kunstmålaren Christen Brun. Det var tre lemar i kyrkja, på begge sidene og på vestsida der orgelet stod – den som var nærmast sjøen, vart naturleg nok kalla Dalsfjordlemen, sidan det hit var kortast veg for dei som kom sjøvegen. I 1929 brann kyrkja ned, og det blei vedteke å bygge ny kyrkje i stein på kyrkjetomta. **Sjå Volda kyrkje.**

Kulturminne ID 85865- 2: Volda kyrkje, gnr. 19/28: Kyrkja vart vigsla 1. mai 1932. Arnstein Arneberg var arkitekt, og kyrkja er ein betongkonstruksjon som utvendig er kledd med upussa gråstein. Mot sør er det eit halvsirkelforma utbygg med kapell. Vesttårnet med tårnuret og det raudmåla klokkehuset dominerer kyrkja. Hugo Lous Mohr var ansvarleg den innvendige utsmykkinga og han mala også freskomaleriet på austveggen i koret. Kyrkja er i dag ei «listeført kyrkje», dvs. eit kyrkjebygg frå perioden etter 1850 med særleg høg verdi.

Kulturminne ID 87308: Volda Prestegard, gnr. 29/1: Består av hovudbygning, eit stabbur og eit eldhus/garasje. Volda prestegard er første gang nemnt i kjeldene i 1338 (Ceyrum prestgarðen om j Vallid (DN5: 124)). Prestegarden vart flytta til Øyra på andre sida av elva i 1730-åra, då prestegarden i Halkjelsvik vart kjøpt til privateige. I 1762 vart huset her rive, og det vart bygt ny prestebustad. Året etter kom presten Hans Strøm til Volda og busette seg her. Han sørgde mellom anna for den fine hagen kring huset, og det var også ein eigen brønn her etter han, som var sagt å skulle ha særleg godt vatn. Den fekk namnet «Hans Strøms helsebrønn».

Huset her vart vølt 1797, men alt i 1818 vart det bygd ny hovudbygning her. Det var byggmeister Mathias Løchen frå Nordfjord som bygde den nye prestelåna. Prestegarden har inntil nyleg vore bustad for presten på Søre Sunnmøre. Hovudhudbygningen, eldhuset/garasjen og stabburet er vedtaksfreda og området har omsynssone bevaring i kommuneplanen.



Volda prestegard, foto: Wikipedia.



Kulturminne ID 226834: Søre Sunnmøre Tingrett, Skrivargarden, Skjerva, gnr. 19/1: Embetsgard og sete for sorenskrivaren på Søre Sunnmøre frå 1905. Sorenskrivarembetet har lange tradisjonar i distrikts-Noreg. Sorenskrivaren utførte kontorarbeidet på sorenskrivargarden, mens rettssakene helst vart ført andre stader. Gardane var representative anlegg, med standsmessig bustad med kontoravdeling og hage. Gardane låg gjerne tydeleg eksponert mot omgjevnadane. I tiåra kring 1900 vart det bygd mange sorenskrivargardar og tre av desse er enno i statleg eige, Søre Sunnmøre tingrett, opphavleg namn *Søre Sunnmøre sorenskrivargård*, er ein av dei. Eigedommen vart kjøpt av staten i 1905 og i 1907 stod bygningane ferdige. Hovudhuset romma kontor og bustad for sorenskrivaren. Ein frittstående sidebygning var også oppført, denne tente som funksjonærbustad og hadde i tillegg uthusfunksjonar med stall, hønsehus og vedskål. På nedsida av bustaden vart det etablert eit hageanlegg. Begge bygningane vart bygd i jugendstil. På 1980-talet var det ikkje lenger behov for bustad til sorenskrivaren, men eit behov for større lokalar til avvikling av rettsakar. Hovudbygningen gjekk såleis gjennom ein større innvendig ombygging. Både hovudhuset og uthuset vert vurdert, eksteriørmessig, til å vere ein god representant for dei mange sorenskrivargardane som vart kjøpt eller bygd av Staten kring år 1900 og dei har bevart mange opphavlege element som er ein viktig del av arkitekturen.

Det samla anlegget er statleg listeført (med i Landsvernplan for justissektoren, 2014).

Kulturminne ID 87306: Ristetunet, Nedre Rotset, gnr. 30/9, 77, 344: Ligg nede ved fjorden på Rotset. Det består av ein hovudbygning, ei borgstove, stabbur og ei sjøbud (Garvarbuda). Garden vart frådelt hovudgarden på Rotset 1816, men husa vart ifylgje Tidsregister flytta ned hit allereie 1783. Enkjefru Andrea Schjelderup dreiv handel, gjestgjevarheim og reiarlag her fram til 1820. Olai Olsen (Gamle-Olsen) overtok garden her 1838 og bygde då nytt stovehus. Han dreiv med handel og bakeri. I 1884 kjøpte Synnøve (f. Aarflot) og Per Riste garden her, og det vart starta målskule her 1887. Det vaks fram eit relativt radikalt miljø kring Ristegarden med Jon Aasen, Rasmus Steinsvik, Ola Rotevatn og Anders Vassbotn som sentrale aktørar utanom ekteparet Riste – og det er reist ein minnestein over Synnøve Riste på garden. Boktrykkjaren P.M Gjerder flytte til Volda 1888, og starta her utgjevinga av avisa *Vestmannen*, som etter kvart vart organ for Reine Venstre.

Kulturminne ID 87306-4: Garvarbuda gnr. 30/9: vart bygd her av kjøpmann Olai Olsen i 1838. Målskulen heldt til i bygningen her ein periode, men i 1876 vart Olsenbuda seld til garvar Carl Nikolai Rødseth, som starta garveri i Nesnaustet 1858. Garvarbuda vart frådelt 1887 og det vart innreia bustad her. Garving av skinn var ein omstendeleg prosess som kunne ta frå 2 til 4 månader å fullføre, og alt vart teke vare på; man og hestehalar kunne bli selde til folk som laga kostar, og avskrap frå skinna vart kokt til lim. Bjarne Vassbotn overtok verksemda her etter bestefaren 1926. I tilknytning til Garvarbuda er det også ein landingsvor som er freda. I



dag er det Stiftinga Volda Sogelag som eig Garvarbuda, medan resten av tunet er privateigd.



Garvarbuda, foto: Heidi Thøni Sletten, Stiftinga Sunnmøre Museum.

Kulturminne ID 277537: Kløvertun, gnr.19/23: Voldens Sanitetsforeining vart bedne om å etablere ein heim for demente i 1963. Arkitekt Ø.H. Grimsgaard, ein av landets fremste planleggjarar av sjukehus i etterkrigstida, vart engasjert i prosjektet. Han skisserte eit anlegg med plass til 34 pasientar, og i 1967 stod institusjonen ferdig. I dag held Volda Distriktpsikiatriske Senter til her.

Kløvertun er ein bygning på ein etasje, pluss sokkel. Grunnplanet er rektangulært. Bygningen vart forlenga på 1970-talet, tilbygget har same karakter og materialbruk som det opphavlege. Bygningen har flatt tak og betongfasadar der avtrykka atter forskalingsborda syner, dette speglar modernistiske strøymingar på 1960-talet, kanskje særleg bruatalismen. Dette vert understreka med at det einaste dekorative elementet i fasadane er dei markerte betongbjelkane over vindauge og dører. To arkitektoniske element som skil seg ut er den stramme baldakinen over hovudinngangen og karnappane på tilbygget. Kløvertun er statleg listeført (med i Landsvernplan for helsesektoren 2012).

Kulturminne ID 169927: Rotsetfjora, gnr. 30/77: Funnområde i sjøen med ballast-røys med keramikkfragment, som truleg stammar frå slutten av 1600-talet og fram mot moderne tid. Funnet er eit kulturminne under vatn eldre enn 100 år, og er slik automatisk freda etter kulturminnelova av 1978.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi

Kulturminne ID 227349: Skrivargarden, Rotset, gnr. 30/1: Hovudbygning frå 1816. Garden var embetsgard og sete for sorenskrivaren på Søre Sunnmøre fram til 1905. Den «gamle» skrivargarden.

Kulturminne ID 227425: Kårstadbygget, gnr. 19/23: Dette er det eldste bygget på området som i dag utgjer Høgskulen i Volda. Kaarstad-huset i nyklassisk stil og med sin karakteristiske gulfarge, er eit kjennemerke for lærarutdanninga i Volda. Bygget var i utgangspunktet kalla berre «Lærarskulen», men har seinare fått namn frå skulemannen Henrik

Kaarstad (1865-1927) som stod bak oppstart av det som då vart kalla Voldens privatseminarium i 1895. Han fekk bygd Gamleseminaret (no Røde Kors-huset) i 1897 og Nyeseminaret i 1911. Kaarstad-bygget blei innvigd i 1922, og lærarskulen fekk raskt ei viktig rolle i samfunnsutviklinga i Volda. Dei første 40- åra dreiv lærarskulen eit eige småbruk og for lærarstudentane var arbeid her ein naturleg del av skuletida. Seinare vart det opparbeidd ein hage framfor bygget, og hagebruk var også eit element i undervisninga. Kaarstadbygget er eit signalbygg og eit synleg landemerke i bygda. Bygningen er også eit kjennemerke for lærarutdanninga i Volda. Kaarstadbygget er verna i verneklasse 2 gjennom landsverneplanen til Kunnskapsdepartementet. Vernet omfattar bygningen sitt eksteriør og parken framfor bygningen. Formålet er å bevare ein representant for dei private lærarseminara i distrikts-Noreg, og ein bygning som var sentral i utviklinga av Volda som utdanningsstad.

Kulturminne ID 226922: Gamlegymnaset (Maurtua) gnr. 18/12 m.fl.: Eit skulehistorisk bygg frå 1851. Garden her var først kapteinsgard for Bergenhusiske Infanteriregiment, seinare vart husa brukte av Voldens private Millomskule frå 1891, bygd på i 1902, og utvida til Gymnasium i 1907. Dette var det første gymnaset med eksamensrett på landsbygda i Norge i Norge. Etter at gymnaset flytta ut herifrå i 1963, har det vore ulike kulturaktivitetar i bygget. I 2015 tok Stiftinga Gamlegymnaset i Volda over ansvaret for bygningen frå Volda kommune. Det store trehuset var på den tida eit viktig landemerke i bygda, i dag er bygningen mindre synleg i eit

tettbygd strøk. Bygningen er ein del av historia som fortel om utviklinga av Volda som skulestad. Huset er regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.

Kulturminne ID 227094: Gamlegymnastikken gnr. 18/208: Vart bygd i 1921 og husa gymnastikksal for Gymnaset i Volda. I toppetasjen hadde elevane musikkrom. I dag er det frimurarlogen i Volda som eig huset. Bygningen er eit viktig skulehistorisk minne og er regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.



Gamlegymnaset på Engeset i Volda.



Kulturminne ID 227412: Volda elektriske Mylne, gnr. 29/1/21, 37: Ei av åtte bygdemøller som framleis er i aktiv drift. Volda el. Mylne vart starta av Rasmus Barstad og Olav Myklebust i Dalebuda på Rotset i 1927. I starten var det to kverner som hadde stått ubrukte ved Øyraelva ei tid. Etter kvart tok dei imot store parti med korn til maling. I 1929 tok Gullik Nørheim og Johannes Rusten over mylna her, med Johannes Sæbø som disponent. Føretaket vart då registrert som aksjeselskap. Dalebuda brann ned 1936, og det vart bygt nytt lokale for mylna.

Etter Sæbø overtok Nils Normann Klepp som disponent 1939-45 og så Anders Kristiansen 1945-88, då Elias Moe overtok. Etter kvart vart produksjonen dreia over meir mot kraftfôr og Møre Felleskjøp overtok 90% av aksjane 1973. I nyare tid har mylna her vore den einaste i landet som mel mjøl med steinkverner til matproduksjon, og i 1992 vart det malt 60 000 kg havre på mylna.

Kulturminne ID 104xx: Halkjelsvik tettstad/gata: Berre kalla Gatå på folkemunne, er den gamle hovudgata i Volda sentrum som gjekk frå området nedanfor kyrkja og innover mot Halkjelshaugen og Øyraelva. Det eldste huset, Ose-huset, vart bygd i 1841 av Johan Meyer Blichfeldt, som var bakar og fargar. Etter kvart kom det til bokhandel, bakeri, kafé, snikkarverkstad, urmakar, moteforretning og telegrafstasjon – for å nemne noko. I 1880-åra var Halkjelsgata etablert som Volda si sentrale forretningsgate. Regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi

Kulturminne ID 105xx: Hauane, Volda sentrum: Bustadane på Hauane er mellom dei eldste i Volda. Dei fleste er bygd i perioden 1880-1930, og området fortel ei historie om framveksten av Volda som skulestad og tettstad. Området inneheldt i hovudsak bustadhus, men også nokre forretningar, til dømes langs Seljabakken. Den første gata i Volda med bustadus tett-i-tett på begge sider var truleg Smithsgata («Tausakjerringsgata»). Mange av dei som flytta hit hadde bakgrunn frå gardsdrift, og husdyrhald i mindre skala var vanleg. Dei fleste husa vart bygde med uthus, og høner, sauer, griser og hestar var mellom bebuarane i området. I dei små hagane finn ein også gamle frukttre og bærbuskar.





Halkjelsgata, bildet er henta frå Byggningsmiljø og estetisk rettleiar, Volda sentrum.

Smithsgata eller «Tausakjerringsgata» bildet er henta frå Byggningsmiljø og estetisk rettleiar, Volda sentrum.



Kulturminne ID 106x: Gamlebanken, Kyrkjegata 13, gnr. 19/284: Voldens og Ørstens Sparebank vart oppretta i 1854, som tredje sparebanken på Sunnmøre. Det er fortalt at då det blei lyst etter grunnfondskapital på kyrkjebanken i 1853, var det heile 481 personar som teikna seg. Banken heldt den første tida til på nedre Roset, men i 1931 vart det kjøpt ei tomt like ved kyrkja og bankhuset stod ferdig i 1934.



Gamlebanken, bildet er henta frå Byggningsmiljø og estetisk rettleiar, Volda sentrum.



Kulturminne ID 107xx: Samfunnshuset, Storgata 14, gnr. 19/1033: Huset stod ferdig hausten 1955. Fleire arkitektar var involvert i arbeidet, mellom andre Harald Løkeland frå Bergen og Ivar Bjordal frå Molde. Huset kosta knapt 800.000 kr. då det var ferdig, og inneheldt moderne kinoframvisar og gode kvalitetar for større teaterframsyningar i tråd med riksteateret sine krav. Innviingsfesten markerte starten på ein svært aktiv periode for kulturlivet i bygda.

Kulturminne ID 108x: Idrettsbygget, Engesetvegen 34, gnr. 18/80: Idrettsbygget vart ferdigstilt av Statsbygg i 1963 og er teikna av arkitekt Ivar Bjordal. Den grøne bygningen fungerer som eit signalbygg, og er godt synleg frå mange stader i bygda. Bygningen inneheld både gymnastikksal og symjehall.

Kulturminne ID 109xx: Sveitserrekkja i Gamlevegen 4, 6, 12 og 14, gnr. 18/422, 209, 221,86: 4 hus i Sveitserstil på rekkje og rad. Husa er bygd kring 1910, og eigarane har teke godt vare på den gamle stilen. Husa har bratte takvinklar og innebygde verandaer, noko som var vanleg langs kysten. Lik høgde og volum på bygningane, avstanden mellom dei, skifertaka, vindaug med krossinndeling, utskjeringar og takvinklar er element som gjer at desse husa på mange måtar «heng saman», dei utgjer eit bygningsmiljø. Tomtene er store og hagane framanfor for husa, med gamle frukttre, buskar og staudar, utgjer ein viktig del av miljøet.



Sveitserhus i Gamlevegen, bygd omkring 1910, foto: Regine Aklestad.



Kulturminne ID 110xx: Evenshuset, Anders Vassbotnveg x, gnr. ?: Bygd til ekteparet Johanna og Nils Sr. Evensen og stod ferdig i 1912. Truleg sett opp av byggmeister Rasmus Sivertson Halkjelsvik. Møre Støypereri var Evensens familiebedrift, og huset ligg i Røysbakken like ved fabrikk. Møre Støypereri var ei viktig bedrift i lokalsamfunnet, og ga mange arbeidsplassar. Huset er særlege, der konstruksjon og planløyising har referansar til sveitserstilen, medan oppbygning av fasade og detaljar på huset er henta frå jugendstilen. Eit spesielt trekk ved huset er drakane i mønene på taket. Innvendig finn ein takmaleri i stovene.

Kulturminne ID 111x: Espehuset, Anders Vassbotnveg 23, gnr. 19/859: Huset vart bygd i 1932 av skomakar Elias Abelson Espe (Volda) og den andre kona hans, Martha Pauline Ellingsdotter Indresøvde (Larsnes). Standsmessig fint hus, trekonstruksjon forblenda med teglstein og med etterlikning av bindingsverk i møna. Framand hustype i Volda, og også nasjonalt var det særst få teglforblenda hus før 1940. Arkitekt var Elmer Dalen, Martha sin systerson. Han gjekk mellom anna i bygningslære i Amerika. Familien deira var (med-) eigar både ei kalkverk på Larsnes og teglsteinsverk på Åndalsnes, dette forklarar truleg dei uvanlege vala i materiale og stil.

Kulturminne ID 112xx: Røysløda, gnr. 19/2: I Volda sentrum står framleis lødene til dei tre kjende sentrumsgardane Røysgarden, Moritsgarden og Skjerva. Forma på lødene samsvarar med uttrykket i resten av landet, men storleiken varierte etter økonomi og næringstilhøve. Mange av bøndene i Volda dreiv med attåttnæringar knytt til kyste og sjøen. Derfor er det nok

færre av dei verkeleg store lødene her. Lødene vart ofte raudfarga, då raudmaling var den billigaste. Sidan har det vore tradisjon, så løene er ein fin kontrast til dei andre bygningane. I følgje SEFRAK-registreringa er løa reist kring 1870-åra, men mykje tyder på at den er eldre. Løda har material i seg frå den gamle stavkyrkja i Volda som vart riven i 1858.



Døme på løde. Løa i Nikolaigarden, sjefsgarden på Engeset, er reist i 1880-åra. Foto: Kari Hasle.

Kulturminne ID 113xx: Plakatbua, gnr. ?: I det meir tettbygde Volda vart det vanleg at ein hadde små uthus, som kunne ivareta fleire funksjonar. Det kunne vere vedahus, utedo, fungere som oppbevaringsstad og jamvel ha funksjon som fjøs for høner eller ein gris. Mange huseigarar leigde også ut rom til skuleelevar som ei viktig ekstraintekt. Uthusa vart slik nyttige avlastingsrom for hovudhusa. Ikkje alle uthus vart SEFRAK-registrerte, og

fleire av dei har forsvunne dei siste tiåra. Plakatbuda er eit typiske uthus i Volda sentrum, sentralt plassert i krysset mellom Halkjelsgata og Røysgata. Uthuset høyrde til Kroken-huset frå 1893, der vart det drive handel av ulikt slag og bua vart hovudsakleg nytta til lager. Med si sentrale plassering gjorde den eine veggen på uthuset nytte som «plakatvegg». Her kunne ein til dømes sjå speleplan for kinoen. Uthuset har framleis ein funksjon som plakatbud.



Plakatbuda i Volda sentrum: Foto Kari Hasle.

Kulturminne ID 276080: Volda Jernstøyper, Elvadalen/ A/S Møre Støberi, gnr. 19/564: Vart starta i 1903 av Nils Evensen, og dei tok over tomte etter Voldens Aktiegarveri ved Storelva. Støyperiet overtok øydelagt støypegods etter Ålesundsbrannen, og laga «Magasinovn, Etage- eller Circulationsovn, Indelukket Kokeovn, Komfur, Vaskekomfur, Baatovn, Heisekraner, Krabbekraner, Takvinduer, Feieluker, Trillebårhjul, Vaffeljern, Krumkakejern, Baatrat, Pollerter, Rekværkssøiler, Trappesøiler, Gravgitter, Moseharv, Skolest osv.» I 1907-08 var det 46 arbeidarar ved støyperiet. Etter kvart fekk verksemda filialar både i Molde og i Ålesund. Støyperiet her brann ned i 1913, og det vart sett opp ny verkstad på branntomta. Etter nokre tøffe år på 1920-talet, overtok nokre av arbeidarane verksemda her 1933. Under krigen gjekk dei heilt over til produksjon av maskindelar. Støyperiet vart nedlagt 1967.

Kulturminne ID 114xxx: Humberset Bil og Mekaniske Verkstad, gnr. 29/19: Brørne Andreas og Elling Johnsen Humberset starta med smie og mekanisk verkstad i Løvika vest for Humberset i byrjinga av 1870-åra. Dei kalla seg Br. Jonsen Verkstad. Murane etter smia står framleis i fjøra i Løvika. Då Andreas døydd i 1898, vart verkstaden flytta til farsgarden på Humberset og brorsønene Britanus og Lars Humberset tok over drifta. Dei hadde mange mann i arbeid og laga mellom anna beslag på kjerre- og sledemeidar, hjul og beslag til fiskebåtar. Det var ikkje veg til Humberset, og all transport gjekk sjøvegen. Lars dreiv sin del av verksemda vidare på Humberset til han døydd i 1921, medan Britanus flytte sin del til Øyraelva i 1912. Han leigde folk til å sette opp mur mot elva og bygde



smie, slik den står den dag i dag. Han hadde smie i første etasje, treverkstad i andre og materiallager på loftet.

Verksemda tok på seg mange slags oppdrag både for private og andre verksemdar. Ein kan nemne kunstarbeid for Volda kyrkje, produksjon av verktøy og maskiner til både båtbyggjarane på Bjørkedalen, og Volda mek. Verkstad, i tillegg til alle typar lokale konstruksjons- og reparasjonsoppdrag innan sveising og metallarbeid. Utover i 1920-åra kom dei første bilane til Volda, og verksemda tok til å produsere kasser til lastebilar og bussar. Dei bygde nytt bygg i betong i 1930-åra, og laga her mellom anna dei første bussane og lastebilane til Ragnvald Engeset sitt rutebilselskap. I etterkrigstida vart det produsert avrettarhøvlar, boremaskiner, kombinerthøvlar og meir for møbelindustrien. Autentiske og tidstypiske bygningar og produksjonslokale står framleis på opphavleg stad, med mykje av produksjonsutstyret intakt.



Humberset Bil- og mek. Verkstad, foto: Torgeir Stensø

Kulturminne ID 115xx: Distriktshøgskulen vart etablert i Volda 1970, og i 1971 reiste dei *Ivar Aasen-huset* på Røysmyrane. Høgskuleområdet vart utvida med *Hans Strøm-huset* i 1984. Då lærarskulen og distriktshøgskulen vart slegne saman i 1998, vart administrasjonen lagt til det nybygde *Berte Kanutte-huset*.

Kulturminne ID 116xxx: Volda ungdomsskule, Stormyra 2, gnr. 19/28: Ferdigstilt i 1960. På denne tida bar skulen namnet Øyra skule, og den romma elevar i folkeskulen, framhaldsskulen og realskulen. For Volda



kommune var realiseringa av skulen eit krafttak, og bygningen sto fram som ein av dei mest moderne skulebygningane i landet. Med 16 klasserom, to skulekjøkken, to naturfagsrom, to sløydsalar, handarbeidsavdeling, lesestove med boksamling, teikne- og songrom, skuletannklinikk og lækjarkontor med venterom, lærarrom, styrarrom, inspektørkontor, sekretærkontor, lagerrom, vaktmeisterbustad og ei mengd smårom vart skulen rekna som eit bygg for framtida. Aulaen på 650 kvm, og galleriet med plass til ca. 1500 menneske gav Volda ei ny storstove.

Skulereforma med innføringa av niårig skule og aukande elevtal var med på å endre namnet på skulen til Volda ungdomsskule i 1977/78 då nye Øyra barneskule stod ferdig.

Kulturminne ID 117xxx: Sjukehuset og hageanlegg, gnr. 19/451 : Søre Sunnmøre sjukehus vart opna i 1938 etter stor innsats frå mange av kvinnene i Volda og nærområdet. Sjukehuset kosta 320 000 kr, hadde 42 sengeplassar og var slik det største sjukehuset utanom byane i Møre og Romsdal. Inntektene frå kinodrifta var ei viktig finansieringskjelde den første tida, utanom at mange kvinner i lokalmiljøet gjorde ein stor innsats for å skaffe tøy og ullteppe til sjukehuset. I 1947 overtok Møre og Romsdal drifta av sjukehuset, og dei fekk overta bygningane vederlagsfritt. I 1960 vart sjukehuset utvida til 73 senger, og i 1970 vart det utvida med eigen fødepaviljong med 21 senger. I 1974 var sjukehuset igjen for lite, så då vart det sett opp ein provisorisk poliklinikk av Moelven-brakker. I 1986 vart det bygd nytt sjukehus med totalt 116 senger, og det gamle sjukehuset vart

rive. I dag er det berre hageanlegget ved sjukehuset som vitnar om sjukehuset som låg her. Den vart teikna og planlagt av Volda Hagelag.

Kulturminne ID 118xx: Pleieheimen, Ørstavegen 75, gnr. 15/3: Volda Sanitetshus vart opna i 1912 som tuberkuloseheim med 14 pasientplassar under namnet Vonheim. Vest for huset låg det ein kurhall og Raudehuset aust for heimen var brukt til hyblar, arbeidsrom – og som lik-kjellar. Etter krigen endra behovet seg, og dei siste pasientane vart overførte til Reknes hospital i Molde på 1960-talet. Fram til 1978 vart bygget nytta som rehabiliteringsinstitusjon og til pasientavlasting for Volda Sjukehus. Bygget vart utvida i 1958. Mellom 1980 og 1988 var Volda kommune leigetakar av bygget, og dreiv sjukeheim for 16 pasientar. Deretter har bygget vore nytta av Volda Sanitetslag til diverse aktivitetar og utleige, blant anna til hyblar og lag- og foreiningsaktivitet.

Kulturminne ID 119xxx: Volda bygdetun – Hau eleit, Lægdavegen 39, gnr. 30/34: Volda sogelag vart starta 1911, og ei av dei første sakene var å finne ein stad ein kunne flytte den verneverdige **sengjabuda frå Eide**. Det enda med at ein flytte den til Tunheim på Engeset 1912, der ein såg føre seg å lage bygdemuseum, offisielt opna 1913. I 1948 fekk sogelaget skøyte på Hau eleit på Rotset, og i 1951 vart sengjabuda flytta til ny tomt her.

Kalvatnstova: Ei gamal røykstove frå Jakobsgarden på Kalvatn, som vart riven der for å gje plass til ny løe. Stova kom til Hau eleit i 1951.

Kornbergstova stod opphavleg i Larsgarden i Bjørkedalen, men vart tatt ned der og flytta til Steffagarden på Kornberg kring 1845. Dei siste som budde i stova her døde 1945 og 1946, og eigarane baud då at bygdetunet



kunne få overta den. I 1954 vart stova teken ned og sett opp på Hau eleit i 1955. Restane av eit **kvernhus** frå Årvika vart også sett opp her, men det var i for dårleg stand til å kunne brukast.

Aktiviteten i laget var mager ein del år, men frå 1977 vart det ny giv. Hau eleit som museum var offisielt opna jonsok 1978. I 1979 vart det flytta hit ei **masstove** frå Sunndalen og eit **stabbur** frå Heltne. Frå Homberset vart det flytta ei **vedaløe** til Hau eleit i 1980, og dette var då det 7. huset på bygdemuseet. Løda var bygd 1919-20, men er svært typisk for dei mange vedaløene som stod rundt i bygdene.

Seinare har aktiviteten ved bygdetunet auka, slik at det ved 100-årsjubileet for sogelaget var heile 20 verneverdige bygningar på Hau eleit, som også hadde fått sanitær- og administrasjonsbygg.

Kulturminne ID 120xxx: Uppheimplassen, Gymnasvegen 2, gnr. 19/482: Vart valt som Volda sin tusenårsstad 2000. Her finn vi installasjonen «Egget» av Astrid Eidset Rygh. Forsamlingshuset Uppheim var møtestad og øvingsstad for mange lag og organisasjonar før Samfunnshuset kom. Trappa utanfor var som laga for ein talarstol, og dette gjorde at plassen vart fast møteplass og stoppestad for toget ved 17.mai-feiringa i sentrum .

Ved plassen er det laga eit eige parkanlegg med paviljong. Det vart 1992 sett opp eit minnesmerke over kunstnarane i Kinsarvik-familien i tilknytning til parken.

Kulturminne ID 121xxx: Svendsenbuda, Hamnegata 8, gnr. 19/131:

Svendsenbuda er den einaste sjøbuda som står igjen i Volda sentrum, og er eit av få teikn på bygda si historiske tilknytning til sjøen. Tidlegare låg det sjøbuder på rekke og rad langs fjordkanten, og små og store båtar låg tidvis til kai langs brygga. Dei fyrste sjøbudene ved Vikeneset kom opp rundt 1880. I dag er det butikk og hyblar i den gamle sjøbuda.

Kulturminne ID 122xx: Åslids Møbelfabrikk i Volda, adr? Gnr. ? Vart starta av Ivar Aaslid ved Øyraelva i 1907. Første tida laga dei spisestovemøblar, med bord, stolar, skjenk og skap. Stolane var i heiltre av eik og bjørk, og dei fleste møblane var mørkbeisa. Dei hadde eiga sag, og seinare også eiga materialtørke. Sønene overtok verksemda her 1936, og verksemda vart utvida mykje i 1946. Åslids Møbelfabrikk vart sjølv flaggskipet i den lokale møbelnæringa, og kring 1980 gjekk 70-80% av produksjonen til eksport, det meste til USA og Canada – og det var 45 tilsette i bedrifta. I 1987 vart verksemda avvikla, den internasjonale konkurransen vart for hard.





*"Småstol"
frå omkring
1940, foto:
Wikipedia.*

Kulturminne ID 123xx: Volda skifabrikk, Røysbakken ?, gnr. ?: På Røysbakken ligg eit hus med ei særmerkt forhistorie. I kjellaren vart det i åra 1929 til fram mot 1960 produsert mellom anna ski og skistavar, med hoppski som spesialitet. Det var Spinneri-Syver, Sivert S. Rotevatn som starta opp denne produksjonen, og seinare tok sønene Magnar og Kjartan

over. Dagens rester av fabrikk ligg på lager hos Norsk Skimuseum på Kongsberg.

Kulturminne ID 124xxx: Volda mekaniske Verkstad, adr? gnr.? Nils Evensen starta som disponent ved Møre Støberi AS, og han oppdaga snart at støyperidrift og motorfabrikasjon passa godt saman. I 1913 fekk han med seg ein del dyktige folk og lokale interessentar og bygde opp motorfabrikk på ei sjøtomt bygsla av kyrkja og Prestegarden. Det var gode tider for fiskarane under den første verdskrigen, og slik sett fekk dei ei god opning. Men i 1917 brann fabrikk ned, og dei måtte starte opp på nytt. I 1920-åra gjekk det meir trått, dei gjekk konkurs og måtte få hjelp til å kome i gang att i 1928.

Arbeidarane gjekk inn å kjøpte aksjar i selskapet. Fram til 1960-talet var **Volda- motorane** kjende slitarar i mang ein fiskebåt langs kysten. Motoren var utvikla av arbeidarane lokalt. På det meste vart det 140 motorfabrikkar i landet, og Volda mek. vart ein liten, men kjend fabrikk. Motorane vart rekna som solide og driftssikre. På 1970-talet dreiv Volda mek. større skipsarbeid og slipping, men dei spesialiserte seg etter kvart på skipsgir og framdriftssystem for skip. I dag går verksemda under namnet Brunvoll Volda.

Kulturminne ID 125xx: Den gamle ferjekaia i Volda, gnr. ?: Låg ved den gamle Kroken-kaia mellom Steinsvikhuset og Haavikhuset, og kaia vart bygd opp på grynna ved fjøre sjø her i 1946. Hamna vart sidan mudra slik at skyssbåtane kunne legge til her, og det var også ekspedisjon for



Bergenske Dampskipsselskap her. Ikkje langt aust for kaia låg Røysbryggja, som var fast landingsplass for småbåtane som kom oppom her. I dag kjenner oppveksande generasjonar og innflyttarar til bygda området berre som «Flyndra»: ein stad der russ hoppar i vatnet, og Voldakampen utspeler seg. Dette var det mest sentrale trafikkpunktet i tidlegare Volda kommune, og eit kjernepunkt i sentrum.

Kulturminne ID 126xxx: Bautastein ved Volda-kyrkja: Steinen var teken på Mårstøylen og frakta til Volda. Han vart avduka 17. mai 1914 og innskrifta var: «Minne om voldingar som fall i krigen 1807-1814». Etter siste verdskrigen vart bautaen 17. mai 1946 supplert med ei minneplate over dei frå Volda som var falne i krigen, det var i alt 5 mann.

Kulturminne ID 127xxx: Bautastein i Riste-tunet på Nedre Rotset: Denne steinen var sett opp til minne om Synnøve Riste (1858-1889) som var redaktør, målforkjempar og kvinnesaksforkjempar.

Kulturminne ID 128xxx: Bautastein til minne om ekteparet Wilhelmine og Dr. Oscar N. Eng som var ein av grunnleggarane av Sanitetslaget. Den sto opphavelig ved Sanitetshuset, men har no fått ny plassering i sentrum av Volda.



Viddal, Bjørke og Skjåstaddalen

Inst i Storfjorden finn ein grendene; Viddal, Finnes, Bjørke og Skjåstaddalen. I Fagrapporten «Kjerneområde- landbruk» (Ørsta kommune 2013) er både Kalneset, Bakketunet, Finnes, Mork og Skjåstad utpeika som viktige kulturlandskap knytt til landbruk. Desse kulturlandskapa bør handsamast som ein heilskap, der den høge verdien til enkeltbygg vert understreka og forsterka av å høyre til ein større kultursamanheng.

I Skjåstaddalen og Bjørke er det heile 4 bygg som har datering tilbake til mellomalderen. I tillegg er det fleire bygg som høyrer til overgangen mellom mellomalder og tidleg nytid. Det er både gardshus og naust representert blant dei eldste husa og ein står såleis ovanfor samanhengar mellom ulike komponentar i fiskarbondøkonomien som i dette tilfelle har særleg grad av tidsdjupne.

Hjørundfjorden er føreslått som eit av KULA-landskapa i Møre og Romsdal. Skjåstaddalen er også løfta fram som eit dalføre med spesielt verdifullt kulturlandskap i den regionale planen for kulturminne og kulturmiljø i Møre og Romsdal.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av nasjonal verdi

Kulturminne ID 87255: Bakketunet på Åkre, Bjørke, gnr. 234/1, 9: Tunet har ein heilskapleg karakter med fleire bygningar med stor tidsdjupne. Stova og grindløda i tunet kan førast tilbake til midten av 1500-talet, mens stabburet har kome til i perioden 1537-1649. Stallen og smalefjosen er

tidfesta til 1700-talet. Til saman famnar tunet om seks bygningar.

Bakkegarden var i eldre tid ikkje delt i meir enn to bruk, så tunet framstår ikkje som eit typisk klyngjetun. Miljøet på Bakke ber i seg eit potensiale for å sjå samanhengar mellom arkeologiske funnstader, mellomalderbygningar og nyare tids kulturminne på Bjørke og i Skjåstaddalen.



Bakketunet. Foto: Ingrid Brautaset, Møre–Nytt.



Kulturminne ID 87257: Stabbur, Fram-Saure, Larsgarden, gnr. 237/2: Stabbur, dendrokronologisk datert til kort tid etter år 1619.

Kulturminne ID 87256: Stabbur, Raudstad, gnr. 238/2: Stabbur, dendrokronologisk datert til kort tid etter år 1619.

Kulturminne ID 87258: Stabbur, Kristengarden, Skjåstad, gnr. 240/2: Stabbur, mogleg frå 1500-talet. Arkitekt Arne Berg har anslått at stabburet kan vere frå tidsrommet 1500-1550. Ein av berre fire ikkje-kyrkjelege mellomalderbygningar i fylket.

Kulturminne ID 276181: Telefonkiosk, Prillar Guri (Fastingskiosken / «Riks» gnr. 234/7: Ein av 100 utvalde telefonkioskar i landet som er verna gjennom ein *vern og vedlikehaldsavtale* med Telenor. Telefonkiosken «Riks» vart teikna av arkitekten Georg Fasting i 1932. Dei raude telefonkioskane er eit viktig uttrykk for funksjonalismen i Noreg og ein viktig representant for modernismen i det førre århundre og norsk telekommunikasjon. Eit teknisk-industrielt kulturminne.

Kulturminne i kulturmiljøplanen av regional verdi

Kulturminne ID 227405: Klyngjetun på Finnes, Bjørke, gnr. 242/1,2,3,4: eit av få bevarte klyngjetun i fylket. Opp til moderne tid har det berre vore odden som stikk ut i fjorden som har vore trygg for fonnfare.

Kulturminne ID 227099: Stabbur, Ner- Saure, Knutegarden, gnr. 236/1: Stabbur frå mellomalderen, noko usikker datering. Inneheld ei samling av

gamle reiskap og ting som har vore nytta i eldre tid. Truleg frå før 1650. (vernestatus: uavklart).

Kulturminne ID 237810-2: Tingstova på Tueplassen, Bjørke, gnr. 235/1: I 1989 sette Hjørundfjord Sogelag opp denne stova på Tueplassen som sogelaget hadde bygsla fram til 2027. Huset skal ha vore større, men vart delt ein gong på 1700-talet. Det store ovaltelgja tømmeret kan tyde på at huset er frå slutten av 1500-talet. Mogleg har det tidlegare vore ei sengebu. Ei av få bevarte tingstover i fylket.

Kulturminne ID 227392: Naustrekkje på Bjørke, gnr. 235/3,5,6,2 m.fl.: Naustrekkje der fire grindnaust, i følgje SEFRAK-registeret, kan først tilbake til 1500- eller 1600-talet. Alle nausta høyrer til gardar i Skjåstaddalen (Saure og Rørstad). Jobuda vart nytta i samband med Trondheimshandelen. Står slik den var då den vart stengd kring 1960.

Kulturminne ID 227392- 2: Notanaust på Bjørke: Del av naustrekkje, restaurert.

Kulturminne ID 227331: Bjørke, kvernhus, gnr. 235/1 m. fl.: Samling av kvernhus. Elva vart også nytta som drivkraft til treskemaskin. Kvernhusa er frå 1800-talet og vart nytta fram til 1945.

Kulturminne ID 85584: Bjørke kyrkje i Storfjorden, gnr. 235/11: Kyrkja er ei langkyrkje i tre og har 200 sitjeplassar. Teikna av arkitekt Matias Brekke og vigsla i 1920. Kyrkja vart soknekyrkje etter opprettinga av Storfjorden sokn i 1929.



Kulturminne i kulturmiljøplanen av lokal verdi

Kulturminne ID 237810: Tueplassen, gnr. 235/1: Tueplassen vart etablert i 1869. Til plassen låg både 5 mål dyrka jord, tilgang på slåttemark, hamnegang for krøter og hogstrett i skog. Plassen omfatta opphavleg både stove, løe og stabbur, men i dag er det berre stova som står att frå det gamle tunet. Stova skal opphavleg vore henta frå Hornindal, og er ei typisk Nordfjordstove. Tuestova romma det første postkontoret på Bjørke, og det vart gjort visse bygningstilpassingar i samband med denne funksjonen. I nyare tid flytta ei tingstove hit.



Tueplassen, foto: Knut Hustad, Møre-Nytt.

Kulturminne ID 129xxxx: Kvernhus, Ner- Saure, Skjåstaddalen: Kvernhus frå 1736, restaurert.

Kulturminne ID 130xxxx: Vassbruksmiljø og Haugarfjøsene ved Sledalselva på Skjåstad, gnr. 240/1: Kvernhusmiljø, tre ståande kvernhus og tre ruinar etter kvernhus, og vårfjøs (SEFRAK 15200024009 m. fl.). Like ved er eit godt bevart kraftverk frå 1944, eit tun med stabbur frå mellomalder og Haugarfjøsene- ein godt bevart geitefjøs i tømmer.

Kulturminne ID 131xxxx: Vårfjøs på Finnes, gnr. 242/3, 4: Vårfjøsar, på Sætre og Sæssgjerdet.

Kulturminne ID 132xxxx: Klyngjetun, Mork, Skjåstaddalen, gnr. 239/1,3: Klyngjetun, spesiell innpassing i terrenget. Gjeld tunteigane og Feirvadet med røysa der.

Kulturminne ID 237829: Garnsykje, Viddal, gnr. 230/1: I ei garnsykje vert garna hengde opp før å tørke, og slike hus vart nytta fram til nylongarna tok over for garn laga av hamp og bomull. Kanskje den einaste av sitt slag i området.

Kulturminne ID 133xxx: Naust, Saurvatnet, gnr. 236/2: Knutenaustet og Andersnaustet frå 1800-talet.

Kulturminne ID 134xxxx: Raustadbrua, Morkaelva, Skjåstad: Brua vart oppført kring 1920. Bygginga skjedde ved at både grunnsteinane til brukara og store heller vart lagde på isen. Då isen tina, sokk steinane på



plass under vatn. Brua har klare estetiske verdiar i tillegg til at ho vitnar om praktisk sans og godt handverk. Brua leidde over Morkaelva til beitemarka på nordsida av vatnet.

Kulturminne ID 238292: Sauresetra, Sledalen: Fem nær identiske sel, 4 står på rekkje, mens eit står framfor de i andre. Alle vender same veg. Sela er lafta, ikkje bordkledde. I tillegg til sela er det fem murar. To av desse ligg bak sela, er store, truleg fjøs. Ein mur ligg attmed selet som står aleine, mogleg har det vore to rekkjer med sel.

Kulturminne ID 135xxx: Kalneset, gnr. 234/5,6: Særmerkt fjordnært kulturlandskap.

Kulturminne ID 136xx: Viddal skule, gnr. 230/8: Skulen vart teken i bruk i 1905, den er godt bevart og har stor grad av autentisitet. Mykje av inventaret er også bevart. Elevane kom med båt frå heile Storfjorden for å gå på skule her. Skulen var i drift fram til 1960.

Kulturminne ID 137xxxxx: Erkehuset, Bjørke gnr. 234/29: Teikna og oppført som bustadhus av John Mork på 1930-talet. Huset har ein særmerkt arkitektur som kan ha vore inspirert av hotellet som stod på Bjørke på slutten av 1800-talet (dette vart teke ned og skipa til Os utanfor Bergen i 1898). Erkehuset er no under restaurering. Nærleiken til Bakketunet er med på å forsterke dei kulturhistoriske verdiane knytt til denne delen av Bjørke. Stor lokalhistorisk og arkitekturhistorisk verdi.



Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv er levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som vert overført mellom folk. Kunnskapen vert praktisert i dag og vert ført vidare gjennom kreative uttryksmåtar som handverk, musikk, dans, mattradisjonar, ritual og munnlege forteljingar.

Musikk, song og dans

«Somme av gamlespelemennene i Hornindal var plassmenn som sleit og strevde hardt for å livberge seg og sine. Dei fekk derfor ikkje tid til å dyrke musikken så mykje som dei ville og hadde sikkert kome mykje lenger enn dei gjorde i felespelet under romslegare levekår. Likevel nådde dei nokså langt, særleg i det gamle slåttespelet. Endå dei fleste ikkje hadde noka opplæring korkje i speleteknikk eller noteskjønn, vart dei så gode i alt som vedkom den gamle dansemusikken, at få av slåttespelarane i dag greier å få fram det svipet og den tonen gamlespelemennene hadde over spelinga.» (Håkon Gausmel i Historisk årsskrift nr. 13)



Norsk folkemusikk og folkedans har lange tradisjonar og representerer ei unik immateriell kulturarv. Musikken og dansen har vore viktig for folk på mange vis og verka samlande på tvers av generasjonar og sosiale miljø.

Volda kommune har ein rik folkemusikk- og dansetradisjon. Her er alt frå lokale springarvariantar, liljetonar, slåttar og stev. Fleire lokale spelmenn

og spelmannslag er vidt kjende og Volda er vertskommune for Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal.

Hornindal er ei av bygdene som er særleg kjend for både folkemusikk og folkedans og har halde tradisjonane levande fram til vår tid. Tradisjonane går langt attende og mange av slåttane og tonane har vorte ført vidare frå generasjon til generasjon. Folkemusikken har vore ein så stor del av hondølene sin identitet at det då det i si tid skulle vedtakast våpen for den tidlegare kommunen, var fela eit av to motiv som vart diskutert. Fela skulle då vere representant for dei mange utøvarane innan folkemusikk som har vore med og sett merkje på bygda sin identitet.

Folketone frå Hornindal- «Om kvelden»: Ein av mange folketonar som representerer songtradisjonen i Hornindal.

Kvinnelege folkemusikarar / felespelarar i Hornindal: Kvinnene har vore viktige kulturberarar av musikktradisjonen i Hornindal. Eit særmerke ved den tidlegaste felemusikken er at det er kvinner vi kjenner namnet på. Synnøve Rasmusdotter Frislid, fødd 1725, er den første som er namngjeven. Ho vart kalla Spelar-Synnøve, gifte seg med ein gut frå Otterdal, og dei slo seg ned som bønder på eit av bruka på Norang i Hjørundfjorden. Fem søstrer frå det andre bruket i Otterdal er dei neste kvinnene vi kjenner som felespelarar. Britt, som gifte seg til Aurstad i Austefjorden, var den mest kjende av desse. Litt seinare kom Samuline Seljeset (1804-1872). Samulina-springaren som er godt kjend i spelemannskrinsar, er i tradisjon etter henne. Gruppa Hornindalstausene,



jenter fødte midt på 1960-talet, Liv Merete Kroken, fødd 1976 og Britt Pernille Frøholm, fødd 1978, er dei som gjort Hornindal mest kjend som folkemusikkbygda dei siste tiåra.



© Honndalstausene. Framme frå venstre: Bente Tomasgård, Torunn Räftevold, Marianne Tomasgård. Bak frå venstre: Synnøve Hjellbakk Hole, Gunn Sølvi Gausemel, Gunnhild Sindre, Tone Lien.

Fleire har nok tralla og sunge enn dei som har spelt fele. I nyare tid har Oline Løvlid, fødd 1950, gjort eit stort og fortjenestefullt arbeid for å berge desse toneskattane våre og føre dei vidare til nye generasjonar gjennom det opplæringstilbodet ho har gitt unge honndøler gjennom fleire tiår.

Dottera, Unni Løvlid, f. 1976, er den som mest markert har bore med seg denne tradisjonen ut av bygda og utvida han til nye former.

Hornindal spelemannslag: skipa i 1960 og framleis aktivt.

Spelemannslaget var svært tidleg ute som bygdespelemannslag og førte vidare den gamle slåttemusikken i Hornindal og nabobygdene. Laget var svært populært og mykje nytta på samkomer rundt om i Hornindal, Nordfjord, Sunnmøre og elles. Laget gjorde det godt på lokale kappleikar og vann fleire landskappleikar i hardingfelespel.

Trekkspelemiljø: I Hornindal var det frå byrjinga av 1900-talet eit miljø for toradarspel, men frå 1930-åra vart kromatiske trekkspel meir vanlege. I fleire av dei kjende dansebanda med gamaldansmusikk frå Hornindal, i andre halvdel av 1900-talet, var trekkspel eit sjølvsgt instrument. Hornindal hadde også fram mot dei siste åra ein aktiv trekkspelklubb og toradarklubb. Kjende trekkspelarar frå Hornindal dei siste 50 år er mellom anna: Olav K. Hjellbakk, Leif Taraldset, Reidar Haugen, Emil Kroken, Kjell Lødøen, Nils Jakob Haugen og Arne Haugen.

Felemakar Lars Hjellbakk (1889- 1976): gardbrukar, felemakar, treskjerar, spelemann og slåttediktar frå Hornindal. Han har vore den mest sentrale tradisjonsberaren av folkemusikk i Hornindal den seinare tida. Lars Hjellbakk er kjend for felebygginga, og han skal ha laga om lag 80 hardingfeler. Felene er i dag spreidde over heile landet, og nokre også til USA med utflytte honndøler. Særleg er dei 10-15 siste felene hans rekna for



å vere gode feler. Han har òg bygd orgelet som framleis står heime på Hjellbakk.

Andre kjende kulturberarar innan folkemusikk og dans:

- Lars Eriksonn Brendefur (1782-1878)
- Lars Knutsson Kroken (1807-1889)
- Magne Maurset (1824-1915)
- Ola Olsson Hjellbakk (1850-1935)
- Lars Tomasgård (1964-1946)
- Ragnvald Lunde (1914-2003)
- Anna Lunde (1917-2001)
- Rasmus O. Kirkhorn (1795-1869)
- Hans J. Holmøy (1831-1910)
- Paul I. Lødøen (1842-1927)
- Brattebakk- Pål- Pål I. Lødøen
- Elling Seljeset jr. (1928-2014)
- Arne K. Gausmel (1862-1907)
- Per Grothaug (1865-1934)
- Nils Nilsson Taraldset (1874-1969)
- Peder Kristensson Seljeset (1899-1947)
- Ivar Kristensson Seljeset (1899-1983)
- Knut Olsson Lødemel (1989-1964)
- Ola Ellingsson Seljeset (1902-1997)
- Ellev Tomasgård (1940-)
- Anna Vassbotn Nymark
- Hans Geitvik
- Halkjellvika Spelmannslag

Musikk og dans famnar breiare enn den tradisjonelle folkemusikken og dansen. Volda har, og har hatt, eit rikt kulturliv med mange lag, kor og korps. Kristeleg og frilynde ungdomslag var det i nær sagt kvar bygd, når ein går ei tid tilbake, og med utspring i desse vart det ofte skipa songkor og musikkorps i bygdene.

I dag driv Kulturskulen driv opplæring i ulike instrument, song, spel og visuell kunst.

Sunnmøre Kammermusikkfestival: Volda er unikt ved at ein her har hatt eige symfoniorkester frå 1947. Som ein del anna av musikklivet i Volda er orkesteret knytt til høgskulemiljøet og musikklinja der. Sunnmøre Kammermusikkfestival har som mål å gje publikum på Søre Sunnmøre musikalske opplevingar av høg kvalitet gjennom å arrangere kammermusikk-konsertar med nasjonale og internasjonale artistar av høgste klasse. Festivalen ønskjer å legge vekt på «opplæringsoppdraget», og ein viktig del av festivalen er å gje førelesingar, meisterklassar og verkstadar for ålmenta, kulturskuleelevar på Sunnmøre, barn i barnehage og skule, og studentar ved Høgskulen i Volda. Slik vonar ein at festivalen og festivalmusikarane er med på å skape meirverdi for kulturlivet på Sunnmøre, for barn og unge i kulturskulane og høgskulestudentane i Volda.

Kunst og handverk

I frå dei tidlegaste tider ser ein at menneska har freista å gje bruksgjenstandar reint estetiske kvalitetar og kunst i ulike former kjenner



ein frå langt tilbake i tid. I det gamle jordbrukssamfunnet laga folk i stor grad det dei trong sjølve, men etterkvart utvikla det seg spesialistar og handverkarar. Nokre handverkarar utvikla handverket sitt til kunst.

Volda har ei lang og brei historie med kunst i forskjellige former. Måling, vev, smedarbeid, rosemaling, treskjerjing og likande er nokre av det Volda innehar av kunstnarar (avdøde) som har budd eller opphalde seg her. under følgjer ei oversikt over sentrale namn:

Anders Andersson Muldsvor 1802-1855	Handverkar, tre og jarn
Lars Nilsson Bakke 1815-1858	Bygningsmann
Lars Samuelsson Sollid 1838-1924	Smed
Anders Svor 1864-1929	Bilethoggar
Brita Lund 1886-1966	Kunstveverske
Anders Bruland 1867-1956	Kunstmålar
Steffen Gausemel 1909-1940	Kunstmålar
Rolf Haugen 1924-2010	Multikunstnar
Johannes Espe 1903-1984	Treskjerar
Bjarne Taraldset 1914-1999	Treskjerar
Rolf Taraldset 1953-	Treskjerar
Lars Hjellbakk 1889-1976	Felemakar
Emil Gausemel 1907-1990	Felemakar
Ola Samuelsson Lien 1830-1889	Smed
Ellings Andersson Seljeset 1861-1961	Navarsmed
Oskar Hjellbakk 1907-1998	Navarsmed
Magnus Brendefur 1917-2014	Ljåsmed
Odd Wick (1919-2012)	Maleri

Astrid Myklebust 1901-1990	Vev/biletvev
Karolina Espe 1904-1999	Vev/biletvev
Georg Saal 1817-1870	Maleri
Lars Kinsarvik 1846-1925	Rosemaling/treskjerjing
Otto Brände 1858-1953	Smedarbeid/kunstsmed
Olavius Nilsen 1860-1927	Knivar
Birte Flote 1866-1952	Vev/biletvev
Jens Munthe Svendsen 1869-1957	Skulptur
Johanne Heltne 1874-1961	Vev/biletvev
Wilhelm Kvalheim 1877-1949	Maleri
Britannus Humberset 1882-1961	Smedarbeid/kunstsmed
Theodor Aavang 1883-1964	Maleri
Rasmus Aarflot Riste 1886-1976	Maleri/teikning
Hugo Lous Mohr 1886-1967	Maleri
Per J. Vassbotn 1889-1963	Teikning/maleri
Arne Kinsarvik 1890-1969	Rosemaling/treskjerjing
Dagfin Werenskiold 1892-1977	Maleri/skulptur/treskjerjing
Norvald Dahl 1897-1966	Smedarbeid/kunstsmed
Sigvald Høibakke 1901-1975	Musikkinstrument/rokkar
William H. Johnson 1901-1970	Maleri/tresnitt/serigrafi
Ranveig Alvestad Halkjelsvik 1908-2004	Maleri/keramikk
Olav Strømme 1909-1978	Maleri
Jostein Øvrelid 1910-1983	Teikning
Nils Vålne 1911-1990	Maleri
Lars Kinsarvik 1923-1990	Maleri/rosemaling/treskjerjing
Per Nesje-Nilsen 1926-1998	Maleri
Dagfinn Bjørneset 1927-1996	Maleri/leiker



«Madonna med barnet». Veve av Brita Lund, biletveverske frå Hornindal. Ho har vove kring 50 store tepper med motiv frå bibelen, den norrøne mytologien og frå segner og eventyr. Gjennom åra hadde ho fleire separatutstillingar i både inn- og utland. Heilt frå byrjinga hadde ho interesse av plantefarging og i det meste av produksjonen sin har ho brukt sjølvspunne og sjølvfarga garn. Teppet over var gåve til kronprinsesse Märtha på 50- års dagen. Teppet heng på Skaugum, og er ein kopi av oljemåleriet i Loen kyrkje.



Mat og drikkekultur

Kornøl: Øl har tradisjonelt sett hatt ei sterk stilling i norsk kultur. Alle dei viktige hendingane i livet vart markert med drikkelag der det vart drukke øl -ved fødsel (barnsøl), dåp, truloving (festarøl), giftarmål (brureøl) og gravferder (gravøl). Ingen avtale var gyldig før det var drukke øl som stadfesta avtale. Kva tid ein byrja å bryggje øl i Noreg, veit ein ikkje, men ein veit at kring år 1000 påla Gulatingslova alle frie menn å bryggje juleøl. Truleg var skikken gamal alt då. Skikken med å bryggje øl varte ved gjennom heile mellomalderen og fram til minst 1850. Frå kring 1850 byrja tradisjonen å døy ut og særleg under 1. verdskrig fekk den seg ein alvorleg knekk, men døyde aldri heilt ut. Både i Nordfjord og på Sunnmøre har dei haldt tradisjonen levande og bygder som Hornindal og Bjørkedalen peikar seg ut som stader der tradisjonen er særleg godt bevart.

Brygging er eit handverk som har gått i arv i familien i fleire generasjonar, og det er skilnad i måten å bryggje øl på i ulike regionar. Nord for Jostedalsbreen, i Nordfjord og på Sunnmøre, har ein ein *råøltradisjon med bruk av kveikgjer*. Råøl er eit øl der vørteren ikkje vert kokt og *kveik* er gamle, gardsspesifikke gjærsoppar som har vore nytta og utvikla gjennom bruk i fleire hundre år. Kveiken vart samla på til dømes ein *kveikstokk* eller ein *kveikkrans*, tørka og nytta neste gang det skulle bryggjast. Kveiken skil seg frå anna ølgjær ved at den mellom anna tåler å gjære mykje varmare enn annan gjær, den tåler tørking og lagar andre smakar.

Brygging med kveik er ein kultur som bør takast vare på og det vert no arbeidd med ein søknad om å få heimebrygging med kveik inn på verdsarvlista til UNESCO som immateriell kulturarv.

Hornindal er eit kraftsentrum for norsk tradisjonsbrygging og «Den Norske Kornølfestival» vert arrangert årleg i bygda. Dette er den einaste festivalen i Noreg som er tileigna tradisjonell gardsbrygging. På festivalen stiller både tradisjonsbryggarar og heimebryggarar og dei serverer sit eige tradisjonsøl. Mange har også med kveiken dei har arva frå far og farfar. På festivalen får ein smake norsk tradisjonsøl og høyre foredrag om alle sider ved tradisjonsbrygginga.

Skriftkultur

Folkeetymologien knyter gardsnamnet Grevsneset (Greifsneset) til terrengformasjonen Greven ovanfor garden, og til dette knyter det seg eit sagn og ei folkevisе frå folkevandringstida, før ein fekk skriftlege kjelder. Segna er knytt til kong Arthur, og han finn ein att i segntradisjonen fleire stader på Sunnmøre; mellom anna skal han ha vore knytt til Dollsøya (no Sandsøya) i Sande, og Kong Arthur-spelet der er basert på denne legenda. Segna knytt til Volda går ut på at kong Arthur skal ha sett visekongen Osbrigt til å styre for seg, men han vart jaga frå landet. Då sende kongen greven Loke til Noreg, men også han vart vraka av nordmennene, og enda sine dagar på Grevsneset. Per Aarviknes siterer den gamle folkevisa i *Volda-soga* under garden Greivsneset.



«Med klubber i hånden til Osborg man drog, og Osbrigt den konge til Birkildnes jog.
Der prøvde han på til at gjøre motstand, men må i sin skute hver engelske mand.
De drog Heraskjekla, Stål, Djupål forbi, de nordgorske kjemper ham fulgte baki.
De landede først udi Northumberland: For fred dem må skikkes en anden slags mand. En
grev hin Loke, for all slags fortræd, den fikk de tilbake og følge dem med,
og satte ham ind udi Grevsnes ur, hvor han blev indsluttet som fuglen i bur».
(Birkildnes = Berkneset, Heraskjekla = Herøyane, Stål = Stadt, Djupål = Nørskerenna?)

Bjorkedalen er i ei særstilling ved at det her er bevart fleire eldre bøker som vitnar om skrivekunne i eldre tid, og som dokumenterer både eldre slektshistorie og gjev viktige kommentarar til dagleglivet i eldre tid. Frå gardane i Bjorkedal har ein teke vare på tre eldre slektsbøker: *Jakobsboka*, *Moritsboka* og *Larsboka*. I tillegg er bøkene *Erindringer frå krigsaarene 1807-1814* og *Tidsregister* av Rasmus J. Vassbotn, f. Bjorkedal også nyttige kjelder til informasjon frå den eldste tida i Volda-historia.

Ei anna tidleg skriftleg kjelde til dagleglivet i eldre tid, er Ole Johannes Olsen Reite sin *Chronologie eller Tids-Regning* (Reite-kronologien) som fortel om smått og stort frå 1841 og utover, sett med utgangspunkt i garden Reite på Folkestad.

Ekset vart etter kvart sentralt i skriftkulturen i Volda. Sivert Aarflot (1759-1817) var skulemeister og gardbrukar på Årflot i Ørsta, før han 1798 vart utnemnt til lensmann og kjøpte lensmannsgarden Ekset. I 1797 hadde han starta med å låne ut sine eigne bøker frå tida som skulemeister under namnet «Laane-Bibliothek i Ørstens sogn». Då han flytte til Ekset tok han med biblioteket ditt og utvida det til også å gjelde Volda sokn. Ivar Aasen (1813-1896) vart tidleg ein ivrig gjest på folkebiblioteket på Ekset.

Sivert Aarflot fekk trykt fleire historiske artiklar og småskrift i Bergen, før han i 1807 søkte om kongeleg løyve til å starte eige trykkeri på Ekset. Han fekk løyve 1808, og bygde om den gamle røykstova på garden til trykkeri. Berre typane vart kjøpte nye, resten fekk han laga av folk i bygda. På trykkeriet vart det trykt mange småskrift til opplysning for bondestanden, og også ein del religiøst stoff som folk ønskte å spreie. I tillegg starta han 1810 utgjeving av *Norsk Landboeblad*, den første avisa på landsbygda i Noreg, og han var sjølv redaktør. Avisa vart ein av forløparane til det vi i dag kjenner som avisa *Møre*. Det første trykkeriet på Ekset brann ned 1844, og det vart bygd opp att eit romsleg tømmerhus med loft som trykkeri på tomte her.

Fotografi

Volda har hatt fleire fotografar som har fanga inn Volda-samfunnet gjennom foto-linsene sine. Den første ein kjenner til som tok bilete herifrå var den kjende sosialist-agitatoren Marcus Thrane (1817-90), som fotograferte kyrkja her i 1862. Den første fastbuande fotografen var Peter O. Sørheim (1852-1916) som flytte hit frå Ørsta 1882 og sette opp atelier i utkanten av Røysgarden. Etter ei tid avvikla han verksemda og selde utstyret sitt, truleg til Paul Mork.

Paul Mork (1862-1950, brukte også skriveforma Mørk) hadde lært seg å fotografere i Mosjøen, og flytte heim til Volda 1889. Han bygde det seinare Brekke-huset på Hauane 1896 og hadde ute-atelier her. Berte Barstad (1867-1938) etablerte seg med bustad og eige atelier like ved forsamlingshuset Framhald på Lensmannsbakken i 1900, og tok over drifta



etter Paul Mork, då han overtok farsgarden på Mork. Ho dreiv som fotograf til 1920, då Karl Kornberg (1898- 1980) overtok atelieret her. Karl var svigerson til Paul Mork, og overtok fotosamlinga etter han. Då Framhald brann ned i desember 1948, vart også huset og atelieret til Kornberg totaløydelt. Sonen Lars (Lasse) Kornberg (1931-2004) overtok verksemda her 1953.

Johan H. Nerbøvik (1859-1924) frå Aukra kom til Volda første gong i 1897, og fekk snart fast base som fotograf i Sørheim-hagen. Fotoapparat og -utstyr hadde han med seg frå eit opphald i Amerika. I 1909 kjøpte han eit tømmerhus på Brunene i Dalsfjord og bygde det oppatt i Røysgata, like ovanfor Sørheim-huset. Den første tida hadde han atelier i 2. etasje på huset sitt, men i 1907 bygde han på huset sitt slik at han fekk atelier i gatehøgde. Sonen Johan (1902-1979) overtok huset og verksemda, då faren brått døydd 1924. Han dreiv verksemda vidare heilt til han døydd 1979.

I Folkestadbygda dreiv Anders Folkestadås (1865-1914) som bygdefotograf ei tid rett etter århundreskiftet, og også Knut Nautvik og Anders Folkestad var tidleg ute med å ta bilete herifrå.



Fotografi av Berta (Birte Sofie) Barstad kring 1910. Vi ser ungdommar i Volda. Framme frå venstre Nutta Krumsvik og Gjertrud (Gjerta Brænde. Bak heilt til høgre står Ole Drabløs, og framfor han sit Helena Andersen, gift med maskinist Sigurd Andersen. Dei poserer i fotoatelieret som låg i Seljebakken med reiseveske og ryggsekk. Kanskje er gjenstandane i biletet med på å understreke mobiliteten og utferdstrongen til ungdomen i tida?

Hornindal har også ei rik fotohistorie med mange fotografar som har late etter seg verdifulle bilete som fortel om landskap, bygningar, hendingar og folk tilbake til slutten av 1800-talet og framover mot vår tid.



Nils Trost Nielsen (1822-1890), son til sokneprest Niels Nielsen i Eid og Hornindal, fotograferte i Hornindal kring 1860. Han slo seg ned som fotograf på Nordfjordeid etter å ha verka i Ålesund ei tid.

Jacob Kirkhorn, f. 1841, lærte seg fotoyrket i Bergen i ung alder. Det har vore sagt at han fotograferte i Hornindal kring 1860, før han etablerte seg som fotograf i Molde i 1869.

Lars E. Brendefur (1855-1946) skal ha lært seg lært seg fotografering i Ålesund i ungdommen. Han fotograferte ein del i Hornindal og let etter seg ein del glasplater som no er borte.

Ole Marius Holmøy (1855-1913), styraren på Holmøy Arbeidsskule, etterlet seg mange glasplater som visstnok no før det meste er borte, men ein del kopiar av fotografia finst.

Anders B. Grodås (1870-1840) hadde fotoatelier i Hornindal. I ein tiårs periode fram til 1894 fotograferte han mellom anna i Hornindal, Hellesylt, Geiranger og Hopland. I 1894 utvandra han til Amerika og etterlet seg 850 glasplater.

Peder P. Lødemel (1865-1915) lærte seg fotokunsten i Amerika. Han vende heim i slutten av 1890-åra og fotograferte ein del i Hornindal (270 glasplater), som no er digitaliserte. Då han døyde i 1915, overtok enkja hans Kristianna (seinare gift Kongsvik, 1874-1945) fotograferinga etter han. Ho etterlet seg om lag 800 galsplater som Lars R. Lunde har digitalisert. Dette er ei svært verdifull samling frå første halvdel av 1900-talet.

Rasmus J. Brendefur (Sollid) (1874-1935) hadde om lag 350 glasplater i fotosamlinga si. Desse platene vart kopierte til lysbilete av Lars R. Lunde og finst no i fotosamlinga i Sogn og Fjordane/Vestland.

Rasmus O. Frislid (1886-1973) i Heggjabygda (tidlegare Hornindal kommune, no Stadt kommune) fotograferte frå 1910 og utover ei tid. Motiva hans er særleg Heggjabygda. Glasplatene hans (70) vart seinare førte over til lysbilete av fotoarkivar Ragnar H. Albertsen ved Fotoarkivet i Sogn og Fjordane.

Rasmus S. Kirkhorn (1886-1965) lærte seg fotokunsten i Ålesund då han deltok i gjenreisninga av byen i 1905. Han fotograferte mykje i Hornindal og var særleg aktiv i perioden 1910-1914. Mange av glasplatene er no borte, men om lag 350 stk. er ført over til lysbilete, delvis identifiserte og er i dottera Gunnhild Humborstad si eige.

Matias S. Heggen (1890-1990) var ein ivrig fotograf som etterlet seg om lag 680 bilete. Desse er i dag i Fotoarkivet til Sogn og Fjordane/Vestland.

Emil Gausmel (1907-1990) fotograferte både før 2. verdskrig og under krigen, då tok han mange foto som vart brukte i pass. Fotosamlinga hans (700) er no i Fotoarkivet i Sogn og Fjordane/Vestland.

Hermann Vellene (1910-1981) fotograferte ein del i mellomkrigstida, delvis i samarbeid med Lødemel Bokhandel som lånte han fotoapparat den første tida og sytte for ekspedering av film/kopiering. Mange av bileta som ha fotograferte finst rundt om i heimar i Hornindal.



Odd L. Bøe (1920-xxxx) fotograferte ein del i Kjør-området før han busette seg på Faleide i Stryn. Album med bileta hans er på Faleide.

Halfdan Lødemel (f.1952) har vore ein svært aktiv fotograf dei siste 60-70 åra, nesten fram til no. Mellom anna tok han svært mange fotografi for å dokumentere Hornindal kring tusenårsskiftet. Desse førte han over til lysbilete. Bileta er disponerte av han.

Brørne Ragnvald Espe (1927-2006) og Arne Espe (1934-2017) fotograferte ein del frå 1950-åra og utetter, delvis til Sunnmørsposten.

Lars R. Lunde (f.1945) tok til å interessere seg for fotografering i 1972 då han kom over glasplater frå Anders B. Grodås. Den første innføringa i fotokunsten fekk han av Halfdan Lødemel, og den første tida nytta han utstyr som Halfdan hadde. Han tok til med å kopiere glasplater etter Anders B. Grodås. Etterkvart kopierte han også glasplatene til mange andre fotografer i Nordfjord, og gjennom utstillingar og facebook-presentasjonar har han fått identifisert mange av motiva. Lars R. Lunde bygde opp «Foto Historisk Arkiv», ei samling som no er deponert på Fotoarkivet til Sogn og Fjordane/Vestland. . Fotoarkivar Ragnar H. Albertsen ved fotoarkivet der, har i ein artikkel i Årbok for Nordfjord 1995 karakterisert Lars R. Lunde som ei pioner når det gjaldt å finne fram til, ta vare på, kopiere og identifisere foto etter 30 fotografer frå Nordfjord, og at pionerinnnsatsen for alvor sette fotobevaring på kulturkartet. Albertsen skriv vidare at «Foto Historisk Arkiv» er av «uvurderleg betydning», og at utan denne samlinga «hadde tilfanget av originalt fotomateriale etter

fotografane i Nordfjord vore avgrensa». Biletsamlinga i «Foto Historisk Arkiv» har vore og vil vere ein verdifull leverandør av bilete til mange lokale skrift og bøker i Nordfjord. Gjennom den såkalla «Foto-Doktoren» har Lars R. Lunde og spesialisert seg på å betre kvaliteten på mange gamle bilete til glede for mange i notid og ettertid. Sidan byrjinga av 1980-åra har han budd på Nordfjordeid.

Hornindal kommune tok aktivt del i innsamling og registrering av foto i samarbeid med Fotoarkivet i Sogn og Fjordane i åra kring 1990. I 1995 hadde i alt 1500 bilete frå Hornindal vorte avfotograferte og registrerte ved Fotoarkivet i fylket. Fleire har gjort videoopptak i nyare tid.

Stadnamn

Ved Distriktshøgskulen/Møreforskning vart det i 1970-åra gjennomført eit større prosjekt med innsamling av stadnamn i alle kommunane i fylket. Det var Peter Hallaråker som var fagleg ansvarleg for dette innsamlingsarbeidet. I tidlegare Volda kommune vart innsamlinga gjennomført 1976-78, og det var Rønnaug Ryssdal som stod for den praktiske innsamlinga. Grovt sett vart namna samla inn ved samtale med eldre folk i bygdene. Så langt råd vart namna kartfeste på Økonomisk Kartverk (ØK), det vart laga lydbandopptak av den lokale uttalen og namna vart så katalogiserte med både uttale, tyding (om nødvendig) og særskilte historier ein kunne knyte til namnet eller staden. For tidlegare Volda kommune sin del vart det samla inn heile 18 250 namn!

I samband med Busetnadssoga for Volda vart ein del av namna overførte til teikneprogrammet Ocad8 og brukt som kart-illustrasjonar i bokverket, men denne namneskatten er til no ikkje overført til dei kommunale kartprogramma.

Også i tidlegare Hornindal kommune er det registrert ei rekkje stadnamn, sjå på www.fylkesatlas.no.

Bunad- og folkedraktskikk

Bunad er ein sentral identitetsberar for mange, og nye generasjonar brukar bunad. I Volda har bruk og tilverking av bunadar lange tradisjonar og det er og har vore mange lokale bunadstilverkarar. Voldakvinna Synnøve Riste var ei av dei første kvinnene i Norge som begynte å bruke dei lokale folkedraktene som bunad. Oline Vassbotn Drabløs var sentral i å ta vare på gamle plagg som seinare har danna grunnlag for nye bunadar, slik som bunaden for Søre Sunnmøre (Dalsfjordbunaden) (1928) og den rekonstruerte Sunnmørsbunad (1990). Den lokale draktskikken har mange uttrykk og gamle plagg finst både i musea sine samlingar og i privat eige. Mange av dei er registrert i Norsk institutt for bunad og folkedrakt sitt arkiv. Volda Husflidlag held kurs i tilverking av bunad for dei som vil lære å sy og brodere. Anne Kristin Moe har gjennom si forskning har gjeve ny kunnskap om bakgrunnen for dei lokale bunadstradisjonane.



Dette bunadslivet var utgangspunkt til ei av bunadene som Oline Vassbotn Drabløs konstruerte. Denne bunaden blir i dag kalla Dalsfjordbunad eller Søre Sunnmøre bunad. Foto: Line Iversen/Sunnmøre Museum.



Kometland

I åsen bak byggefeltet på Klepp, bygde Knut B. Aarseth opp eit astronomisenter for studie av himmelromet. Her er det stadig innom interesserte som vil studere planetar og stjerner til ulike deler av året. I 2017 fekk observatoriet på plass eit nytt superteleskop (finansiert ved kronerulling) som ville gjere at ein kunne sjå objekt som ligg 8-10 milliardar lysår vekk. Knut B. Aarseth oppdaga ein ny komet 16. november 1989, som sidan har fått hans namn: komet Aarseth-Brewington 1989w1.

A comet for Christmas

Alan Pickup

THE newly-found Aarseth-Brewington comet should brighten rapidly this month as it sweeps southwards through Ophiuchus in our morning sky, perhaps to become a naked eye object before it dips too far south to be seen from Britain.

Its path is plotted on our star map, with its position marked every fifth morning. The stars near the middle of the map rise in the east at 05.00 tomorrow and at 04.00 on Christmas Day, climbing to reach the places shown above the ESE to SE horizon at day-break tomorrow and by 07.00 on Christmas Day.

Most of the brighter stars plotted are of the second magnitude, while the fainter ones are of the fourth.

The comet was close to the ninth magnitude on November 16 when it was discovered by amateur astronomers in Norway and the United States. As it moves towards Perihelion on December 27, 45m km from the Sun and 140m from the Earth, it is doubling in brightness every four days or so.

The path is definite, but predictions of its brightness and appearance are very uncertain, although it is likely to develop an

upwards pointing tail. It may reach the sixth magnitude by December 20 and the fourth on about December 20 when it moves inside Mercury's orbit and

crosses the star Zeta Ophiuchi. It may be brighter than the third magnitude by Christmas morning, but by then it will be low and difficult in the SE twilight.

COMET AARSETH-BREWINGTON

Path of Comet
Path of Mars

ESE HORIZON SE

Komet Aarseth-Brewington 1989w1 blei også omtale i utanlandske aviser, her får den britiske avisa *The Guardian*, 8. desember 1989.



Handlingsplan

Tiltak	Kostnad	Ansvar	Sam- arbeids- partnerar	Når
Innarbeide omsynssoner		Avdeling for utvikling		Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Kommentar	Det er innarbeida omsynssoner for prioriterte kulturminne i kommunedelplanen for tidlegare Volda kommune. Kulturminne i tidlegare Hornindal og Ørsta kommunar er ikkje gjevne omsynssoner. I kulturminneplanane for dei to tidlegare kommunane er det foreslått å innarbeide omsynssone for følgjande kulturminne: Hornindal: • Smie på Ytrehorn • Gardsanlegg på Kirkhorn • Kvernhus på Lødemel • Ryggjene • Honndøla bru • Minnestein etter Lars Hjelbakk • Skaret- gammalt tun • Kirkhorn skule Ørsta: • Tueplassen (stova), Bjørke, Hjørundfjorden • Garnsykje, Viddal, • Hjørundfjorden			
Formidling, skilting og skjøtsel		Avdeling kultur		Arbeidet kan starte etter vedtak av planen

Kommentar	Utarbeide ein tiltaksplan for formidling, skilting og skjøtsel. Planen må velje ut kulturminne som skal prioriterast og skildre kva tiltak ein vil setje i verk.			
Oppdatering av lista over kulturminne som er med i planen		Avdeling kultur		Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Kommentar	Sørgje for ei årleg oppdatering av lista over prioriterte kulturminne. Opprette eit system for mottak av tips til nye kulturminne på lista eller om nokre bør fjernast. Ved neste rullering skal innspel frå høyringa vurderast: • Bjørke kyrkje- minnesmerke • Sætre- liten bauta med innhogde spiralar, datert eldre enn vikingtid • Kalnes- fleire steiner som gir mistanke om kulturelt sentralitet • Kalnes- kvernhus bakom det gamle fiskeanlegget • Leira- kvernhus ved littleelva, 150 m opp frå dei nedste gardane • Meir om skriftkultur i Hornindal			
Verdivurdering, kartlegging og kartfesting		Avdeling kultur	Sogelag	Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Kommentar	I den tematiske kommunedelplanen for tidlegare Hornindal kommune er det peika på fleire område og tema der ein bør gå inn å kartleggje enkeltminne og velje ut kulturmiljø som bør vere med på lista over prioriterte kulturminne- og miljø ved neste rullering: • Kulturlandskap: Rapport nr. 12 KULTURLANDSKAP I SOGN OG FJORDANE tek føre seg kulturlandskap og kulturmarkstypar i Hornindal. Eit utval av kulturlandskap skal inn i lista over prioriterte kulturminne/miljø. • Registrere og kartfeste enkeltminne i kulturmiljøet Demma-Haugen • Gjennomgang av bygningar innan følgjande kategoriar: utmarksløe, gardsfjøs, staurhus, kalvefjøs, eldre fjøs/lade,			



	stampe, stabbur, eldhus/ vaskarhus, meieri og nordfjordstove. Eit utval av bygningar innan desse kategoriane skal inn i lista over prioriterte kulturminne.			
Overføre lokale stadnamn til kommunale kartverk		Avdeling for utvikling og avdeling kultur		Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Innarbeide fritak for eigedomsskatt for bygg av lokal, regional og nasjonal verdi		Avdeling for utvikling		Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Oppdatering av SEFRAK-registeret	Ikkje kjend		Møre og Romsdal fylkeskommune, sogelag, grendelag	Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Utarbeide eit pedagogisk opplegg til bruk i skule der elevar lærer om kulturminne og kulturmiljø, kulturhistorie og å finne, registrer og ta vare på kulturminne		Avdeling for kultur	Skular	Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Kulturminnepris (inkl. immaterielle kulturminne)		Avdeling kultur		Arbeidet kan starte etter vedtak av planen

Kommentar	Prisen behøver ikkje bli utdelt kvart år, berre når ein har gode kandidatar.			
Sikring og forvaring av fotoarkivet innsamla i samband med arbeidet med Busetnadssoga for Volda kommune	Ikkje kjend	Avdeling kultur	Fylkesfoto arkivet i Møre og Romsdal, Stiftinga Sunnmøre Museum og Høg- skulen i Volda ved Arnfinn Kjelland.	Arbeidet kan starte etter vedtak av planen
Kartfeste kulturminne av lokal verdi i Askeladden		Avdeling kultur		2022
Kommentar	Dei fleste kulturminna er kartfesta i Askeladden, men for nokre er det behov for kartlegging og synfaring.			

Referansar

Skrivne kjelder



Dalsfjord Sogelag: *Minne frå Dalsfjord 2003-2016*.

Døssland, A. 1990: *Med lengt mot havet. Fylkest historie for Møre og Romsdal bd 1; 1671-1835*, Oslo 1990.

Ekroll Ø. og P. Eide 2012: *Summørskyrkjene – historie, kunst og arkitektur*. Årbok for Sunnmøre 2012, Larsnes.

Ellingsen, G. 2000: «*Glede og velnøye spreidde seg*». *Tussa kraft 1949-1999*. Hatlehols Trykkeri AS.

Fet J. 2006: *Eksetiana. Aarflots Prenteverk 1809-1935. Bibliografi og kulturhistorie*. Oslo 2006

Folkestad, J 1997-2008 (red): *Folk og fortid i Folkestadbygd*, 3 band, 1997-2008.

Flatmark, J. O. 1994: *Sunnmøre i Festung Norwegen. En oversikt over tyst virksomhet 1940-45*. Snøhetta forlag.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2012: Rapport 8-12.

Gardshol, L.M. 2016: *Gårdsøl. Det norske ølet*. Cappelen Damm.

Grøvik, I. 1977: *Hjørundfjord. Kultursoga II*. Hjørundfjord bygdeboknemnd.

Hallaråker, P. 1995: *Stadnamn i Møre og Romsdal. Innsamling, teori, metode og formidling*. Forskningsrapport nr 8, Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda 1995.

Historisk årsskrift: Hornindal historielag (30 utgåver i 2015).

Hornindal kommune 2016: «Frå bru til bru_vegen gjennom Hornindal. Frå generasjon til generasjon_ veggen gjennom kulturhistoria». Tematisk kommunedelplan for Kulturminne_Kulturmiljø 2016-2019.

Hornindal kommune 1992: Plan for vern av kulturminne i Hornindal, Bygningsvern Fylkeskultursjefen i Sogn og Fjordane.

Hustad, J. 2020: *Krafttaket på Bjørke*. Tussa energi.

Hustadnes, V. 2005: *Sæterliv i Voldafjell. Sætrar langs Austefjorden frå Fylsvik til Volda*. Austefjorden.

Hustadnes, V. 2007: *Sæterliv i Voldafjell II. Sætrar i Bjørkedalen – Folkestad – Dalsfjorden*. Austefjorden.

Førde, A. M. og N. S. Kjerstad: Semesteroppgåve: «Bårferdsle på Hornindalsvatnet».

Kjelland, A., G. Andenes, E. Høidal, K. Hasle og O. Myklebust 2005-2012: *Busetnadssoga for Volda*, 7 band, Volda 2005-12.

Kornberg, L. 2004: *Hilsen frå Volden. Ei bildebok frå gamle Volda 1862-1938*. Volda 2001.

Lars (Lasse) Kornberg (posthumt): *Volda er Volda. Biletbok slik det ein gong var 1935-1975*. Volda 2004.

Lotsberg, I., J. H. Egset, G. Børseth og H. Kvangarsnes: «*Gatå*». *Halkjelsgata – framvekst og framtid*. Volda 1980.

Lyngnes S. 1983: *Dalsfjord, Bygda, Gard og ætt*, Volda 1967, 2. opplag Volda 1983.

Løseth A. 1996: *Likskap og lagdeling. Fylkest historie for Møre og Romsdal bd 3; 1920-1972*, Oslo 1996.



Nerbøvik J. 1996-2004: *Volda-soga 1800-1945*, 4 band, Volda 1996-2004.

Olsen Reite O. J. 1979: *Chronologie eller Tids-Regning*, Folkestad – Sandane 2009. Snorre Sturluson: *Noregs kongesoger*, Jubileumsutgåva 1979.

Sogn og Fjordane distriktshøgskule: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Hornindal kommune. Rapport nr. 12 Bruk og Vern, Sogn og Fjordane distriktshøgskule, Avdeling for landskapøkologi.

Strømme, L. og R. Standal 1990 : *Hjørundfjordboka Band IV. Gard og Ætt*. Egset Trykk AS.

Strømme, L. og R. Standal 1988 : *Hjørundfjordboka Band III. Gard og Ætt*. Ørsta Trykkeri.

Sunnmørspostens Forlag: *100 år 100 navn. Personer som har preget hundreåret på Nordvestlandet*. Ålesund 2000.

Tomasgaard P. O 2010: *Hornindal idrettslag 1910-2010*. Hornindal 2010.

Tomasgaard P. O 2021: *Frå tavle og griffel til datamaskin. Skulehistorie for Hornindal 1739-2019*. Hornindal 2021.

Torvik, A. I. 2000: *Om samferdsel i Møre og Romsdal*. Møre og Romsdal as 2000.

Tvinnereim J. 1992: *Grotid i grenseland. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal bd 2; 1835-1920*, Oslo 1992.

Tvinnereim, K. 2010: *50 år med Hornindal spelemannslag. Jubileumsskrift*. Solglimt Trykkeri AS, Sandane.

Ugelvik-Larsen S. og J. Sulebust (red): *I balansepunktet. Sunnmøres eldste historie*, Ålesund 1994.

Volda Bygdeboknemnd: *«Erindringer frå Krigsaarene 1803-1814»*.

Volda 1982. Volda Bygdeboknemnd: *Rasmus J. Wasbotn: Tids-Register*. Volda 1980.

Volda Bygdeboknemnd: *Tre ættebøker frå Bjørkedalen*, Volda 1983.

Voldaminne. Tidsskrift for Volda sogelag, 1917-2016.

Ørsta kommune 2017: *Kommunedelplan Kulturminne og -miljø 2017-2025*.

Ørsta kommune 2013: *Kjerneområde- landbruk*.

Øyehaug, Rørhus, I. 1995: *Symmøve Riste. «Fjøyra som dreiv»*. Målstrid og kulturkamp i 1880-åra. Sunnmøre museum 1995.

Årviknes P. 1970-1973: *Voldasoga, Gardar og slekter* 3 band, Volda 1970-73.

Kjelder på nett:

Askeladden: www.asketadden.ra.no

Kulturminnesøk: www.kulturminnesok.no

Gislink Møre og Romsdal: www.kartportal.no

Allkunne- levande leksikon: www.allkunne.no

Kulturhistorisk leksikon, Sogn og Fjordane: www.leksikon.fylkesarkivet.no



Tuntreet

Du stod der i tunet og logna
for heimen dei hundrar av år,
og enno so lauvrikt og truge
med røtene djupe du står.

Du luna når storflaga susa
i vern for det tun som var ditt,
og når krana i vårdagen grønkast,
sat staren og song der so tidt.

Du barnet såg leika ved rota
og fram gjennom mognande år,
til gamlingen rusla med staven
i tunet med kvitnande hår.

Du var med i feststund og gilde
i helsing til ungmøy og gut,
du var med i ferda den siste,
når båra frå heimen drog ut.

Du var med og nørde dei røter
som batt til den heimkjære jord,
og difor eg hugvarmt deg helsar
og gjev deg eit takkande ord.

Anders Vassbotn



Vedlegg- liste kulturminne

Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Arkeologiske kulturminne				
Kulturminne ID 227075	96/1	Olavskjelda, Kile	Mellomalder	Nasjonal
Kulturminne ID 25664	149/3	Dravlaus, gravrøys,	Jernalder	Nasjonal
Kulturminne ID 45599	7/12	Rotevatn, gravrøys	Jernalder	Nasjonal
Kulturminne ID 45600	72/1	Skinnavika, gravrøys,	Jernalder	Nasjonal
Kulturminne ID 147253	93/3	Steinkrossen på Kile	Mellomalder	Nasjonal
Kulturminne ID 100875	205/6	Busetnadsspor på Kirkhorn	Mellomalder	Nasjonal
Kulturminne ID 25918	172/2, 179/8, 178/0	Gytleskotet	Steinalder-bronsealder	Nasjonal
Kulturminne ID 121328	172/2, 179/8, 178/0	Gytleskotet	Steinalder-bronsealder	Nasjonal
Kulturminne ID 25667	3/5	To gravrøysar på Kråkeneset på Lid	Jernalder	Nasjonal
Kulturminne ID 147324- og 5	167/3	Steinalderbuplass på Furneset	Yngre steinalder	Nasjonal
Kulturminne ID 55338	86/2	Vikinggrava på Nausthaugen, Bjørnaset	Jernalder	Nasjonal
Kulturminne ID 267647	96/2	Kjempegrava, røys på vestsida av Nedstevatnet ved Kile	Jernalder	Nasjonal
Kulturminne ID 214263	135/2	Bogestø under fjellet Blæja mellom Volda og Vanylven	Førreformatorisk tid	Nasjonal
Kulturminne ID 100808	181/8	Vellene 3, Lødemel	Jernalder	Nasjonal
Kulturminne ID 45596	70/1	Anfinnsvollen, Fyrde	Jernalder	Nasjonal
		B7799: Arm- eller halsring og armbøyle av sølv		
Kyrkjer og kyrkjestader				
Kulturminne ID 83823	47/14	Austefjord kyrkje	1879	Nasjonal
Kulturminne ID 84633-3	205/2	Homindal kyrkje	1856	Nasjonal
Kulturminne ID 84633	205/2	Homindal kyrkjestad	Mellomalder	Nasjonal
Kulturminne ID 84020	149/5	Dalsfjord kyrkje	1910	Regional

Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Kulturminne ID 84772	89/19	Kilsfjord kyrkje	1974	Regional
Sjå fleire enkeltminne under Kulturmiljø og kulturlandskap				
Jordbruk, utmarksdrift og fiske				
Kulturminne ID 87304	7/3	Stabbur på Arnegarden, Eikrem	Seinmellomalder	Nasjonal
Kulturminne ID 87307	167/5	Røykstove i Velsvika	1600-talet	Nasjonal
Kulturminne ID 87303	13/1	Gardstunet på Nedre Ekset	1800-talet	Nasjonal
Kulturminne ID 87305	39/1	Bukkebuda, Hunneset	1500-talet	Nasjonal
Kulturminne ID 87646	205/6	Grindbygd låve på Kyrkjhorne	15/1600-talet	Nasjonal
Kulturminne ID 87349	207/1	Stove/nystove, Grothaugen	1620	Nasjonal
Kulturminne ID 87350	208/1	Eldhus, Lida	1689	Nasjonal
Kulturminne ID 133457	82/1	Steingardar på setrane i Høydalen	Førreformatorisk	Nasjonal
Kulturminne ID 227400	116/1	Rønnestadbakken, Folkestad	1800-talet	Regional
Kulturminne ID 227388	160/7	Stove på Ulvestad, Lauvstad	Uviss	Regional
Kulturminne ID 227413	144/1	Korsfurtunet og Brunebuda, Indre Dravlaus	Uviss	Regional
Kulturminne ID 1xxxx		Steingardar i Vikebygda	Uviss	Regional
Kulturminne ID 227414	91/2	Smie, Samundegarden i Nøre Bjørkedalen	Uviss	Regional
Kulturminne ID 227418	79/1 m.fl	Nothenge, Høydalen	Uviss	Regional
Kulturminne ID 227359	91/1 m.fl	Fladalsetra	Uviss	Regional
Kulturminne ID 227375		Storlida	Uviss	Regional
Kulturminne ID 227429		Felden	Uviss	Regional
Kulturminne ID 2xxx	66/3	Krusebakken, Sunndalskleiva, Austefjord	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 3xxx	83/1	Våningshus, Rusten, Austefjord	1855	Lokal
Kulturminne ID 4xxxx:	65/1	Gardstun med eldre stabbur og løe, Sunndalen	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 5xxxx	46/18	Timbreneset 6, Austefjorden	1800-talet	Lokal



Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Kulturminne ID 6xxxx	205/6	Gardsanlegg på Kyrkjhorne	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 7xxx	214/1	Gardsanlegg, Jutdal	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 8xxxx:	180/4	Tunet på Skardet	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 9xxxx	178/3	Smie, Ytrehorn	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 10xxx	181/6, 8, 13	Kvernhus, Lødemel	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 11xxxx:	178	Naustmiljø på Ytrehorn	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 28519	94/1	Vassbruksmiljø, Eidseflot	1700/1800-tal	Lokal
Kulturminne ID 12xxx	94/1	Gardstun på Eidseflot	1600-talet	Lokal
Kulturminne ID 13xxx:	147/1	Gardstun, Dravlauslida	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 14xxx:	149/1	Kvernhus, Dravlauselva, Ytre Dravlaus	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 15xxx	116/3	Kvernhus, Folkestad	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 16xxx	92/	Steingard, Helset, Bjørkedalen	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 17xxx	135/2	Dansen seter	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 18xxx:	95/3 m.fl	Laurdalssetra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 19xxx	145	Nystølen, Dravlausdalen	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 20xxx:	148, 146	Gamlestøylen, Dravlausdalen	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 21xxx	55, 56, 57	Kvívsetra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 22xxx	26, 27	Rotevassetra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 23xxx		Rotsetsetrane	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 24xxx	35, 36, 37, 38	Hjartåsetra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 25xxx	59/fl. bruk	Grøndalen	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 26xxx		Rinddalsetra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 27xxx		Helsetsetra (Nørdalssetra/ Ottardalsetra og Helsetsetra)	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 28xxx		Nysetra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 29xxx	107, 108, 109, 110	Hamna, seter	Uviss	Lokal



Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Kulturminne ID 30xxx		Stranda, seter	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 31xxx	132, 133,134	Tryfta, seter	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 32xxx	199, 200	Strynesetra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 33xxx	182,183, 184	Bruasetra, seter	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 34xxx	181, 183	Storsetra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 35xxx	187, 188, 189, 190 191,192,193, 194,	Hjortedalssetra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 36xxx	195	Hornindalssetra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 37xxx	202, 1, 2	Sætremyrane naturreservat	1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 38xxx		Vetestove på Ytrehornsnakken	2003	Lokal
Kulturminne ID 39xxx:		Sankekvie, Raftevold	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 40xxx		Vårfjøsar, Timberhaugen	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 41xxx:		Steingard, Folkestad	Uviss	Lokal
Kulturminne ID42xxx:		Torvgard, Åseskaret til Sætreåsen	17/1800-talet	Lokal
Sjå fleire enkeltminne under Kulturmiljø og kulturlandskap				
Kulturell infrastruktur- skular, forsamlingshus og kulturanlegg				
Kulturminne ID 227368	146/8	Dalsfjord gamle skule, Dravlaus	1872	Regional
Kulturminne ID 227403	1/2	Førstegenerasjons fastskulehus, Yksnøya	1910	Regional
Kulturminne ID 43xxx	205/8	Kirkhorn skule	1939	Lokal
Kulturminne ID 119xxx	30/34	Hjartå skule	1900	Lokal
Kulturminne ID 44xxx	56/19	Kalvatn skulestove	1894	Lokal
Kulturminne ID 45xxx	140/3	Innselset skule	1906	Lokal
Kulturminne ID 46xxx		Velsvik skule	1907	Lokal
Kulturminne ID 47xxx	204/13	Dølheim, Lønje	1920	Lokal
Kulturminne ID 48xxx	191/10	Ljosvang, Bakke	1918	Lokal



Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
		Skulemateriell utvikla av to frå Hornindal		Lokal
Kulturminne ID 50xxx		Fura- idrettsplass	1927	Lokal
Kulturminne ID 138xx		Siklebakken, hoppbakke	1900-talet, andre kvartal	Lokal
Kulturminne ID 139xx		Kortemyra, hoppbakke	1900-talet, andre kvartal	Lokal
Kulturminne ID 140xx		Kråkenakken, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 141xx		Grøndalsbakken, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 142xx		Lomstjønnsnakkebakken, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 143xx		Åsnipa, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 144xx		Røyshyttebakken, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 145xx		Myrbergbakken, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 146xx		Håmyrsbakken, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 147xx		Lida, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 148xx		Sniglen, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 149xx		Barstadmarka, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 150xx		Gjølet/Hola, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 151xx		Skarebakken, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 152xx		Furunakkteigen, hoppbakke		Lokal
Kulturminne ID 153xx		Vasslida, hoppbakke	1900-talet, andre kvartal	Lokal
Kulturminne ID 154xx		Flommen, alpinanlegg	1900-talet, tredje kvartal	Lokal
		Sjå fleire enkeltminne under Kulturmiljø og kulturlandskap		
Næring og teknisk industrielle kulturminne				
		Båtbygging, Bjørkedalen		Nasjonal
Kulturminne ID 227376	95/1, 11, 18	Oppgangssag, Bjørkedalen		Regional
Kulturminne ID 227428	58/17	Glimmerbrot, Osdalen	1800	Regional
Kulturminne ID 51xx		Brønne Mineralvatn	1925	Lokal



Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Kulturminne ID 52xx	205/7,1	Industribygg II- «Gro-bygget»,	1960-talet	Lokal
Kulturminne ID 274571	203/1,2 m.fl	Thomasgardssaga, Brattegjølet-Sagelva	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 53xx		Demme- Haugen	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 54xxxx		Høydal snikkarverkstad	1932	Lokal
Kulturminne ID 55xxxx:		Hjelle & Dale Møbelfabrikk A/S	1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 56xxxx:		Møre Skofabrikk AS	1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 57xxxx		Sandtak i Geitvika	1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 58xxxx:		Sandtak i Skinnvika	1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 59xxxx		Langvatnet, Austefjorden	1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 60xxxx		L/L Vik Båtbyggeri	1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 61xxxx		Frossen-is	1900-talet	Lokal
Sjå fleire enkeltminne under Kulturmiljø og kulturlandskap				
Samferdsel, handel, service og kommunikasjon				
Kulturminne ID 271671		Den Trondhjemske postvei gjennom Hornindal	1800-talet	Regional
Kulturminne ID 272198		Den Trondhjemske postvei gjennom Hornindal	1800-talet	Regional
Kulturminne ID 272202		Den Trondhjemske postvei gjennom Hornindal	1800-talet	Regional
Kulturminne ID 272203		Den Trondhjemske postvei gjennom Hornindal	1800-talet	Regional
Kulturminne ID 272198-3	182/5	Storebrua / Gamle Rødemel bro	1800-talet	Regional
Kulturminne ID 272203-16	193/18	Honndøla bru	1800/1900-talet	Regional
Kulturminne ID 227391		Postvegen over Stigedalen	Uviss	
Kulturminne ID 62xx	93/1,2	Posthytta, Almfoten	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 63xx		Den gamle telelinja over Kjøsehalsen	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 64xx		Inntaksstolpe til telefonstasjon, Grodås	1993	Lokal
Kulturminne ID 65xx		Ferjestaden i Kjøsapoljen	1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 66xx		Ferdsleveggen frå Vassbakkedalen til Stårheim	Uviss	Lokal



Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Kulturminne ID 67xx		Gamal veg rundt Kjøshammaren	1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 68xx		Gamal veg over Ryggjene	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 69xx		Kvivråsa	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 274547		Den gamle bygdevegen Tomasgard til Seljeset	Uviss	Lokal, uavklart verneverdi
Kulturminne ID 70xx		Nakkebryggja, sti, Oksehamna/ - beiteområde	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 71xx	26/12	Aldersheimen (no Huset vårt), Grodås	1937	Lokal
Kulturminne ID 72xx	206/17,61,65	Gamledelen på Räftevold Hotel, Grodås	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 73xxxx:		Gamlebuda i Løvika	1880-talet	Lokal
Kulturminne ID 74 xxxx		Kvelvingsbru over Kvernelva i Hjartåberga	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 75xxxx	144/1,2	Kvelvingsbru, Lisjebøen, Dravlaus	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 76xxxx		Merker etter steinbru over Langemyra	Uviss	Lokal
Kulturminne ID 77xxxx:		Alida, veg mellom Eikrem og Liabygda	1880-talet	Lokal
Kulturminne ID 78xxxx		Den gamle Austefjordvegen	1800/1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 79xxxx		Vegen over Stigedalen	1932	Lokal
Kulturminne ID 80xxxx		Steinsvika og Aksnes, Eidset og Indre Dale	1800/1900-talet	Lokal
Kulturminne ID 81xxx		Veg, Velsvik	1930-talet	Lokal
Kulturminne ID 82xxxx		Vegen over Heggjadalen	1960-talet	Lokal
Kulturminne ID 83xxxx		Veg, Geislida	1960-talet	Lokal
Kulturminne ID 84xxxx		Paddeskulpturen, Fyrde	2009	Lokal
Sjå fleire enkeltminne under Kulturmiljø og kulturlandskap				
Enkeltojekt, samlingar og museum				
Kulturminne ID 85xxxx	47/10	Årsetøysamlinga/Austefjord museum		Lokal
Kulturminne ID 86xxxx	206/26	Bilethoggar Anders Svor si kunstsamling og museum		Lokal
Kulturminne ID 87xxx		Bjørkedal båtsamling- Fjorefaret		Lokal



Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Kulturminne ID 88xxx:	146/18	Dalsfjord fyrmuseum		Lokal
		T-1047 Scania Vabis B56		Lokal
		MB «Dreng»		Lokal
Kulturminne ID 87303-1	13/1	Sivert Aarflot-museet		Lokal
		Sjå fleire enkeltminne under Kulturmiljø og kulturlandskap		
Krigsminne og minnesteinar				
Kulturminne ID 227112	2/68	Kystbatteriet på Berkneset	1940-1945	Regional
Kulturminne ID 89xxx	211/3	Urvikja skyttargrav		Lokal
Kulturminne ID 90xxx	205/3	Minnestein etter Lars Hjellbakk- spelemann og slåttekompont		Lokal
Kulturminne ID 91xxx	205/2	Minnestein til minne om dei tre falne i andre verdskrig, Hornindal		Lokal
Kulturminne ID 92xxx	205/13	Minnesmerke til minne om falne under napoleonskrigane, Hornindal		Lokal
Kulturminne ID 93xxx	178	Bauta på Ytrehornsnakken		Lokal
Kulturminne ID 94xxx		Bauta over Ottar Osdal, Austefjord		Lokal
Kulturminne ID 95xxx		Minnestein i Vassbotnen, til minne om Anders Vassbotn		Lokal
Kulturminne ID 96xxx		Bautastein på Folkestad, til minne om Per J. Sollid		Lokal
Kulturminne ID 97xxx		Bautastein i Bjørkedalen, til minne om dei frå Bjørkedalen som deltok i Napoleonskrigane		Lokal
Kulturminne ID 98xxx		Bautaen over Vika-Petter, Vika/Kalvassvika		Lokal
Kulturminne ID 99xxx:	146/18	Orkanmonument, Dalsfjord skule		Lokal
Kulturminne ID 100xx	107/70	Minnestein på Folkestad gravstad, til minne om Petter Åsebø		Lokal
Kulturminne ID 101xx		Minnestein ved forsamlingshuset Solheim i Dalsbygda, til minne om Einar Nordal Brune		Lokal



Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Kulturminne ID 102xx		Minnestein i Åmelfoten ved forsamlingshuset Høgtun, til minne om to skotske moskitoflygarar som vart skotne ned over Indre Dalsfjord under krigen		Lokal
Kulturminne ID 103xx	149/5	Bautastein ved Dalsfjord kyrkje, til minne om dei frå Dalsjorden som fall under 2.verdskrig		Lokal
Sjå fleire enkeltminne under Kulturmiljø og kulturlandskap				
Kulturmiljø og kulturlandskap				
Tettstaden Volda				
Kulturminne ID 85865	19/28	Halkjelsvik kyrkjestad	Mellomalder	Nasjonal
Kulturminne ID 85865	19/28	Volda kyrkje	1932	Nasjonal
Kulturminne ID 87308	29/1	Volda Prestegard	1800-talet	Nasjonal
Kulturminne ID 226834	19/1	Søre Sunnmøre Tingrett, Skrivargarden, Skjerva	1905	Nasjonal
Kulturminne ID 87306	30/9, 77, 344	Ristetunet, Nedre Rotset	1700-talet	Nasjonal
Kulturminne ID 87306-4	30/9	Garvarbuda	1838	Nasjonal
Kulturminne ID 277537	19/23	Kløvertun, Voldens Sanitetsforening	1967	Nasjonal
Kulturminne ID 169927	30/77	Rotsetfjæra, funnområde i sjøen med ballast-røys.	1600-talet	Nasjonal
Kulturminne ID 227349	30/1	Skrivargarden, Rotset	1816	Regional
Kulturminne ID 227425	19/23	Kårstadbygget	1922	Regional
Kulturminne ID 226922	18/12 m.fl.	Gamlegymnaset (Maurtua)	1851	Regional
Kulturminne ID 227094	18/208	Gamlegymnastikken	1921	Regional
Kulturminne ID 227412	29/1/21, 37	Volda elektriske Mylne	1927	Regional
Kulturminne ID 104xx		Halkjelsvik tettstad/gata	1800-talet	Regional
Kulturminne ID 105xx		Hauane, Volda sentrum	1880-1930	Lokal
Kulturminne ID 106x	19/284	Gamlebanken, Kyrkjegata 13,	1934	Lokal



Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Kulturminne ID 107xx	19/1033	Samfunnshuset, Storgata 14	1955	Lokal
Kulturminne ID 108x:	18/80	Idrettsbygget, Engesetvegen 34		Lokal
Kulturminne ID 109x	18/422, 209, 221,86:	Sveitserrekkja i Gamlevegen 4, 6, 12 og 14	1900-talet, 1.kvartal	Lokal
Kulturminne ID 110xxx		Evenshuset, Anders Vassbotnveg	1912	Lokal
Kulturminne ID 111xx	19/859	Espehuset, Anders Vassbotnveg 23	1932	Lokal
Kulturminne ID 112xx	19/2	Røysløda	1800-talet, 3. kvartal	Lokal
Kulturminne ID 113x		Plakatbuda	1800-talet, 4. kvartal	Lokal
Kulturminne ID 276080	19/564	Volda Jernstøyper, Elvadalen/ A/S Møre Støberi	1900-talet, 1.kvartal	Lokal
Kulturminne ID 114xx	29/19	Humberset Bil og Mekaniske Verkstad	1900-talet, 1.kvartal	Lokal
Kulturminne ID 115xx:	19/753,1029,805	Distriktshøgskulen	1900-talet, 3. kvartal	Lokal
Kulturminne ID 116xxx:	19/28	Volda ungdomsskule, Stormyra 2	1960	Lokal
Kulturminne ID 117xxx	19/451	Sjuehuset og hageanlegg	1900-talet, 2.kvartal	Lokal
Kulturminne ID 118xx	15/3	Pleieheimen, Ørstavegen 75	1912	Lokal
Kulturminne ID 119xxx	30/34	Volda bygdetun – Hau eleit, Lægdavegen 39		Lokal
Kulturminne ID 120xxx	19/482	Uppheimplassen, Gymnasvegen 2		Lokal
Kulturminne ID 121xxx	19/131	Svendsenbuda, Hamnegata 8	1800-talet, 4.kvartal	Lokal
Kulturminne ID 122xx:		Åslids Møbelfabrikk i Volda	1907	Lokal
Kulturminne ID 123xx		Volda skifabrikk, Røysbakken	1929	Lokal
Kulturminne ID 124xxx:		Volda mekaniske Verkstad	1900-talet, 1.kvartal	Lokal
Kulturminne ID 125xx		Den gamle ferjekaia i Volda, gnr. Bautastein ved Volda-kyrkja, til minne om voldingar som fall i krigen 1807-1814	1946 1914	Lokal
Kulturminne ID 126xxx:	19/28	Bautastein i Riste-tunet på Nedre Rotset, til minne om		Lokal
Kulturminne ID 127xxx	30/9,77, 344	Synnøve Riste		Lokal
Kulturminne ID 128xxx		Bautastein til minne om ekteparet Wilhelmine og Dr. Oscar N. Eng		Lokal



Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Viddal, Bjørke og Skjåstaddalen				
Kulturminne ID 87255	234/1, 9	Bakketunet på Akre, Bjørke	Mellomalder	Nasjonal
Kulturminne ID 87257	237/2	Stabbur, Fram-Saure, Larsgarden	1619	Nasjonal
Kulturminne ID 87256	238/2	Stabbur, Raudstad	1619	Nasjonal
Kulturminne ID 87258	240/2	Stabbur, Kristengarden, Skjåstad	1500-1550	Nasjonal
Kulturminne ID 276181	234/7	Telefonkiosk, Prillar Guri (Fastingskiosken / «Riks»	1900-talet, 2.kvartal	Nasjonal
Kulturminne ID 227405	242/1,2,3,4	Klyngjetun på Finnes, Bjørke		Regional
Kulturminne ID 227099	236/1	Stabbur, Ner- Saure, Knutegarden	Truleg før 1650	Regional
Kulturminne ID 237810-2	235/1	Tingstova på Tueplassen, Bjørke	Mogleg 1500-talet	Regional
Kulturminne ID 227392	235/3,5,6,2 m.fl	Naustrekkje på Bjørke	Mogleg 1500-talet	Regional
Kulturminne ID 227392- 2	235/5	Notanaust på Bjørke		Regional
Kulturminne ID 227331	235/1 m. fl	Bjørke, kvernhus	1800-talet	Regional
Kulturminne ID 85584	235/11	Bjørke kyrkje i Storfjorden	1920	Regional
Kulturminne ID 237810	235/1	Tueplassen	1800-talet, 3.kvartal	Lokal
Kulturminne ID 129xxxx:		Kvernhus, Ner- Saure, Skjåstaddalen	1763	Lokal
Kulturminne ID 130xxxx	240/1	Vassbruksmiljø og Haugarfjosen ved Sledalselva på Skjåstad		Lokal
Kulturminne ID 131xxxx	242/3, 4	Vårfjøs på Finnes		Lokal
Kulturminne ID 132xxxx	239/1,3	Klyngjetun, Mork, Skjåstaddalen		Lokal
Kulturminne ID 237829	230/1	Garnsykje, Viddal		Lokal
Kulturminne ID 133xxx	236/2	Naust, Saurvatnet	1800-talet	Lokal
Kulturminne ID 134xxxx:		Raustadbrua, Morkaelva		Lokal
Kulturminne ID 238292		Sauresetra, Sledalen		Lokal
Kulturminne ID 135xxx	234/5,6	Kalneset		Lokal
Kulturminne ID 136xx	230/8	Viddal skule	1905	Lokal



Kulturminne ID	Gnr.	Namn	Datering	Verneverdi
Kulturminne ID 137xxxxx	234/29	Erkehuset, Bjørke	1930-talet	Lokal

